

Årsmelding

2004



Leiarmøtet i M&R Bondelag på Åndalsnes 12. og 13. november var på fleire synfaringar i Rauma. Her frå besøk på garden til Per Devold (framme til høgre). FOTO: ARILD ERLIEN

**MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG**



**MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG**



Landbruket i Møre og Romsdal
står for ein tidel av grovfôrbasert
husdyrhald i landet og gir
Mat og Miljø frå levande Bygder –
og Arbeid til kvar tiande sysselsette

ÅRSMELDING

MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2004

Postadr:

Boks 2047
6402 Molde

Besøksadr:

Fannestrandv 63
(Felleskjøpet)

Tel: 71 25 65 55

Fax: 71 25 67 38

Mob: 907 29 582

Bankgiro: 3980 07 11308

Org nr: NO 939 678 670

e-post:

more.romsdal@Bondelaget.no

Heimeside på internett:

[www.bondelaget.no/
moreogromsdal](http://www.bondelaget.no/moreogromsdal)

INNHALD:

	Side
1. Årsmøtet 2004 og oversyn over tillitsvalde og arbeidsorgan	3
2. Arbeidet i styret	7
3. Nærings- og faglegpolitiske uttalar, pressemeldingar og innlegg	10
1. Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2004 - mars	10
2. Uttale til rovdryrmeldinga – januar	17
3. Uttale om odelslovutvalets innstilling - februar	18
4. Uttalar frå årsmøtet i M&R Bondelag - mars	18
5. Uttale til høyring kvalitetssystem i landbruket – april	19
6. Brev til fylkestinget – vær med og få M&R til å gro! – april	20
7. Ordførarbrev om jordbruksforhandlingane - mai	22
8. Uttale Regionalt Miljøprogram for jordbruket - september	22
9. Uttale til utfordringsdokument for ny fylkesplan - september	24
10. Uttale til Nye forskrifter om forvaltning av rovdyr – oktober	24
11. Uttale frå leiarmøtet om skattefritt sal av gardsbruk - november	25
12. Brev til bankene om rentenivået på driftskreditt - desember	25
13. Pressemeldingar og lesarinlegg	26
4. Næringspolitikk - verneplanarbeid, utmark, matmangfald, matkultur	28
1. Prosjekt «Landbruk og verneområder»	28
1. Uttale til verneplan for Reinheimen	28
2. Bondelagets forvaltningsplangruppe Dovre	30
3. Områdetiltaket «Eit opnare Geiranger»	31
4. Grenseendring for landskapsvernområde i Rauma	31
5. Kunnskapsgruppe Landbruk for Verneplan Smøla	32
2. Prosjekt utmark	32
3. Matmangfald – Lokal vidareforedling	33
5. Organisasjonsarbeid	36
1. Lokallag og medlemstal	36
2. Organisasjonssaker	37
3. Utadretta aktivitetar	43
4. Utvalsarbeid og prosjekt	48
5. Andre saker og representasjon	51
6. Fylkeskontoret	56
6. Melding om samarbeidsaktivitetar for samvirkeorganisasjonane	57
7. Rekneskap 2004 og budsjett 2005	58
8. Melding frå Bygdefolkets Studieforbund 2004	60
9. Oversyn over samarbeidande rekneskapskontor	62
10. Lokale Bondelag med leiar	63



Mørebenken på årsmøtet i Norges Bondelag på Hafjell i Øyer 16. og 17. juni. Foran frå v. Oddvar Tynes, Stranda, fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, Borghild Reenskaug, Haram, Ole Sigbjørn Iversen, Smøla, Lars Ole Gunnerød, Molde, og Anne Marie Nakken, Nesset. Bak frå v. styreleiar i Prior Norge, Rune Henning Haram, Haram, nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, Volda, styreleiar i Norsk Kjøtt, Harald Mork, Averøy og varaordførar i Norges Bondelag, Odd Chr. Stenerud, Giske. (Foto: Gunnar K. Wentzel).

1. Årsmøtet og oversyn over tillitsvalde og arbeidsorgan

1.1 Årsmøtet 2004

vart halde fredag 12. og laurdag 13. mars på Rica Parken Hotell i Ålesund

WTO-konferanse: Årsmøtet opna fredag 12. mars kl 10.00 – 15.45 med ein konferanse i kongressalen om: «Kva betyr WTO – forhandlingane for matproduksjonsfylket Møre og Romsdal?» Konferansen var i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge. Fylkesordførar Jon Aasen opna konferansen med å understreke verdien av landbruket i fylket, og berømna også Bondelaget for det gode arbeidet slik det gikk fram av årsmeldinga. Innleiingar var statssekretær i Utanriksdepartementet Thorild Widvey, styreleiar i Forum for miljø og utvikling Halle Jørn Hansen, nestleiar i Norges Bondelag Kari Redse Håskjold. På konferansen deltok vel 125 personar.

Miniseminar om næringsutvikling vart halde etter pause med stands og smaksprøver kl 16.45 – 18.30. Tema var Bondelaget som distriktsutviklar ved fagsjef Astrid Solberg. Landbruk Pluss vart presentert av rådgjevar Gaute Homb Lenvik frå Landbruksdepartementet. Elles hadde direktør Bjørn Tunheim i Innovasjon Norge ordet. Møteleiarar var Knut Sjømæling og Ole Syltebø.

Presentasjon av lokale matprodusentar: Der var ein flott presentasjon av lokale matprodusentar og lokal mat bak i salen. Der var Ragna og Magnus Skjerdal med geitost, Ivar Arne Vartdal med kjøttpølse, Signe Brenna representerte frukt- og bærprodukt frå Valldal Grønt, og Bjarne Kjøpstad og Gulla Gåsadal frå Tine Meieriet Vest med lokalt produserte varer. Gilde hadde ein pausemat som var utdelt.

Under middagen om kvelden var det premiering av lokallag for medlemsverving, Vestnes Bondelag som Aktivt Lokallag 2003 og avtakking av avtroppande fylkesleiar Knut Sjømæling (sjå omtale neste side).

Årsmøteforhandlingane vart halde andre dag, laurdag 13. mars. Det møtte i alt 63 personar med røysterrett, av desse 53 utsendingar frå 47 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret, 2 utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag, 1 frå M&R Bygdeungdomslag og 1 frå styret i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold.

Elles møtte æresmedlem Guttorm Kjelsvik og leiarkandidat Arne Magnus Aasen som inviterte gjestar, 4 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet, 3 frå fylkeskontoret og 8 gjestar frå samarbeidande organisasjonar og M&R fylke: landbruksdirektør Ole Syltebø, Anne Turid Myrbostad (Tine Midt-Norge), Jan Ove Tryggestad (TINE Meieriet Vest), Knut Hustad (Gilde BS), Erling Hjelset (Felleskjøpet), Ole Ø. Kvalheim (Nei til EU i M&R), Oddmund Vad (M&R Kjøttfelag) og Kolbjørn Taklo (fagkoordinator LHMS Vestlandet). Prior var representert ved Rune H. Haram (leiar Ytre Haram BL) og Norsvin ved Lars Erik Hubred (medl. valnemnda).

I alt deltok det 80 personar på årsmøtet laurdag, i tillegg media ved Aud Klingen Sjøvik frå Bondebladet og Malin Korsnes frå Sunnmørsposten.

Inviterte gjestar utanom seminarinnleiingarane som berre deltok på seminara første dag, var fylkesordførar Jon Aasen, direktør Bjørn Tunheim (Innovasjon Norge), direktør Kjell Dyb (Gjensidige Forsikring) og leiar Magnus Skjerdal (M&R Sau- og geitalslag)

Fylkesleiar Knut Sjømæling tok opp i si tale kostnadsreduserande tiltak i form av skatter og avgifter, viktigeita av å satse på rekruttering og betre investeringsverkemidlar til nye brukarar, det er viktigare enn nokon gong at vi som leverandørar står sa-



man i samvirke, krav om næringsutviklingsfond som kompensasjon for vern av store områder, EU-saka, norske forhandlingsposisjonar i WTO, lokal landbrukspolitikk er ei utfordring for kommunane og lokallaga våre, og at gratispassasjerane har fått det same som medlemmane i Bondelaget får.

Årsmøtet godkjente årsmelding 2003, rekneskap 2003, arbeids- og tiltaksplan 2004-2005 og budsjett for 2004. Årsmøtet vedtok at fylkeslaget nyttar Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, revisorane, samt til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptre på vegne av fylkeslaget.

Innkomen sak frå Follestaddal Bondelag om fristen for spreiring av husdyrgjødsel vart lagt fram for årsmøtet til orientering. Fylkestyret viste til at saka har vore reist tidlegare og tidlegare vedtak. Styret viste seinast til svar frå leiar Bjarne Undheim på møte med lokallag på Sunnmøre i haust. Der peikte han på at om Norges Bondelag tok opp saka igjen no, kunne det like gjerne bli ein tidlegare frist enn 1. sept. Det er også noko ulike syn på spreierfristen mellom medlemene rundt i landet. Styret trur medlemene vil vere best tent med at lokallaget tek saka opp med kommunen dersom det er behov for dispensasjon for eit eller fleire av medlemene.

Representant for Landbrukshelsa, Kolbjørn Taklo heldt appell. Han meinte næringa i Møre og Romsdal bør ha som ambisjon ein null-visjon med ingen dødsulukker slik einskilde fylker har. Hans nye slagord er at Landbrukshelsa er med på å halde bøndene vake.

Årsmøtet vart lukka for å orientere om og drøfte situasjon framfor jordbruksforhandlingane. Kari Redse Håskjold frå forhandlingsutvalet innleia om informasjonstiltak, og at Norges Bondelag og fylkeslaga vil ha aksjonsplanar der alle lokallag og medlemmer kan delta.

2. nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, innleia til debatt om aktuelle faglege og politiske saker. I generaldebatten etterpå vart mange ulike næringspolitiske og faglege saker teke opp med stort engasjement. Fleire av gjestane tok aktivt del i debatten.

Årsmøtet vedtok å sende ut tre uttaler (sjå kap. 3.4)

- 1) WTO-forhandlingane avgjerande for landbruket i Møre og Romsdal.
- 2) Utfordring til reiselivsnæringa: Turistforeininga gjer det – kva med reiselivet?
- 3) Aktive kommunar får mest igjen.

Arne Magnus Aasen vart valt til ny fylkesleiar etter Knut Sjø-mæling, som hadde sagt frå seg attval etter åtte år i styret og fire år som leiar. Den nye bondelagsleiaren ønskjer å halde fram som styreleiar for Landbrukets Forsøksringar i Norge. Han er 42 år og har fire barn som tek til å bli vaksne og der eldste sonen på 22 år gjerne vil arbeide meir heime framover. Saman med familien har Arne Magnus Aasen bygd opp ein gard med 17 årskyr forutan sau og driv vel 200 dekar jord. Han har tidlegare vore leiar i Straumsnes Bondelag i fleire periodar og leiar i Indre Nordmøre Forsøksring i 10 år.

Avslutning

Fylkesleiar Knut Sjø-mæling takka for engasjerte årsmøtedagar. Han ønskte Arne Magnus Aasen lukke til og viste til hans 10 år som leiar i Straumsnes Bondelag der dei også vart utnemnt til Aktivt Lokallag.

Arne Magnus Aasen sa han var litt skjelven i knea for han visste at han gikk inn i ei god kontinuitet i fylkeslaget. Og han ønskjer å kjempe for bøndene i fylket sine interesser. Han fortalde at eldsteguten kom til faren og sa han syntes han skulle seie ja. Familien sa ja. Han er optimist av natur. - Tida moden for å sjå på kva vi kan gjere i lag i landbruksfamilien og ikkje drive dobbeltarbeid. Vi må løfte blikket og sjå mulegheitene, avslutta den nye fylkesleiaren.

Avtakking av fylkesleiar Knut Sjø-mæling

Toastmaster under middagen, nestleiar Oddvar Tynes og styremedlem Ole Sigbjørn Iversen, overrekte avtroppande fylkesleiar Knut Sjø-mæling, ein ryggsekk, i gåve som takk for innsatsen etter åtte år i fylkesstyret, derav dei fire siste åra som leiar. Kona Berit Sjø-mæling, som var invitert som gjest på middagen, fekk overrekt Bondelaget sitt silkeskjurf.



Nestleiar Oddvar Tynes (t.v.) og styremedlem Ole Sigbjørn Iversen (t.h.) overrekte avtroppande fylkesleiar Knut Sjø-mæling, ein ryggsekk i gåve som takk for innsatsen etter åtte år i fylkesstyret, derav dei fire siste åra som leiar. Kona Berit Sjø-mæling fekk overrekt Bondelaget sitt silkeskjurf. (Foto: Arild Erlien)



Vestnes Bondelag kåra til Aktivt Lokallag

Vestnes Bondelag vart utnemnt til «Aktivt Lokallag» for 2003. Fylkesstyret går kvart år gjennom søknader om aktivt lokallag-smidlar og medlems- og vervelister, og utnemner eit lokallag som har halde ein jamn, stor og god aktivitet gjennom heile året. Leiar Hans Frafjord mottok vandrepemien, ein trekoffert, på vegne av laget. Også leiar frå 1999 til 2003, Grete Skar Misfjord, og nyleg avgått sekretær i laget, Lars Erik Hubred, mottok premie frå fylkeslaget. Laget får tilbod om dekning av kostnadene til eit medlemsmøte for gamle og nye medlemmer innan ein kostnad på inntil kr 3.000 dekkja av fylkeslaget.

Vestnes Bondelag har hatt god aktivitet over lang tid og jamt arrangert Open Gard. Laget har siste år verva nye medlemmer, halde mange møter, samarbeidsmøter, utadretta aktivitetar og initiativ til tiltak i bygda og møter med administrativ og politisk leing i kommunen. Den gode dialogen med kommunen har bore frukter, landbruksplanen har kome fram igjen. Det er starta Bygdeservice i kommunen. Dei fleste aktivitetane har gjeve meget god og fyldig mediaomtale i både lokale og regionale mediaorgan.

Laget har gjennomført ein systematisk medlemsvervingsaksjon, halde julebord og fleire bondekafear, medlemsmøte om Utfordringar for landbruket i internasjonale saker, møte med ordførar og rådmann om landbruket i kommunen, matpakkeaksjon for alle 7.klasselevar i kommunen med utdeling av tilsaman 138 matpakkar.



Avtroppande fylkesleiar Knut Sjø-mæling (t.v.) overrekte vandrepemien som Aktivt Lokallag til leiar i Vestnes Bondelag, Hans Frafjord, Grete Skar Misfjord (leiar 1999-2003) og tidlegare sekretær, Lars Erik Hubred. Det var også premie til Sykkylven Bondelag ved leiar Hans Jakob Hatlestad og Indre Averøy Bondelag ved leiar Svein Arild Aae. (Foto: Arild Erlien)

I samband med overleveringa av kravet til jordbruksforhandlingane inviterte laget i slutten av april dei fire ordførarkandidatane i kommunen til møte der ein utfordra politikarane på haldningar og synspunkt på landbrukspolitik. Laget hadde ein vellykka stand om Bondelaget og landbruket i kommunen på ei hallopning ved ein av dei største bedriftene i kommunen. M.a. hadde dei ei utstilling av bilete frå landbruket i kommunen frå gamal og ny tid.

Det godt organiserte og rutinerte lokallaget har i mange år gjort ein kjempeinnsats og vore ein god støttespelar for M&R Bondelag ved at dei har stilt med ulike dyreslag på Bondelaget sin «Opne Gard» på «Bønder og Fiskere til torgs» under opninga av Matfestivalen i Ålesund.

På årsmøtet vart det også gjort stas på to andre nominerte lag, Sykkylven Bondelag ved leiar Hans Jakob Hatlestad og Indre Averøy Bondelag ved leiar Svein Arild Aae, for god og stor aktivitet og aktiv medlemsverving.

Heider for aktiv medlemsverving 2003/2004:

Årsmøtet premierte lokallag som har verva minst 5 nye medlemmer frå årsmøtet 2003 til årsmøtet 2004. Fylkesleiar Knut Sjømæling overrekte premie til:

Rindal BL v/ styremedlem Terje Grønli (16 nye), Gjemnes BL v/ leiar Kjell A. Sjømæling (12 nye), Surnadal BL v/ leiar Sivert Mausest (6 nye), Tingvoll BL v/ leiar Peder Hanem Aasprang (6 nye), Indre Averøy v/ leiar Svein Arild Aae (5 nye), Molde BL v/ leiar Lasse Stokke (5 nye), Halså-Valsøyfj. BL v/ nestleiar Jan Erik Glåmen (5 nye), Eide BL v/ leiar Inge Martin Karlsvik (5 nye), Ytre Averøy BL v/ leiar Arild Bergem (5 nye) og Aure BL v/ leiar Dag Borochstein (5 nye).

Ingen enkeltpersoner hadde sjølv verva minst 5 nye medlemmer. Det var difor ikkje premiering her, men fleire hadde verva 3 og 4 medlemmer frå forrige årsmøte.



Premiering på fylkesårsmøtet til lokallag som hadde verva minst fem nye medlemmer siste året. Foran frå v.: Arild Bergem, Ytre Averøy BL, Lasse Stokke, Molde BL, Dag Borochstein, Aure BL og Svein Arild Aae, Indre Averøy BL. Bak frå v.: avtroppande fylkesleiar Knut Sjømæling, Gjemnes BL, Peder Hanem Aasprang, Tingvoll BL, Jan Erik Glåmen, Halså og Valsøyfjord BL, Inge Martin Karlsvik, Eide BL, Sivert Mausest, Surnadal BL, Kjell A. Sjømæling, Gjemnes BL og Terje Grønli, Rindal BL. (Foto: Arild Erlie).



Leiarskifte i M&R Bondelag. Foran: Avtroppande leiar Knut Sjømæling (t.v) og nyvalt fylkesleiar Arne Magnus Aasen. Bak nestleiar Oddvar Tynes og styremedlemmane Anne Marie Nakken Ole Sigbjørn Iversen, Borghild Reenskaug og Signe Brenna. (Foto: Arild Erlie)

1.2 Styret

Arne Magnus Aasen, Tingvoll – leiar frå 04
 Oddvar Tynes, Stranda – nestleiar frå 03, v 00
 Ole Sigbjørn Iversen, Smøla – v 02
 Anne Marie Nakken, Nesset – v 03 (vara 02/03)
 Signe Brenna, Norddal – v 03 (vara 01/02)
 Ellbjørg Reiten, Halså – leiar Bygdekvinnelaget
 Patrik Reurink, Surnadal – leiar Bygdeungdomslaget

Vararepresentantar til styret:

- 1) Borghild Reenskaug, Haram – v 03
- 2) Inge Martin Karlsvik, Eide – v 04
- 3) Peder Hanem Aasprang, Tingvoll – v 04

1.3. Ordstyrar i årsmøtet:

Ordstyrar: Gunnar Waagen, Tingvoll – v 00

Varaordstyrar: John Helde, Nesset – v 02

1.4. Utsendingar årsmøtet i Norges Bondelag 2004:

- 1) Signe Brenna, Valldal (2003/2004)
 Pers.vara: Kjetil Rørstad, Ørsta
- 2) Borghild Reenskaug, Haram (2003/2004) – **Møtt**
 Pers.vara: Oddvar Valle, Fræna
- 3) Lars Ole Gunnerød, Molde (2003/2004) – **Møtt**
 Pers.vara: John Olav Anshus, Rindal
- 4) Oddvar Tynes, Stranda (2004/2005) – **Møtt**
 Pers.vara: Oddbjørn Døving, Skodje
- 5) Ole Sigbjørn Iversen, Smøla (2004/2005) – **Møtt**
 Pers.vara: Peder H. Aasprang, Tingvoll
- 6) Anne Marie Nakken, Nesset (2004) – **Møtt**
 Pers.vara: Inge Martin Karlsvik, Eide

Reserveutsendingar årsmøtet N.B. 2004:

- 1) Tor Lie, Stranda
- 2) Kari Roksvåg Sandve, Smøla
- 3) Organisasjonssjefen, Gunnar K. Wentzel, Molde – **Møtt**

1.5. Utsendingar årsmøtet M og R Bygdekvinnelag 2005

1. Ole Sigbjørn Iversen, Smøla, 2. Inge Martin Karlsvik, Eide,
3. Borghild Reenskaug, Haram
Vararepr: 1. Oddvar Tynes, Stranda, 2. Anne Marie Nakken,
Nesset, 3. Peder Hanem Aasprang, Tingvoll.

1.6. Utsendingar årsmøtet M & R Bygdeungdomslag 2005

1. Paul Sindre Vedeld, Vanylven, 2. Arne Magnus Aasen, Tingvoll,
3. Johan A. Brandvik, Gjemnes
Vararepr: 1. Sigurd Asklund, Vanylven, 2. Dag Borøchstein, Aure,
3. Peder Rindalsholt, Rindal.

1.7. Revisorar

Jon B. Nedal, Averøy og Halvard Hals, Fræna. Vara: 1) Lars Håkon
Furset, Stranda, 2. Anna Rendedal Vinsrygg, Tingvoll.

1.8. Valnemnd.

Sone 1: Kari Roksvåg Sandve, Smøla (2004/2005/2006)
Pers.vara: Anita Gjerde, Aure
Sone 2: Jon Olav Anshus, Rindal (2003/2004/2005)
Pers.vara: Arnfinn Grüner, Sunndal
Sone 3: Kjell A. Sjømæling, Gjemnes (2005/2006/2007)
Pers.vara: Trond Malmedal, Fræna
Sone 4: Lars Erik Hubred, Vestnes (2003/2004/2005)
Pers.vara: Hilde Mjelva, Rauma
Sone 5: Odd Chr Stenerud, Giske (Leiar) (2003/2004/2005)
Pers.vara: Peder Rogne, Haram
Sone 6: Ingrid Bjørneset Opsvik, Stranda (2005/2006/2007)
Pers.vara: Tor Lie, Stranda
Sone 7: Anne Thorhild A. Brungot, Ørsta (2004/2005/2006)
Pers.vara: Paul Sindre Vedeld, Vanylven

1.9. UTVAL , TALSPERSONAR OG SENTRALE TILLITSVALGTE

Utval/arbeidsorgan: Representant 2004/2005

(I parantes ansv. sekr):

Arbeidsutvalet/Mediautvalet: Leiar, nestleiar, org sjef (Gunnar
Wentzel/Arild Erlien)

Styret i Norges Bondelag: Kari R. Håskjold valt 1998 (andre nest-
leiar frå 2002)

Varaordførar i årsmøtet Norges Bondelag: Odd Chr. Stenerud,
valt 2003

Representantskapet i Norges Bondelag: Leiar v. nestleiar (Gunnar
Wentzel)

Landbruksselskapet i M&R: Leiar v. nestleiar (Gunnar Wentzel)

Talsperson for frukt og bær, og medlem Grøntutval Vest: Signe
Brenna, vara Stein Ove Rem, Norddal (Gunnar Wentzel)

Verneplangruppe Reinheimen: Rolf Dale v. Trond Håvoll og In-
gulf Sletta v. Lars Fransplass (Gunnar Wentzel)

Bygdekvinnelaget: Ole Sigbjørn Iversen (Anne Turid Myrbostad)

Bygdeungdomslaget: Anne Marie Nakken (Åshild Smebakk)

Bygdefolkets Studieforbund – styret: Ole Sigbjørn Iversen vara:
Anne Marie Nakken (Atle Frantzen/Alfhild Siljan)

Årsmøteutsendingar BSF: Ole Sigbjørn Iversen, Anne M. Nakken

Etterutdanningsutval FM: Ole Sigbjørn Iversen, Atle Frantzen,
vara Alfhild Siljan (BSF)

Den Norske Matfestivalen, Ålesund: Borghild Reenskaug, vara
Arild Erlien (Arild Erlien)

Samarbeidsrådet NTEU: Guttorm Kjelsvik, v. Gunnar Wentzel
(Gunnar Wentzel)

Samarbeidsutval Gjensidige: Leiar, org sjef (Gunnar Wentzel)

Styret Innovasjon Norge: Anne Marie Nakken (Gunnar Wentzel)

HMS-Sunnmøre/Landbrukshelsen talspers: Borghild Reenskaug
(Atle Frantzen)

Rovviltutvalet Fylkesmannen: Oddvar Tynes v. Gunnar Wentzel
(Gunnar Wentzel)

Rovdyrtalsmann: Halvard G. Hagen, Sunndal

Kulturlandskapsgruppa Fylkesmannen: Oddvar Tynes v. Signe
Brenna (Arild Erlien)

Prosjekt Lokal forvaltning vilt-fisk: Knut Sjømæling v. Atle Frantzen
(Atle Frantzen)

Prosjekt Utmarksnæring 2004-2006: Arne Magnus Aasen v Peder
H. Aasprang (Atle Frantzen)

Talsperson økologisk landbruk: Signe Brenna v. Peder H. Aas-
prang (Gunnar Wentzel)

Distriktsrådet HV 11: Per Devold, Rauma v: John Helde (Arild Erlien)

Distriktsrådet HV 12 Sør-Tr.lag: Vara: Ivar Myklegard, Rindal
(Arild Erlien)

4 H – årsmøtet: Inge Martin Karlsvik, v. Peder H. Aasprang (Arild
Erlien)

Storfjordens Venner årsmøtet: Signe Brenna v. Oddvar Tynes
(Arild Erlien)

Den grønne skolen: Grete S Misfjord v. Atle Frantzen (Atle Frantzen)

Betongprosjektet i landbr. Sentralt: Gunnar Wentzel (leiar sty-
ringskomiteen) (Gunnar Wentzel)

Kulturlandskapsprosjekt Storfjorden: Oddvar Tynes, v. Signe
Brenna (Arild Erlien)

Prosjekt NB Landbruket og verneplaner: Knut Sjømæling (leiar
styringskomiteen) (Gunnar Wentzel)

Verdiskapingsprogrammet Mat: Gunnar Waagen v. Borghild Re-
enskaug (Atle Frantzen)

Styringsgruppe Norge 2005: Arne Magnus Aasen v Gunnar
Wentzel (Gunnar Wentzel)

Storfekjøttprosjekt M&R: Anne Marie Nakken v Inge Martin
Karlsvik (Gunnar Wentzel)

Områdetiltak Geiranger: Kristin Bakken, Gunnhild Overvoll,
Gunnar Wentzel (Gunnar Wentzel)

Inger Johanne Tafjord, Norddal, var Norges Bondelag sitt med-
lem i arbeidsgruppe i Landbruksdepartementet for utgreiing av
målrretta verkemiddel for geitehaldet.

1.10 ÆRESMEDLEM I M&R BONDELAG

Guttorm Kjelsvik, Vestnes (Utneamt på årsmøtet 2003)

SAMARBEIDANDE ORGANISASJONAR OG SAMARBEIDS- ORGAN MED SEKRETARIAT VED BONDELAGSKONTORET:

Møre og Romsdal Bygdekvinnelag

Leiar Ellbjørg Reiten, Halså, Sekretær Anne Turid Myrbostad

Møre og Romsdal Bygdeungdomslag

Leiar Patrick Reurink, Surnadal, Sekretær Åshild Smebakk

Bygdefolkets Studieforbund

Leiar: Ole Sigbjørn Iversen, Smøla

Studieinstruktørar: Alfhild Siljan og Atle Frantzen

SAMARBEIDANDE ADVOKATKONTOR:

Advokatfirmaet Øverbø, Standal, Myrset, Rødstøl, Krohn og
Sæter DA ved Ole Houlder Rødstøl. Julsundvn. 4, 6412 Molde.
Tlf. 71 24 94 00 – telefax 71 24 94 01

e-post: post@advoforum.no Advokatkontoret har kontordagar
på Sunndalsøra og Åndalsnes.

2. Arbeidet i styret



Frå styremøtet 13. februar: Foran f.v: Sivert Gravem Innovasjon Norge, landbruksdirektør Ole Syltebø og fylkesleiar Knut Sjømæling. Bak f.v.: Borghild Reenskaug, Anne Marie Nakken, Ole Sigbjørn Iversen, Oddvar Tynes, Signe Brenna og Gunnar Wentzel. (Foto: Arild Erlien)

2.1 Styremøter

Årsmeldinga følgje kalenderåret liksom Norges Bondelag. I meldingsperioden er det halde 7 styremøter (13. febr, 8. mars, 13. april, 4. juni, 9. sept, 27. okt og 7. des), og handsama 58 protokollerte saker.

På styremøte 13. februar orienterte avdelingsleiar landbruk ved SND-kontoret i Molde, Sivert Gravem, om investeringsverkemidlar og det nye Innovasjon Norge (IN) – nye mulegheiter for næringa? Vidare orienterte landbruksdirektør Ole Syltebø om aktuelle utfordringar for landbruket i fylket, og om framtidig samarbeid med Landbruksavdelinga i M&R fylke.

8. mars møtte representantar frå samvirkeorganisasjonane til samråd om uttale foran jordbruksforhandlingane. Leiar i Omsetningsrådet, fylkesmann Ottar Befring, var tilstade og orienterte om Omsetningsrådet sin verksemd

11. juni deltok utsendingane til årsmøtet i Norges Bondelag 16. og 17. juni på møtet.

Styremøtet 9. september vart halde under utferden til Sogn og Fjordane.

2.2 Saker i styret

(Uttaler sjå kap. 3. Fleire styresaker er også omtala i kap. 4 og 5)

SAK 3/2004, pkt. 3: Ny marknadsordning for mjølk

Harøy-Fjørtoft Bondelag har sendt over forslag til uttale frå fylkesårsmøtet på bakgrunn av at ny marknadsordning for mjølk er vedteken.

Fylkesstyret peiker på i sitt vedtak at dei er kjend med at det blir eit møte mellom den sentrale leiinga i Norges Bondelag og Tine. Styret vil sende synspunkta direkte vidare slik at Norges Bondelag er kjend med dei reaksjonane som er på avtalen i vårt

distrikt for framtidige forhandlingar om konkurranseforholda. Styret ser det som naturleg at saka må følgjast opp ved forhandlingar mellom partane for seinare år. Det er viktig at slike kompliserte saker også er kjend for medlemsorganisasjonane i landbruket på førehand. Jfr studieheftet foran jordbruksforhandlingane, side 13.

Saka blir også lagt fram for redaksjonsnemnda på årsmøtet slik at ein vurderer moment til uttale om verdien av foredlingsindustrien i samband med WTO-forhandlingane og elles. Synspunkt på konkurranseforholda kan evt takast opp i ein breiare uttale.

SAK 9/2004: Fylkeslaget fastsetje dato for årsmøta i lokallaga

Fylkesstyret drøfta om ein skal fastsetje årsmøtedato for laga tidleg på hausten, t.d. slik nokre andre fylkeslag i Bondelaget og organisasjonar som meieri, slakteri og Skogeigarforeninga gjer. Hovudsiktemålet må vere å få årsmøta i oktober, få i gong arbeidet, og ha ny leiing i lokallaga på plass i rett tid før Leiarmøtet i november. Styret ber om at årsmøta i lokallaga blir halde minst 14 dagar før Leiarmøtet slik at ny leiar kan få høve til å delta. Lokallag som held årsmøtet seinare kan ikkje rekne med besøk av fylkeslaget. Styret vil setje opp eit framlegg til årsmøtetidspunkt for laga.

SAK 17/2004, pkt 3b: Prosjekt Aksjon storfekjøtt 2004

Fylkesstyret drøftar arbeidet med å få til eit prosjekt mellom organisasjonane under leiing av Landbruksavdelinga i fylket som skal arbeide for auka storfekjøttproduksjon i fylket. Styret løyver kr 5.000 under føresetnad av at andre løyver tilsvarande. Anne Marie Nakken er M&R Bondelag sin representant i styringsgruppa. Det første møtet vart halde 27. januar.

SAK 19/2004: Arbeidsmåte og ansvarsfordeling i styret 2004-2005

Styret vil oppretthalde tidlegare praksis med delegering av ansvar og oppgåver på heile styret. Heile styret bør delta på førespurnad i møter i lokallaga. Styret vil prøve i større grad å samarbeide med lokallag om aktivitetar i fylket.

Første vara til styret blir kalla inn. Talspersonar blir kalla inn til Leiarmøtet og Årsmøtet og elles når det er aktuelt. Ved representasjon til anna enn lokallaga og dei tildelte oppgåver, skal det vere etter avtale med leiar/org sjef. Vidare kan heile styret uttale seg til media om dei saker som er drøfta og det er semje om. Styret er arbeidsorgan for Norges Bondelag og skal fremme våre felles synspunkt. Fordelingsspørsmål og strategi som ikkje er drøfta ligg til leiar å kommentere. Styret ønskjer eit halvårsoversyn over den økonomiske situasjonen.

SAK 22/2004: Jordbruksforhandlingane og aksjonsplanar

Styret oppteken av å tenke informasjonstiltak både ved statens tilbod og ved brot, og kva for lokallag som er spesielt aktuelle. Ved behov for aksjon utfordre Bygdeungdomslaget og Gjer-mundnes Landbruksskule, men vi må rekne med at dei treng tid for førebuing. Alliansepartnarar er elles reiselivsnæringa og Natur og Ungdom. Styret vil arbeide vidare med dei skisserte tiltaka. Styret peiker på at ein bør ha kontakt med lokale samarbeidspartnarar no framover og eit kontinuerleg trykk på politikarane framover.

SAK 23/2004: Saker til årsmøtet i Norges Bondelag

Styret har ikkje framlegg til saker. Leiaren vil ta spørsmålet om konklusjonen i utgreiinga frå Norges Bondelag om mjølkeproduksjonen på Vestlandet opp med leiarane i dei andre fylkeslaga i Vest-Norge under eit felles møte i Bergen 24. mai.

SAK 24/2004: Kandidatar til styret og valnemnd i Norges Bondelag

Styret oppnemner Arne Magnus Aasen til valnemnda Norges Bondelag 2005-06.

SAK 25/2004: Gjennomføring av tiltak i handlingsplanen for økologisk landbruk i M&R

Styret tek opp bruken av midlar vedr. økologisk handlingsplan 2003, søknad om midlar 2004 og tildeling av midlar 2004. Møre og Romsdal fylke har for 2004 fått tildelt kr. 325.000,- til gjennomføring av tiltak i handlingsplan for økologisk landbruk. Norsøk har fått avslag frå SLF på søknaden om informasjonsopplegg om økologisk landbruk til bruk på møter i alle fylka i Norges Bondelag. Styret drøfta tiltak, innspel og prioriteringar. Styret er oppteken av at midlane blir prioritert for å få til overføring av kunnskap til tradisjonelt landbruk.

Sak 26/2004: Fornyng av autorasjonsbevis for plantevernmidler

Lokallaga Kvernes BL og Indre Averøy BL viser i skriv til at det i mars vart det halde kurs i «Handtering og bruk av plantevernmidler» på Averøy med påfølgande eksamen. Strykprosent for dei som deltok på eksamen var svært høg. I den samanheng har det kome reaksjonar som dei to lokallaga ønsker svar på. Også i Vallidal er det halde kurs der kommentar var at det var for lite tid til eksamen. Fylkesstyret meiner det har vore gjeve ulik informasjon om krav til fornyng av bevis, og tilstrekkeleg tid for ein prøve, og ber i eit brev til Norges Bondelag at dei tek opp med Mattilsynet ein klårgjering av retningslinene utad. Det gjeld m.a. at rimelege krav til godkjenning.

SAK 27/2004, pkt 1: Bytte bank frå Sparebanken Møre til Landkreditt

Fylkeslaget er av revisor råda til å vurdere skifte til Landkreditt. Den er nå permanent godkjend som bank. Høgare rente likt på alt innståande. Ikkje gebyr. Styret ber administrasjon arbeide vidare med dei økonomiske fordelane ved å gå over til Landkreditt.

SAK 28/2004, pkt. 1.1: Støtte til etablering av Bondens Marked Sunnmøre i Ørsta

Fylkesstyret løyver kr 5.000 til prosjektet Bondens Marked Sunnmøre. Løyvinga blir belasta Informasjonsfond Samarbeidsrådet sidan Norsk Landbrukssamvirke står bak. Men vårt engasjement blir teke med som ein del av fylkeslagets arbeid i planane for Prosjekt Matmangfold i Norges Bondelag. Det er ein føresetnad for støtta at Bondelaget har ein representant i styringsgruppa.

SAK 28/2004, pkt. 4.3: Eigedomsforhold for aksje i Matfestivalen tilhørende Samarbeidsrådet for landbrukssamvirket

Brev 11. mars frå M&R Bondelag til Den Norske Matfestivalen med stadfesting at i årsmøtet ved oppløysning av Samarbeidsrådet for landbrukssamvirket ble heile eigenkapitalen inklusive 1 aksje i Matfestivalen pålydande kr 10.000 overført til Møre og Romsdal Bondelag. Det betyr at Møre og Romsdal Bondelag sit med 2 aksjer. I praksis ønskjer vi så langt at representasjon og stemmerett for denne aksjen skal tilleggst ein regional sentralt plassert representant for landbrukssamvirket i Møre og Romsdal. All henvendelse og post vedrørende aksjen går gjennom Møre og Romsdal Bondelag.

SAK 29/2004: Arbeid framfor jordbruksforhandlingane 2005

Fylkeslaget meiner på bakgrunn av tidlegare drøftingar og innspel at neste års forhandlingar bør bli ein distriktsavtale. Det er distrikta og spesielt fjord- og fjellbygdene i heile Sør-Norge som gir legitimitet til vår nasjonale landbrukspolitik. Vi trur det nå er naudsynt å spisse bodskapen. Styret rår til at Norges Bondelag snarast planlegg prioriterte saker som vi ønskjer å få gjennomslag for neste år.

Vi trur ein kan leggje meir vekt på utadretta arbeid i framkant enn på intern drøfting. Lokal- og fylkeslag kan arbeide med informasjon og alliansbygging rundt verdiskaping og sysselsetting, og kva behov ein har for å møte den positive og den negative utviklinga i næringa lokalt. Fylkesstyret konkluderer med at det er ønskeleg med ein strategi der vi er tydelege utan å virke sutrete til alle saker. Arbeidet framover dreier seg om å ha neste jordbruksavtale i bakhodet, alliansar, kva saker vi vil ha gjennomslag for.

SAK 31/2004: Verneplansaker

Styret får orientering og drøftar framdrift for verneplan for Smøla og merknader til endring av grenser for Dalsida landskapsvernområde i Isfjorden. Styret sluttar seg til det som er uttalt om grenseendring i Isfjorden, slik det går fram av fylkeslaget sitt brev av 21. mai til Møre og Romsdal fylke. Styret er tilfreds med at Møre og Romsdal fylke og Smøla kommune køyrer ei ekstra runde på verneplanen for Smøla.

SAK 35/2004, pkt. 1: Regionalt miljøprogram

Styret merker seg framlegga til ordningar under Regionalt miljøprogram og har desse merknadene: Må leggje inn krav om at areala er i drift og blir slått eller beita, slik at ein ikkje kan få i pose og sekk. Avsetting av midlar til at fylkesgartnar (i S&F) som kan utarbeide plantevernplanar bør halde fram.

SAK 35/2004, pkt. 2: Planar om felles eggpakkeri

Styret har ikkje merknader til at fleire produsentar planlegg samarbeid om felles eggpakkeri i ein kommune i fylket dersom det er i samsvar med konsesjonsreglane. Her ser det ut til å vere mest aktuelt med felles sorteringsanlegg som er ein nødvendig del av eggproduksjonen og med det truleg er i strid med konsesjonsreglane.

SAK 41/2004: Forskrifter for hald av sau

Styret drøfta forskrifter for hald av sau som er på høyring og vil overfor Norges Bondelag peike på at krav om tett underlag for småfe er uheldig for at dyra skal kunne halde seg så reine som muleg. Forslaget verker på fleire punkt å vere lite praktisk gjennomtenkt.

SAK 44/2004: Investeringskapital i distrikta

Orientering om aktuelle saker og handsaming i Innovasjon Norge M&R. IN har vurdert finansiering av nav og satelittar i svinehaldet i fylket, og som vil binde bruken av midlane komande år. Fylkeslaget er ikkje kjend med at det er spesielle problem med lån i private bankar ved utbygging.

SAK 47/2004: Drøfting av arbeidet med verneplanar i fylket

Reinheimen og Smøla. Fylkesstyret sitt inntrykk er at Miljøvern-avdelinga arbeider som før. Ønskeleg å få sakene fram til politisk handsaming i fylket, samt bringe våre synspunkt ut.

SAK 48/2004: Bygdemobilisering

Bygdekompasset har vore drøfta i samrådsmøte for bondelaga sine medlemmer i Innovasjon Norge sine regionstyre. Bygdekompasset kan erstatte FRAM Agro program. Dersom fylkeslaget skulle engasjere seg kunne det vere for å bringe vidare røynsler frå dei områda som har lukkast med tiltak.

SAK 51/2004: Årsmøterunden i lokallaga

Lokallaga arrangerer gjerne trivelege årsmøte som er godt planlagd med skriftleg innkalling med sakliste og god servering. Fleire lag har litt lite oppslutning i årsmøtet, og med å få ny leiar sjølv om det er normalt lett å stille styre. Påskjønning for lang og tru medlemskap ønskeleg. Etterlyst kurs nye tillitsvalde og samling nye medlemmer. Sjølv om det har betra seg noko i år, viser lista at det framleis er mange lokallag som ikkje held årsmøtet i oktober, men rett før Leiar møtet i november. Det vil vere fordel for alle med tidlegare årsmøte. For seint årsmøte får følgjer for andre aktivitetar i lokallaget og deltaking på Leiar møtet.

SAK 53/2004: Aktivt Lokallagsmidlar 2004

Styret fordeler kr 76.950,- i Aktivt Lokallagsmidlar i samsvar med tilråding. Open Gard er eit prioritert arrangement i Norges Bondelag og landbruket sitt store familiearrangement då alle kan kome på gardsbesøk for å gjere seg kjent med bonden, matproduksjonen og livet på garden. Lokallag som tek på seg den arbeidskrevjande og viktige oppgåva med å halde Open Gard, som krev god planlegging, skal honorerast med kr. 4.000,- for ikkje å risikere å sitte att med underskot. I tillegg kr. 2.000 til tre lokallag som har halde ein annan type open gard-arrangement i eit mindre omfang og på andre tidspunkt av året.

Fordelinga er i tillegg basert på kr 400 til alle lag som har uttala seg om jordbruksavtala når dei også har sendt inn søknad, og kr. 250,- til anna prioritert aktivitet etter skjønn. Styret er svært glad for dei mange gode aktivitetane som er i lokallaga på utadretta tiltak, tilbod til medlemene og medlemsverving.

Styret løyver til Giske BL kr 5.000 på bakgrunn av dårleg økonomi som skuldast drift av Vigra-stova. Styret konstaterer at laget arbeider vidare med driftsansvaret for stova og kan ikkje reknare med Aktivt Lokallagsmidlar på denne bakgrunn fleire gongar.

SAK 54/2004: Drøfting arbeidsplan våren 2005

Styret drøfta aktuelle saker og strategi for våren 2005. Styret vil plukke ut aktuelle personar og kommunar og informasjonstiltak overfor desse før forhandlingane. Styret vil vurdere å gi Norges Bondelag og politikarane klare signal om at vi ikkje kan godta ein slik avtale som ifjor der det blir gjeve betydelege tillegg til andre grupper og minus til landbruket.

SAK 56/2004, pkt. b: Investeringsplanar for M&R Bondelag

Styret gir administrasjonen fullmakt til å kjøpe inn for fylkeslaget sin kostnad ein ny bærbar PC rekvirert via Norges Bondelag med om lag kr 12.000, samt videokanon med inntil kr 15.000, og ny telefonsentral med inntil kr 20.000.

Kontoret blir oppmoda om å arbeide vidare med informasjonsmateriell i form av småskrift, plakatar og klistremerke for presentasjon av landbruket i fylket. Styret set av inntil kr 15.000 av midlar til utadretta informasjon, men det vil bli søkt samarbeid og finansiering med andre, slik som info-midlar i Landbruksavdelinga. Vurdere informasjonsfaldar som kan henge på lokale butikkar og kommunehus. Vurdere om det er muleg å finne tal for landbruket i forhold til turistnæringa. Vurdere Eplet med «Eg er bonde – og stolt av det».

SAK 57/2004: Vi vil - pris

Styret drøfta etablering av ein «Vi vil – pris» etter oppmoding frå tidl. leiar i Surnadal BL, Sivert Mauset. Styret har vurdert den stimulerande effekt den kan gi for medlemmer og den positive merksemd næringa kan få. Styret finn å ikkje gå inn for ein slik pris no av di: Det blir kvart år delt ut ein BU-pris og ein kultur-landskapspris i fylket. Norges Bondelag har m.a. ein årleg Askeladd-pris og Bondekokken. Det er ein krevjande oppgåve å få inn mange nok aktuelle kandidatar, og ein pris må medføre ein vesentleg kostnad.

Styret vil gjerne på styremøte eller fylkessamlingar vere meir offensiv på å gi merksemd til personar eller organ som har markert seg med noko positivt. Lokallaga kan likeeins vere merksam på ting som skjer rundt næringa i eigen kommune, opning av nye bygg på fjøs eller tilleggsnæringar.

SAK 58/2004: Brev til bankane i Møre og Romsdal

Styret drøfta rentenivået i våre lokale bankar på bakgrunn av reaksjonar frå medlemmene og møter i lokale Bondelag der temaet har kome opp. Styret anbefalar i eit brev til bankane å senke rentenivået på driftskreditt til landbruket snarast. Heile brevet, sjå kap. 3.12.

SAK 59/2004, pkt. 3.2: Regional BU-strategi

Styret vil krevje at Møre og Romsdal får 10 prosent av bygdeutviklingsmidlane som er øyremarka til mjølk og storfe. Fylket har i motsetnad til fleire andre nytta tidlegare rammer, samstundes som det er eit stort investerings- og strukturbehov i mange kommunar.

3. NÆRINGS- OG FAGLEGPOLITISKE UTTALER, PRESSEMELDINGAR OG INNLEGG



Frå styremøtet 8. mars 2004 om uttale foran jordbruksforhandlingane med representantar frå samvirkeorganisasjonane og andre inviterter. Foran frå v.: Anne Turid Myrbostad, Fræna, org.-sjef Gunnar K. Wentzel, Signe Brenna, Borghild Reenskaug og Jan Ove Tryggestad, Stranda. Bak frå v: Landbruksdirektør Ole Syltebø, fylkesleiar Knut Sjømæling, Knut Hustad, Ørsta, Magnus Skjerdal, Ørsta, Rune Henning Haram, Haram, Anne Marie Nakken, Ola E. Rognskog, Halså, Ellbjørg Reiten, nestleiar Oddvar Tynes og leiar i Omsetningsrådet, fylkesmann Ottar Befring, som på møtet orienterte om Omsetningsrådet. (Foto: Arild Erlien)

3.1 UTTALE FRAMFOR JORDBRUKSFORHANDLINGANE 2004

Bondelaget som distriktsutviklar - med jordbruksavtala som verktøykasse

Fylkeslaget drøfta uttalen i AU-møte 3. mars og i styremøte 8. mars. Det hadde kome inn 42 uttaler frå 33 lokale bondelag, samt 9 samarbeidande organisasjonar, tilsaman 104 sider. Dei lokale Bondelaga har lagt ned eit godt arbeid i studieringar, styrer og medlemsmøte med å peike ut naudsynete tiltak for landbruksnæringa i distriktet. Lokallagsuttalene stadfester at betre økonomi er løysinga på dei fleste utfordringane innan landbruksnæringa. Studieheftet om jordbruksavtala og næringsutvikling var eit svært godt grunnlag for drøftingane. Landbrukspolitikken har og vore gjennomgått i regionale møte med lokallagsstyra. Alle uttaler vart kopiert og gjennomgått av styret, og sendt vidare saman med fylkeslaget sin uttale til Norges Bondelag.

Fylkesstyret handsama uttalen i utvida styremøte i lag med tillitsvalde for dei regionale samvirkeorganisasjonane. Styret er samstemt om at det er nyttig å samordne fylkeslaget sin uttale med representantar for samvirke, som fekk tilsendt utkast til uttale og innkomne uttaler frå lokallaga på førehand: Styremedlem i **Tine Midt-Norge**, Anne Turid Myrbostad, Fræna, styremedlem i **Tine Meieriet Vest**, Jan Ove Tryggestad, Stranda, styremedlem i **Gilde Bøndernes Salgslag**, Knut Hustad, Ørsta, styremedlem i **Prior Noreg**, Rune Henning Haram, Haram, leiar i **Nordmøre og Romsdal Felleeskjøp**, Ola E. Rognskog, Halså og fylkesleiar i **Møre**

og **Romsdal Sau- og geitlagslag**, Magnus Skjerdal, Ørsta. Landbruksdirektør Ole Syltebø møtte som observatør.

Jordbruksavtala avgjerande for verdiskaping og busetting

I Møre og Romsdal er det mange bygder og kommunar der jordbruksforhandlingane er avgjerande for verdiskaping og busetting. Dette ser paradoksalt nok ut til å ha blitt klårare for mange rundt oss etter kvart som det blir færre gardsbruk i aktiv drift, delar av landskapet gror att, og omstillingane i samfunnet elles går stadig raskare. Næringa framstår samstundes som tilpassingsdyktig og handlingsvillig til å ta i bruk nye mulegheiter.

Bondelaget sin satsing på næringsutvikling i distrikta saman med gode offentlege og private samarbeidspartnarar har vore ein 30-årig vellukka historie om levande bygder med betydelege ringverknader i byer og tettstader sidan inntektsopprøppinga etter 1974. Dette er framleis tydeleg over heile landet der det er satsa på landbruk. Samfunnet har fått god avkastning av satsinga.

Distrikt der landbruket er viktig for busetting og næringsliv er fundamentet for vår nasjonale landbrukspolitik og må no bli prioritert. Ei positiv utvikling i økonomien i mjølkeproduksjonen er det viktigaste einskildtiltaket for å fremme busetting og drift og næringsverksemd utover i distrikts-Norge. I løpet av dei komande 5-10 åra står vi framfor generasjonsskifte på svært mange familiebruk som har behov for tiltak.

Nærare eit tusen bruk her i fylket har kjøpt meir mjølkekvote kvart av dei siste åra. Familiebruk investerer i fjøs for å tilpasse seg til nye krav til husdyrhald og mjølkerom. Fleire bondelagsmiljø står bak ny satsing på samdrifter og Bygdeservice. Aktive

bondelagsfolk står bak etablering av matforedling og Bondens Marked. Det er eit sterkt ønske om å få til næringsutvikling basert på verneområder som kort tid omfattar 28% av fylket.

Ein god del tungdriven jord er i ferd med å bli teken ut av drift. I einskilde grender er det ein eller eit fåtal brukarar som held heile grenda i hevd. *Det er trong for forsterking av reglane om att dyrka jord skal bli halde i hevd, også når eigaren ikkje bur på garden.* Det kan virke til å få meir fart i omsetninga av landbrukseigedomar om ansvaret for skjøtsel vart tydelegare.

Den politiske situasjonen gjer inntektsløft muleg

Samarbeidsregjeringa Bondevik har i det siste lagt like mykje vekt på omstilling av landbruksnæringa gjennom endring av lover og regelverk, som på næringsutvikling basert på virkemiddel eller skatte- og avgiftsreduksjonar. *Stortinget uttalte i fjor at det er naturleg at jordbruket får nytte godt av ein vesentleg del av produktivetsgevinsten*, mens den til no har vore trekt inn ved innstramming av rammevilkåra.

Den økonomiske situasjonen gjer at det i år er eit godt grunnlag for eit betydeleg løft i inntektene i landbruket. *Det er avgjerande at frigjorte midlar gjennom effektivitetsutviklinga blir nytta til å styrke bruk i drift.* Rentereduksjonen gjeld for alle grupper. Vi kan ikkje godta at den låge renta vi har for tida blir brukt av staten til å redusere prisar eller løyvingar. Det er løyvingane over statsbudsjettet som kan fordelast mellom bruk og distrikt og friske pengar vil vere avgjerande for å få ting til å skje.

Nasjonalt og internasjonalt har vi inntrykk av at det byggjer seg opp ein ny grøn bølge slik ein såg på 70- og 80-talet. Kjøpekrafta har aldri vore større enn i dag. Det er evne og -vilje til å betale for kvalitetsvarer. Næringa har mulegheit til å auke prisene i marknaden med 500 mill kr i forhold til gjeldande WTO-avtale.

Landbruket har vore av dei flinkaste i klassen for omstilling når talet på årsverk i næringa på landsbasis blir redusert med 10 kvar dag og er redusert med 30.000 årsverk sidan 1990. I Møre og Romsdal har 25% av mjølkeprodusentane slutta dei siste 6 åra.

1 Hovudprioritering og satsingsområde

- **Husdyrhaldet i distrikta:** Utgreie verknaden av endringar og aktuelle tiltak – sjå 1.1
- **Effektivitetsutviklinga må kome næringa til gode** - i samsvar med Stortingets vedtak.
- **Skatte- og avgiftspakke - «Landbruk Minus»:** Inntektsfrådrag pr person, avskrivningar,
- **Næringsutvikling tradisjonelt og nye næringar:** Brei satsing og utvikle samarbeid.
- **Investeringsstiltak:** Rentestøtte maks 1,5 mill kr og tilskot maks 300.000 kr for ny brukar.
- **Mjølkeproduksjonen i distrikta:** Få auka driftstillegg med kr 5.000 liksom for pressfylka.
- **Målprisauke:** Kumjolk + 15 øre, geitmjolk + 25 øre, storfekjøtt + 2 kr frå kl O-
- **Storfekjøttproduksjon:** Utnytte kalvereserve og vektgrensar, og innføre hanndyrpremie.
- **Grovfôreareal:** Lik sats for alt grovfôreareal innan same sone.
- **Beløpsavgrensing husdyrtillegg:** Auke frå 150. til 200.000 kr pr føretak.
- **Avløyning under sjukdom:** Maks dagsats auke til kr 1.000 pr dag.
- **Korn- og kraftfôrprisen:** Redusere med -5 øre.
- **Omprioritere 10% til inntektstiltak:** KSL. Landbrukshelsa. Forsking. Økologisk landbr.

1.1 Oppmoding til styret i Norges Bondelag frå årsmøtedelegasjonane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal om utviklinga i Vest-Norge

Den politiske og administrative leiinga i Norges Bondelag stilte sporty opp på ein krevjande utferd i sept. 2004 til «Den klassiske Vestlandsturen – medan han enno kan opplevast». Turen viste den raske omstillinga som no skjer i drifta i nokon av landets mest besøkte turistbygder, den viste satsing på næringsutvikling, og behov for politisk handling.

Bakgrunnen var at *årsmøtedelegasjonane frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ba leiinga i Norges Bondelag om å medvirke til ei utgreiing før jordbruksforhandlingane i 2004 om dei framtidige følgjene for dei mest utsette bygdene i landet av endringane som har skjedd i næringspolitikken dei siste åra og kva for tiltak som er aktuelt.* «Det gjeld slikt som:

- Flytting av sikre pengar for vanlege husdyrbruk i distrikta i samband med m.a. omlegging av strukturvirkemiddel, grunntilskot, driftstillegg, beiteordningar og pristillegg.
- Tiltak for å ta vare på landbruksdrift og kulturlandskapet før utviklinga går for langt i dei mest særprega bygdene i landet som er grunnlaget for busetting, variert næringsliv, turisme – og ein nasjonal landbrukspolitikk.
- Mulegheitene for framtidig medlemstilslutning og kontingentgrunnlag i Vest-Norge.

Vi vil påpeike at utviklinga går så fort når det gjeld endringar i landbruksdrifta i våre bygder at det er naudsynt å vurdere innrettinga av landbrukspolitikken no - før resultatet blir alt for få bruk i drift til å oppretthalde næringsverksemd og landskap.

Vi viser til levekårsgranskinga frå Statistisk Sentralbyrå som syner at *husdyrbrukarane i fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge ser meir negativt på framtidssiktene enn dei mest ressurssterke landbruksbygdene i landet. På Vestlandet, Trøndelag (andre bygder) og Nord-Norge er det berre høvesvis 39, 38 og 27 prosent av gardbrukarane ser det som sikkert at nokon vil ta over bruket.* Dette vil kunne få store konsekvensar for kulturlandskapet og gjengroing. Tilsvarande tal for Austlandet flatbygder og Jæren er 63 og 65 prosent.»

2 Inntektsramme

2.1 Målprisar

Målprisen bør bli nytta som del av inntektsfastsettinga. Derimot for å regulere marknaden skal ein nytte omsetningsavgifta, evt redusere engrosprisen. Sjølv om for høg målpris kan føre til papirinntekter, kan for låg målpris redusere inntektsmulegheitene i framtida.

Målprisane må minst følgje kostnadsutviklinga i samfunnet.

Kumjolk: + 15 øre (1.522 mill l, utgjør 228 mill kr)

Geitmjolk: + 25 øre (22 mill l, utgjør 5,5 mill kr)

Storfekjøtt: + 2 kr/kg (83 mill kg, utgjør 165 mill kr)

Svinekjøtt: Marknadsutsiktene tilseier uendra pris

Lammekjøtt: + 2 kr frå kl O- ca 45 mill kr

Korn- og kraftfôrprisen: - 5 øre (1.260 mill kg, utgjør -63 mill kr)

Grønt: Målprisane bør auke minst i takt med prisutviklinga.

2.1.1 Kostnadsreduksjonar i omsetningsledda er framleis naudsynt. Så langt kan vi ikkje sjå at etablering av konkurranse har gjeve korkje forbrukarane billegare produkt eller bøndene betre betalt. *Plassering av samvirke sine foredlingsanlegg må vere basert på ein plan for heile konsernet og slik at det sikrar eigarane sine framtidige leveransar i distriktet.*

2.2 Skatte- og avgiftspakke – Landbruk «Minus»

Vi forventar at Landbruksdepartementet i samband med Landbruk Pluss legg fram ein samla skatte- og avgiftspakke for næringa som reduserer byrder og fremmer næringsutvikling, generasjonsskifte og arbeidsplassar for begge kjønn. Skatte- og avgiftsområdet er politiske bestemte kostnader, men er ikkje regulert av WTO- eller EØS-avtala. Vi har von om at Departementet har tilstrekkeleg kompetanse til å gå tungt inn på dette området, og viss ikkje kan Norges Bondelag vere til hjelp også her. Regjeringa har som mål å redusere skattar og avgifter dei komande åra.

Eit viktig resultat av Landbruk Pluss må vere ein offensiv politikk der styresmaktene ryddar veg i regelverket på ulike områder. Brukar må sleppe unødige diskusjon, t.d. med likningsstyresmaktene om hestehald som næring.

- Inntektsfrådraget (inntil kr 61.500) må gjelde pr person med næringsinntekt og ikkje berre gi eitt frådrag på bruket. Dette vil vere eit viktig likestillingstiltak. Frådraget må også gjelde for inntekt frå alle landbrukstilknytte næringar.
- Avskrivingsatsane for bygg må opp frå 4% til 8% for å samsvare med levetida. Båsfjøs må kunne velje lineær avskrivning fordelt på tal år fram til det er ønskeleg at lausdrift blir innført. Alternativt at brukstida blir sett til under 20 år, då med 6% avskrivning. Nye krav til hald av produksjonsdyr og betongskadar har redusert venta levetid. Det er truleg at ein større del av betongskadde husdyrbygg blir nytta så lenge det er forsvarleg og deretter skifta ut.
- Investeringsstilskot ved utbygging bør vere avskrivbar liksom for fleire andre næringar.
- Skattefrie fondsavsetning for investering i garden tilsvarande Boligsparing Ungdom (BSU).
- Utgiftsføre kjøp av mjølkekvote utan at verdien av samla kvote blir formuesført i status.
- All næringsverksemd basert på garden sine ressursar og utstyr bør bli rekna som binæring utan omsyn til omsetnad. (No krav om at «anna næring» med over kr 50.000 i omsetnad skal bli registrert med eige momsoppgjer og høg sats for trygdeavgift på 10,7%.)
- Inntekt av gjestesenger vere skattefritt for inntil 10 senger som i Austerrike.
- Høve til å utgiftsføre nyanlegg av gardsveg liksom for vedlikehald av veg.
- Direkte utgiftsføring av varekjøp under kr 30.000 (i dag kr 15.000).
- Dokumentavgifta ved eigarskifte (2,5%) bør bli redusert.
- Fjerne formueskatt på arbeidande næringskapital slik Stortinget vedtok tidlegare.
- Dyr av eige oppal vere friteke for formueskatt tilsvarande som for eigenprodusert grovfôr.
- Fjerne arbeidsgjevaravgifta for tilsette i landbruket og foredlingsindustrien i distriktskommunar.
- Fjerne avgifta på «avgiftsfri» diesel.

3 Virkemiddel over jordbruksavtala

I Norges Bondelag skal vi drøfte rammevilkår, regelverk og intern fordeling av virkemiddel. Så får det bli opp til kvar ein-skild bonde om ein ønskjer eller ikkje ønskjer å drive med kulturlandskapstiltak, økologisk landbruk, søkje bygdeutviklingsmidlar til tradisjonelt eller nye næringsgreiner, samdrift, eller foredle mat på garden. Bondelaget ønskjer å få til best muleg rammevilkår for dei driftsformer som bøndene faktisk driv.

Bondelaget blir framleis av ein-skilde forsøkt stempla som om vi er mot noko dersom vi ikkje går inn for auka løyvingar eller kan seie ja til alle gode forslag. Den mest effektive debattform og som styrkjer næringa sine samla rammevilkår - er framleis gode argument.

3.1 Forslag til omprioriteringar - kuttliste

Vi vil også i år tilrå kutt på visse postar med sikte på omprioritering til inntektsgjevande tiltak og effektivisering. Medlemene reagerer på byråkratiseringa innan og rundt næringa, både i eigne organ og i det offentlege. Det er stadig nye krav og pålegg trass i at regjeringa seier den arbeider for forenkling for næringslivet. Det gjeld både for vanleg drift og nye næringsgreiner.

Vi gjer difor framlegg om 10% kutt i løyvinga til KSL (som er på i alt 20 mill kr), Landbrukshelsa (15 mill), Forsking og utvikling (69 mill kr) og økologisk landbruk (38 mill kr).

Forholdet mellom prisutviklinga på husdyrprodukt og korn som innsatsfaktor for kraftfôr tilseier at det vil vere aktuelt med ein viss reduksjon i kornprisen, og vi gjer framlegg om å redusere korn- og kraftfôrprisen med 5 øre. Dette for å unngå eit aukande misforhold mellom prisen på korn og husdyrprodukt.

3.2 Innretting av virkemidla - Struktur

3.2.1 Produksjonstillegg for grovfor

Vi gjer framlegg om *lik sats for alt grovforareal i same sone*. Dette av omsyn til:

- forenkling, spesielt for felles søknad frå føretak med fleire brukarar,
- det blir likt for ein-skildbruk og samdrifter,
- det kan stimulere auka grovførdyrking til storfekjøtproduksjon,
- stimulerer til å drive eit større og marginale areal i bygder der det er mindre interesse for tilleggsjord, og slik at det har mindre å seie om det er gras eller korn på arealet.
- Det vil også bety forenkling for rekneskapskontor og kommunane sine landbrukskontor.

Ved utflating var det tidlegare utrekna at arealtillegget då ville bli kr ca 380/da i sone 5 (no kr 403). Sjølv om endringa ikkje medfører så store beløp for bruk under 200 dekar, må reduksjonen bli kompensert med tilsvarande beløp på den minste gruppa i produksjonstillegg for ku, geit og sau. Midlar kan hentast ved reduksjon av husdyrtillegg for dei største gruppene som då får eit større arealtillegg.

3.2.2 Beløpsavgrensing for produksjonstillegg husdyr

Vi vil halde på beløpsavgrensinga for husdyrtillegg, men *auke taket frå kr 150.000 til kr 200.000* av omsyn til meir likeverdige forhold for tofamiliebruk, for bruk som driv fleire husdyrproduksjonar, og familiebruk i forhold til samdrifter.

3.3 Distrikta få auka driftstillegget i mjølkeproduksjonen med kr 5.000

Distriktstillegga har vore uendra i mange år, med unntak av det ekstra driftstillegget i mjølkeproduksjon i dei fire fylka rundt Oslofjorden (629 bruk) som vart innført samstundes med at driftstillegget for alle andre gikk ned med kr 1.000. *Vi går inn for at dei andre fylka no får den same auken i driftstillegg med kr 5.000* (som for 17.000 bruk samla utgjør 85 mill kr). Vest- og Nord-Norge er mellom dei områder i landet der flest sluttar med ku.

Etter at distriktstillegga har stått stille i mange år er inntektsutviklinga stadig best i sentrale strøk. Utviklinga dei siste åra har vist at mindre og vanlege bruk i distrikta og som har stor verdi for busetting og kulturlandskap er dei som i størst grad har lagt ned drifta sidan det ikkje lenger er lønsamt.



Landbrukspolitikken og uttale til jordbruksforhandlingane vert kvart år gjennomgått og drøfta i regionale møte med lokallagsstyra. Her frå organisasjons- og næringspolitisk verkstad for lokallagsstyra i Surnadal i januar 2004 (Foto: Gunnar K. Wentzel).

3.3.1 Fraktordningane blir stadig viktigare for å skape like vilkår utan omsyn til plassering av foredlingsanlegg. T.d. for egg vil auka frakttilskot ha relativt mest å seie for dei mindre produsentane og medvirke til å oppretthalde produksjon over heile landet. Fraktkostnadene kompensere ikkje fullt ut for meirkostnadene med frakt i distrikta.

3.4 Samarbeid: Det er positivt at bøndene søker samarbeid på ulike område, og vi ønskjer at regelverket skal leggje til rette for dette i ulike produksjonar. Samarbeid kan bli stadig viktigare for å oppretthalde mjølkeproduksjonen og samstundes gi ferie og fritid. Vilkåra for samdrifter i mjølkeproduksjonen bør stå fast og vi har ikkje framlegg til endringar. (Likevel vil forslaget om flat sats for produksjonstillegg grovfor gjere samarbeidet om grovforproduksjon enklare. Om samdrifta søker produksjonstillegg felles unngår ein fleire botnfrådrag. Vidare vil vårt framlegg om auke i investeringsmidlar betyr relativt mest for samdrifter.)

3.5 Velferdsordningane

I dagens inntektssituasjon vil dei fleste lokallag prioritere inntektsgjevande tiltak framfor betring av velferdsordningar som vil krevje store løyvingar. Avløyssarordninga nyttar 875 mill kr (7,6%) av avtaleramma på 11,4 mrd.

Men *dagsatsen for avløyssing under sjukdom må auke frå kr 750 til kr 1.000*, slik vi også ba om i fjor. I det minste ber vi om at dagsatsen auker for langtidssjukmeldte. Dei reelle kostnadene til avløyssar ligg gjerne rundt 1.200 kr/dag.

Onnetid for grøntproduksjon bør bli utvida frå 15.3. til 1.11 (i dag 15.4. til 1.10.).

Avløyssarordninga bør framleis vere ei refusjonsordning for ein-skildføretak som sikrar brukarfamilien fritid i framtida, forståing hos folk flest, og plass i grøn boks i WTO.

Det må bli sett av *meir midlar til utbetaling slik at 75% av forskotert beløp til avløyssar kan bli refundert før årsskiftet i samsvaret med forskrifta*. Refusjonen bør bli utbetalt til avløyssarlaget når utgiftene er dokumentert.

Det bør *opnast for refusjon av avløyssarutgifter ved bruk av sjølvstendig næringsdrivande*. I dag er refusjonsordninga basert på at avløyssar er tilsett. Det kan vere ein nabo, eller registrert avløyssar. Ein må då vere merksam på m.a. ansvarsforsikring, og at det kan gå ut over tilbodet frå avløyssarlag sin verksemd. Ein bør også vere merksam på at dersom ein næringsdrivande er utan anna lønsinntekt vil ein ha rett på minstefrådrag på inntil kr 45.700 slik at lønsinntekt blir skattefri.

Dersom ein dokumenterer utgifter gjennom avløyssarlag, bør også refusjonsbeløpet gå gjennom avløyssarlaget av omsyn til likviditeten i laget.

Det må opnast for at avløyssarlag kan administrere Landbruksvikekarordninga ved at det ikkje er krav om tilsetting i kommunen.

3.6 Økologisk landbruk

Målet om omlegging av 10% av arealet til økologisk drift står fast. Men vidare satsing må vere marknadsmessig basert. Vurdere om målsettinga om 10% er for høg på ein-skilde produksjonar og sjå meir i forhold til kva marknaden tilseier. *Vi trur virkemidla er tilstrekkelege sjølv med eit kutt på 10%*, og at auka produksjonstillegg ikkje vil bety meir økologiske produkt ut i marknaden. Sal og marknadsføring har mange felles mål med lokal matforedling og bør i større grad samordnast med Verdiskapingsprogrammet for mat.

3.7 Miljøvirkemiddel

3.7.1 Forvaltninga av miljømidlar i kommunane

Kommunane får frå 2004 overført ansvar for ei rekkje lover, samt midlar frå dei tidlegare ordningane som: Spesielle kulturlandskapsmidlar, investering i miljøtiltak, miljøomlegging i korn, områdetiltak, skogbruksmidlar til miljø, skogsveg, skogkultur og felletiltak. Dei miljømidla kommunane forvaltar må gå til å skape inntektsgrunnlag på garden. Arbeidet opnar for auka innverknad for det lokale Bondelaget og samhandling med lokale politikarar. Det er grunn til å få erfaringar med endringane før ein trekk konklusjonar, men i dei fleste kommunar ser arbeidet ut til å gå bra.

3.7.2 Forvaltning av regionale miljømidlar i fylka

Tilskot til seterdrift, organisert beitebruk, endra jordarbeiding, fôr i fjellet, driftsvansketillegg for brattlendte bruk og informasjonstiltak skal frå 2005 bli fordelt regionalt i fylka. Vårt fylke ligg på botn i tildeling med 17 mill kr eller 31 kr/da mot 59 i Akershus for 2006. I Møre og Romsdal er det framlegg om at forvaltninga skal gå gjennom Kulturlandskapsgruppa.

Fylkeslaget ønskjer å gå inn for midlar til setring med minst same beløp som i dag med kr 13.000 pr seter, gjerne med eit tillegg der det er fleire deltakarar. Organisert beitebruk stimulerer til samarbeid om bruk av felles beiteressursar og sikrar dokumentasjon av utmarksbruken. Vidare bør tiltak for brattlendte bruk vere prioritert. Turistnæringa og anna næringsliv bør vere interessert i å samarbeide om tiltak på fleire av desse områda. Husdyrhaldet er det einaste som på varig basis kan halde kulturlandskapet i hevd og samstundes gi liv til landskapet.

3.8 Investeringsverkemidlar - Landbrukets Utviklingsfond

Det bør vere *meir fleksibilitet i disponeringa av midlar mellom tradisjonelt landbruk, nye næringar og rentestøtte etter som kor behovet er størst* det einskilde året (i dag 10% overføringsmullegheit).

Vi gjer framlegg om ramme for rentestøtte på lån på inntil 1,5 mill kr (no 1 mill) og 300.000 kr (no 200.000 kr) i investeringstilskot pr landbrukseigedom for nye brukarar etter eigarskifte, utan aldersgrense. For andre brukarar vil det vere som før. Dette vil bidra til at effektivitetsgevinsten i større grad går tilbake til nye brukarar. Det vil truleg då vere naudsynt å auke samla ramme til investeringar.

Fleire andre land har betre investeringstiltak enn vi har i Norge. Det bør også bli vurdert om det skal vere ulike satsar for investeringsstøtte til ulike tiltak.

T.d. var det i Finland ved årsskiftet framlegg om betydeleg auke i omfang av støtte i forhold til kostnadsoverslag : Bygg for mjølk, storfe og sau 65%. Gris 50%. Tørker 40%. Ungdom ytterlegare 5%. Byggekostnader som følgje av miljøtiltak, dyrevelferd eller produksjonshygiene: 75%. Grunnreparasjon av kultur- eller arkitektoniske viktige bygg: 20%. Bustadsbygg: 20%.

3.8.1 Rentestøtteordninga

Prosentsatsen bør kunne vere høgare i distrikt som har lågare pantsikkerheit. Det kan og vere aktuelt med høgare sats til prioriterte tiltak.

Rentestøtteordninga må prioritere igangverande produksjon slik som ved betongreparasjonar, og bidra også til mindre investeringar.

Når rentestøtteordninga kan bli nytta til ordinære lågrisiko lån i Innovasjon Norge, kan dette bli nytta som byggjelån, og det kan også presse lokale bankar til å gi betre vilkår. Desse låna sikrast med pant i fast eigedom og renta er for tida 3,3%.

3.9 Andre forhold knytt til virkemiddelbruken

3.9.1 Omsetningsavgifta

- Det bør bli vurdert om det er muleg at dei som aukar produksjonen eit år betalar ein større omsetningsavgift.
- Trekk av omsetningsavgift betyr lågare utbetalingspris til produsent. Vi er opptekne av streng prioritering av midlar frå omsetningsavgifta. Det går mykje til faglege tiltak, spesielt på kjøt. Løyvinga til faglege tiltak på kjøt og fjørfekjøt bør bli redusert med nokre prosent pr år.

3.9.2 Vilkår for tildeling av produksjonstillegg

Det er ikkje aktuelt å la Finansdepartementet få bestemme kven som skal ha rett til produksjonstillegg i landbruket gjennom grensa for registrering for meirverdiavgift, no på kr 50.000. Vi kan slutte oss til tanken om krav om registrering som føretak i Einskapsregisteret. Dette kan bli kombinert med t.d. krav om minst 10 dekar jordbruksareal. Vidare ei ordning som skissert der botnfrådraget for produksjonstillegg går mot null når utrekna produksjonstillegg når eit visst nivå. Ordninga kan stimulere til å drive eit større areal for å få produksjonstillegg. (Det ville vere ønskeleg at ordninga var basert på ein lineær funksjon i staden for trappetrinn med dei tilpassingar som det lett fører til.)

4 Prioritering innan produksjonane

4.1 Mjølk

Omfordeling av kumjølkkvoter innan fylket ser ut til å ha fungert tilfredsstillande for mjølkeprodusentane med 30% i fri omsetnad og resten gjennom staten til kr 3,50.

Mjølke marknaden må kunne bli styrt fleksibelt slik som i haust ved at forholdstalet blir sett opp når det er behov for det i marknaden.

Den nye marknadsordninga for mjølk må sikre meierisamvirket likeverdige rammevilkår. Vi er framleis prinsipielt negative til særtiltaka for uavhengige industriaktørar i mjølke marknaden, og meiner dette må vere kortvarige overgangsordningar. Målprisen for ku- og geitemjølk bør lausrivast frå kvarandre. Det er to ulike produkt.

Geit: Vi har merka oss forslaga i arbeidsgruppa for tiltak i geitehaldet i Norge med deltakarar også frå vårt fylke.

Kvoteprosent for geitemjølk må halde fram slik det er framlegg om.

Vi kan godta at det blir opna for etablering av nye geitemjølkeprodusentar innan kjerneområda for geitemjølk basert på kjøp av heile kvoten. Dette for å styrkje miljøet og opne for nye unge interesserte produsentar. Føresetnaden må vere at heile kvoten kjøpast og at det ikkje er ein del som er frikvote.

Dyretilskotet på kr 1.195 pr mjølkegeit kan reduserast noko mot tilsvarande auke i målprisen for geitemjølk. Dette vil redusere spekulasjon rundt teljedato og stimulere til betre produksjon og kvoteoppfylling.

Norges Bondelag må ikkje gå inn for at minimumskvota for geitemjølk blir heva frå 15.000 liter. Dette kan ikkje skjje samstundes som andre må kjøpe kvote.

Løyvingar til sjukdomssaneringa «Friskare geit» må evaluerast, men ikkje medføre mindre løyvingar til resten av geitenæringa. Sanering av andre produksjonar har alltid vore kostbart.

4.2 Kjøt

Det er rom for meir storfe kjøt og kvalitetsslakt av lam. For svin er det no balanse. Produksjonsregulerande tiltak bør likevel bli sett i verk før ein overproduksjon slår ut i marknaden for da følgjer ofte ein langvarig prisnedgang for alle kjøtslaga.



Stadig fleire samdriftsfjøs er bygd i Møre og Romsdal dei siste åra. Her frå synfaring i oktober og orientering frå Ola Nordvik (t.v.), som er i gang med bygging i Surnadal. Til høgre statssekretær Leif Helge Kongshaug. (Foto: Gunnar K. Wentzel).

Vi vil tilrå ein sterkare variasjon av prisen samt langtidsinnmelding for å sikre forsyning av kjøtt i sesong så lenge vi slit med verknad av teljedato. (Jfr Tine Meieriet Vest som har ein tøff prisløype med tillegg på kr 1,52 på det meste for kumjolk.)

Storfe: Ein bør vere varsam med å overvurdere underskotet på storfe kjøtt. Vi ser ikkje grunnlag for ny inndeling av sonene for distriktstillegg ved å dele sone 1, slik det er nemnt. T.d vil prisnedgang på svin og lyst kjøtt kunne gje utslag. Etter innføring av driftstillegget i ammekuproduksjon og med same satsar for mjølkeku og ammeku, bør ein no leggje vekt på å medvirke til å nytte ut den kalvereserven som er. Vi vil forutan å nytte vektgrensene tilrå å innføre eit hanndyrtillegg med t.d. kr 500 over 300 kg slaktevekt av klasse O- eller betre.

Sau: Det er noko tidleg å konkludere korleis endringane i fjorårets avtale vil slå ut, men tilbakemeldinga frå lokallaga og Sau- og Geitlagslaget er positive. Produsentar med gamal norsk rase som produserar slakt over to beitesesongar kom uheldig ut.

Lam: Kvalitetstillegget bør om muleg bli utbetalt saman med slakterioppgjøret. Kvalitetstillegg til lammekjøtt bør ikkje bli gjeve til klasse P og P-. Vektgrensa for fullt grunntilskot på 23 kg bør fjernast. Vurdere om det bør gjevast tilskot til 25% på settlam. Det er viktigare med tilskot på nye avlsdyr enn på vaksne søyer som skal utranerast. Tilskotet for sau, lam og geit på utmarksbeite bør auke frå kr 84 til 100 (utgjer 33 mill kr).

Svin: For svinehaldet som leverer store mengder kjøtt utgjer samla avgifter (kjøttkontroll, TSE, matavgift) no nærare 1.000 kr/tonn. Kontrollavgifta for kraftfor utgjer kr 11,50/tonn. Kostnadene til matkontroll må bli belasta statsbudsjettet og ikkje primærprodusenten.

4.3 Fjørfe - Egg: Distriktstilskotet bør auke frå 40 til 50 øre/kg for å oppretthalde ein fordeling av eggproduksjonen rundt i landet. Kostnadene til tilpassing av reglane for husdyrhald skulle tilseie ein auke i prisen på kr 1,20.

4.4 Grønt – Viser også til uttale frå Grøntutvalet for Vestlandet. Målpris og noteringspris må vere utrekna på netto vare utan emballasje. Grossist stiller stadig nye krav til merking av emballasje som blir belasta produsent. Produsentsamanslutning er viktig med sikte på avsetningstiltak, og vi ønskjer auke posten frå 0,5 til 2 mill kr for å stimulere til produsentsamanslutningar innan grøntsektoren. Plantevernavgifta må bli ført tilbake til næringa i arbeidet med redusert bruk av plantevernmiddel. Restriksjonane på bruk av plantevernmiddel, slik som mot skadedyr på kålvokstrar, fører til stort svinn og som må kunne takast igjen i produktprisen.

Frukt: Plommer bør få høgast toll frå 1.8.-1.10.

Potet: Det er reist spørsmål om det er tenleg med målpris på potet. Den kan føre til problem med å ta ut auka priser når marknaden tillet det. Elles bestemmer grossistane produsentprisen utan omsyn til målpris.

4.5 Korn- og kraftfôrprisen

Kraftfôret utgjer aleine 25% av *dei totale* kostnadene i norsk landbruk. For konkurranseevna for norske husdyrprodukt er difor kraftforkostnadene avgjerande. Det blir alt nytta 432 mill kr til prisnedskrivning av korn til kraftfor. Heile 80% av kornavlingane blir nytta til kraftfor. Det vil vere skadeleg om det blir etablert nye tilfeldige importkanalar for kraftfor. Det kan i følge studieheftet sjå ut til at konkurransen har ført til betre pris for kornet, medan ein ikkje kan sjå tilsvarende gevinst på kraftforsida.

Vi vil tilrå ein årleg varsam reduksjon i kornprisen med - 5 øre pr kilo, og dette må redusere kraftforprisen tilsvarende.

Prisreduksjonen kan bli kompensert ved arealtillegg, men vi trur at ein del av kostnadsreduksjonane i kornproduksjonen bør bli tatt ut som lågare kraftforpris. Samstundes er det grunn til å tru at den nye marknadsordninga for korn kan bety betre pris for kornprodusentane på kostnad av omsetningsledda som følgje av auka konkurranse.

Ein del av bakgrunnen for dei låge årsverksinntektene på dei ein del av referansebruka for einsidig kornproduksjon, kan vere høge kostnader. Dersom ein normaliserer kostnadene blir inntektene betre.

Vi forventar at kraftforprisen er så låg som muleg og ikkje subsidierer anna drift hos kraftfôrforhandlarane.

4.6 Pelsdyr: Pelsdyrnæringa er ein viktig tilleggsproduksjon for gardsbruk i vårt fylke. Næringa er prega av utøvarar med optimisme og tru på framtida og fokus på tilpassing til samfunnets krav til driftsmåte, og dette trass i skiftande internasjonale prisar. Næringa tar hand om avfall frå slakteri og fiskeforedling, men som ofte må transporterast lang veg. Fraktutjamningsordninga medverkar til lik pris utan omsyn til produksjonsanlegg. Frakttilskotet må halde fram. Det gjeld også refusjon av toll på importert kraftfôr.

Pelsdyr står også framfor store investeringsbehov og må få del i investeringsverkemiddel på line med andre landbruksnæringar.

5 Næringutvikling

5.1 Generelle vilkår for næringsutvikling

Det ville vere lettare å få til nye næringsutvikling dersom dei formelle krava var enklare, at det offentlege hjelper til å lose ein etablerar raskt gjennom i staden for å presentere nye skjema og krav, at det var auka grenser for skattefritak, og at det var muleg med skattefri fondsavsetning for å byggje opp naudsynt eigenkapital. Det er kostbart og strenge krav til byggesakshandsaming, og til godkjenning av bruk av eige areal.

Elles trur vi at finansieringsordningane gjennom Innovasjon Norge er tilfredsstillande for gode prosjekt, det er midlar og kurs for etablerarar som er godt motteke. Jfr pkt 3.8.

5.2 Forvaltning og næringsutvikling i verneområde gjennom fond

Det må bli oppretta næringsutviklingsfond finansiert av Miljøvernedepartementet i samband med oppretting av verneområder. Midlane må kunne nyttast av grunneigarar og lokale aktørar som er direkte berørt. Vi forventar at Miljødepartementet deltek i Landbruksdepartementet sitt arbeid med å forenkle og forbetre juridiske og økonomiske virkemiddel som kan føre til miljøbasert næringsutvikling og skjøtsel av verneområder. Avtalemidlar skal ikkje nyttast til skjøtsel i verna områder.

5.3 Praktisering av lovverket

Konsesjonslova skal no bli forvalta av kommunane med Statens Landbruksforvaltning som ankeinstans. Politiske styresmakter bør i større grad nytte retten til å setje som vilkår for konsesjon at delar av eigedomen blir avstått med sikte på å oppfylle måla for jord- og konsesjonslovene når føremålet med ervervet ikkje er å drive arealbasert landbruk.

6 Andre forhold

6.1 Internasjonale avtalar

Fylkeslaget ønskjer å byggje vidare på det arbeidet Norges Bondelag gjer rundt WTO-forhandlingane med informasjon overfor politiske organ, alliansar med andre interesseorganisasjonar som tilsette i næringsmiddelindustrien, fiskarlag og miljøorganisasjonar.

Uttalen i studieheftet om at «- medlemskap i EU ikkje vil innebere betre marknadsadgang for norsk eksportretta industri» er noko unyansert når det gjeld foredla fisk, spesielt for oppdrettsfisk. Likevel er vårt argument om at det er viktigare med kontroll over fiskeressursane sterkt.

Norge importerer alt halvparten av kaloriinntaket vårt. Rundt 60% av matimporten er tollfri. Eit femtitals av dei fattigaste U-landa har tollfriheit for dei fleste varer. Med dette utgangspunktet har Norge lite å gå på når det gjeld ytterlegare lemping av importvernet utan at det går ut over primærproduksjonen. Vi må arbeide for alle land og folk sin rett til kontroll over eigen matforsyning. For at U-landa skal kunne få konkurransefordel med null toll, må andre land møte ein viss tollsats.

6.2 Skogavgifta: Rentene må bli ført over på den einskilde leverandør sin konto og ikkje som i dag gå til uvisse tiltak i skogforvaltninga.

6.3 Statsbudsjettet

6.3.1 Skogplantning er redusert til ein tredel etter bortfall av statsstøtte og hundre års samfunnsarbeid med å kle landet med verdifull skog er brote. *Statstilskotet må bli innført igjen.* I store delar av Vest-Europa er det i dag lite skog igjen. Skogen på Møre var i tidlegare tider ein eksportvare. Verdiskapinga av skogskjøtsel kjem først etter to generasjonar. Skogeigar får ein liten del av verdien av tømmerstokken. Skogreising og skogkultur er framleis viktig for bumiljøet i skogfattige strøk. Ungskog bind CO2 og bidrar positivt til internasjonale forpliktingar.

6.3.2 Spesialisert matproduksjon

Løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for mat er flytta ut av jordbruksavtala og over på statsbudsjettet. Vi trur meir ansvar og forvaltning av VSP-midlar bør bli flytta ned på fylkesplan for å få til meir samhandling mellom produsentar, skuler med kokeline, Mattilsyn, matutsal, osv. Jordbruket driv primært med matproduksjon og det er ønskjeleg å få meir att for produkta på bonden sin hand. Det er Bondelaget sin oppgåve å medvirke til at bøndene får mest muleg att for dei varer og tenester som blir levert.

6.4 Trekk av avtalemidlar til faglaga

Det bør løne seg å vere fagorganisert. Fagorganisasjonane er viktige aktørar både for å ta vare på interessene til ei gruppe og ei næring, men også å gjennomføre avtaler med samfunnet. Det er innført omsetningsavgift, kjøttkontrollavgift og forskningsavgift på all leveranse til fellestiltak. Det er avgift på gjødsel og plantevern som går til forskning og utvikling.

Tilsvarande vil Møre og Romsdal Bondelag igjen gjere framlegg om at det blir drøfta eit *trekk av midlar som går til fellestiltak i faglaga som forhandlar fram avtala.* På den måten kan også uorganiserte få bidra. Vi reknar med at dette må skje med heimel i jordbruksavtala. Bondelaget utfører ei rekkje oppgåver av verdi både for bøndene og for samfunnet. Det er stadig nye utfordringar som samfunnet ønskjer å løyse i samarbeid med næringa slik som kultur, miljøtiltak, bygdeutvikling og lokal forvaltning av ressursane på landbrukseigedomane.

7 Informasjonsaksjonar

- Lokallaga ønskjer å føre vidare positive informasjonstiltak og alliansar med andre grupper.
- Orkla-konsernet sit med både mediamakt og næringsmiddelindustri som vil tene på lågare råvareprisar.
- Talfesting av korleis fortienesta fordeler seg i forhold til arbeidsinnsats mellom dei ulike omsetningsledd og produkt kan vere eit argument i kampen for auka målpris til bonden.

Vedlegg: Uttale frå desse 33. lokale Bondelaga: Isfjorden, Kvernes, Smøla, Fræna, Gossen, Gjemnes, Halså og Valsøyfjord, Indre Averøy, Sunndal, Aure, Eide, Ørskog, Straumsnes, Valldal, Liabygda, Ålvundeid, Vestre Sunnmøre, Ytre Haram, Harøy og Fjørtoft, Hjørundfjord, Ytre Averøy, Rindal, Vestnes, Eid, Holm og Rødven, Tustna, Stranda, Eidsdal og Norddal, Sunnlyven, Surnadal, Øksendal, Ørsta, Skjåstaddalen.

Uttale frå samarbeidande organisasjonar: Tine Midt-Norge, Sunnmøre Pelsdyrslag, Norsk Kjøttfeavslag, Grøntutvalet for Vestlandet, Gartnerhallen-Vest, Landbrukstenester M&R, Norsvin M&R, Grøntprodusentane i Smøla, Tine Meieriet Vest.

3.2 UTTALE TIL ROVDYRMELDINGA

30. januar vart det halde møte i Bondelaget om rovdryrmeldinga på Sunndalsøra der desse bondelagsmedlemene som dels er rovdryrtalsfolk i Saualslaget var innkalla: Oddvar Tynes, Stranda, Jon Kristian Aune, Rindal, Ola Bruset, Todalen, Hallvard G Hagen, Sunndal og Gunnar Wentzel. Møtet drøfta og laga uttale frå M&R Bondelag til Rovviltmeldinga.

Fylkesstyret slutta seg til uttalen 8. februar. Her er uttalen som Møre og Romsdal Bondelag har sendt som høyringsuttale til Norges Bondelag om rovdryrmeldinga - St.meld. nr 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur (forkorta):

Meir rovdryr i våre kommunar

Møre og Romsdal Bondelag vil at det «rovdryrfrie» Vestlandet skal gå nord til Romsdalsfjorden og avgrensa til Trollstigvegen i aust. Viktige landskapsvernområde som heile Trollheimen og beitedalar i Sunndalsfjella, samt Ulvådalen, kan ikkje ha ynglande rovdryr som fortrenger beitedyra. Bondelaget vil ha part-samansette fylkesvise rovviltnemnder og går sterkt mot forslaget om storregionar. I tillegg bør utsette rovdryrkommunar ha eigne nemnder. *Rovdryrtap av husdyr må erstattast fullt ut.*

Den nye stortingsmeldinga om rovvilt i norsk natur vil *double talet på jerv og gaupe i Sør-Norge*. I store delar av landet er ein uroa over attgroinga og ønskjer fleire dyr på beite for å halde landskapet oppe.

Vi ser det som viktig å føre vidare ein jakt- og fangstkultur til nye generasjonar og der rovdryra ikkje utryddar jaktbart vilt over store område. Busetting og friluftsliv for barn og unge over heile landet må kunne skje utan frykt for rovdryr. Stortingsmeldinga peiker på at rovdryra må bli jakta på for at dei skal frykte menneske.

Aukande rovdryrbestand

Jerven fører til 40% av erstatta husdryrtap i Norge. Stortingsmeldinga går inn for å auke talet på ynglande jerv i Sør-Norge. Medan Stortinget ved handsaminga i 1997 sette eit bestandsmål på 10 - 15 ynglande jerv, er no målet for Sør-Norge auka til 22 dyr. I vårt fylke gjeld det i praksis området frå Trollheimen til Geiranger.

Resultatet av meldinga vil bli at den er starten på slutten for bruk av beiteretten i store områder. Jegerar opplever at rovdryra fortrenger rådyr, hjort og elg og utsetter hund i utmarka for fare. Jerv og gaupe medfører dei største husdryrtapa i heile landet og ein frykter at Stortinget vil ha for ein-sidig fokus på det som har vore mest omtalt dei siste åra - ulv og bjørn i grensetraktene. Jerv står på landsbasis i 2002 for 13.000 erstatta tap av husdryr eller 42%, derav 1.000 i Møre og Romsdal, gaupe 20%, bjørn 2%, kongeørn 2% og ulv 5 %, og resten ukjent rovdryr.

Møre og Romsdal Bondelag meiner det ikkje bør vere ynglande bestandar av ulv og bjørn i Norge og at dette kan sameinast med Bernkonvensjonen som Norge har godkjend.

Rovdryr i vårt område

Vestlandet nord til Geiranger og Storfjorden er det i meldinga forslag om framleis skal vere «rovdryrfritt». Det vil seie at husdryrbeite er prioritert framfor rovdryr. Ein kan då ikkje godta ynglande rovdryr her. *Stortinget bør formulere at: Vestlandsregionen skal haldast fri for faste eller ynglande bestandar av gaupe, jerv, bjørn eller familiegrupper og revimarkerande par av ulv.*

Det er avgjerande at areal blir prioritert som beiteområde. Trollheimen er landskapsvernområde der beitebruk er eit av verneformåla. Her er ein vinterstamme på 1.600 tamrein og gode beiteområde for sau og storfe forutan store stammer av hjortedyr. Forvaltninga må ta omsyn til at i delar av *Sunndalsfjella er verna som kulturlandskapsområde av nasjonal betyding.* Her er det sett inn virkemidlar for å auke beitebruken. Då blir det feil å prioritere ein einaste dyreat i det biologiske mangfaldet.

I områder der beitebruken er prioritert kan ein ikkje godta ynglande rovdryr som fører til dei største husdryrtapa. Ansvar for felling av skadedryr må liggje til forvaltninga. Hi-uttak har vore eit av dei mest effektive tapsreducerande tiltak. Vi er ikkje samde i at vi har gode bestandsregistreringar i Norge trass i at det blir brukt store beløp på forskning.

Møre og Romsdal Bondelag ser at det kan vere naturleg at vårt distrikt framleis har eit ansvar for å oppretthalde ein jervstamme på Dovrefjell og eventuelt inn i Reinheimen. Utbreiinga av jerv har vore knytt til villreinstammene. *Vidare at gaupe er meir utbreidd frå Trøndelag sørover til Sunndalsfjorden.* Men dei store rovdryra må ikkje få etablere bestandar utover på dei husdryr- og folkerike halvøyene i fylket. Her er også tette bestand av hjort og rådyr og etterkvart elg – berre i Molde 150 overvintrande elg. I tillegg vil ein måtte leve med ein veksande ørnebestand. Jakttida for jerv bør starte 20. aug samstundes med reinsjakta.

Lokal forvaltning

Meldinga går stikk mot prinsippa som blir gjennomført for andre miljøsektorar når regjeringa vil dele landet inn i seks forvaltningsregionar med kvar sin rovviltnemnd. *Møre og Romsdal Bondelag vil ha fylkesvise rovviltnemnder med vedtaksfullmakt. Nemndene bør vere part-samansette slik som prøveordninga for vårt fylke i dag.*

Dagens politiske signal går i retning av lokalt ansvar og utnytting av utmarksressursane basert på sentrale retningslinjer. Medverknad og mulegheiter for samarbeid mellom interessegrupper er viktige prinsipp og spesielt på konfliktfylte område. Det er enkelt med samarbeid over fylkesgrensene om fylkesvise forvaltningsplanar for å oppnå ein regionvis samhandling.

I dei mest rovdryrutsette kommunane kan ein opprette rovviltutval som gjennomfører førebyggjande tiltak og forvaltar beitinga fellingsløyver for uttak av skadedryr slik det er mange plassar i dag.

I Møre og Romsdal har næringa og forvaltninga gode erfaringar med det rådgjevande Rovviltutvalet til fylkesmannen. Utvalet har hatt vedtaksmynde på fordeling av midlar til førebyggjande tiltak. Det kan vere at vårt fylke er mellom dei fylka der forsøka med ulike Rovviltutval har fungert best. Etter vårt syn er eit slikt samansett utval eit godt døme på korleis ein kan setje saman organ også for andre forvaltningsoppgåver. Utvalet gir næringa medansvar for rovdryrbestandane liksom for anna vilt.

Departementet vil at regionnemndene skal bli sett saman av *Direktoratet for Naturforvaltning etter forslag frå kommunane.* Det betyr at *Direktoratet kan lage dei nemndene ein ønskjer.* *Gjennomgåande har Direktoratet vore svært seine med å ta til følgje politiske signal, godkjenning av fylkesvise forvaltningsplanar, fellingsløyve, osv.*

Erstatning for rovdryrtap

Det er framlegg om at berre dokumentert rovdryrtap skal erstattast og ikkje sannsynleggjort tilleggsgtap som i dag. Vidare skal erstatningsbeløp bli utbetalt på grunnlag av rovdryrbestand og risiko for tap i området. *Forslaget er ei prioritering av rovdryra framfor beiteretten. Det er lovfesta rett til erstatning for rovdryrtap. Dagens ordning er den einaste ein kan tenkje seg som reduserer dyreeigars reelle tap.*

Tapa rammer ikkje jamt i eit område, men skil frå buskap til buskap og frå år til år. Ein har ikkje gjennomsnittstap til rovdryr. For jerv og gaupe er det vanskelegare å finne tapte dyr enn for bjørn og ulv. Det er vanskeleg å finne andre førebyggjande tiltak enn beiting på innmark i ein del bygder. Rovdryra vil følgje byttedyra inn i nye områder om beitedyra blir borte. Det er difor uakseptabelt når meldinga vil nytte den nye erstatningsordninga for

å få sauehaldarar til å slutte i områder der det skal vere faste bestand av rovdyr.

Vi ser behov for auka kunnskap hos husdyrhaldarane om rovdyr, sporing, rovdyrskade på husdyr og jakt og fangst. *Samstundes må tapsreducerande tiltak halde fram i samarbeid mellom næring og forvaltning slik det er i dagens fylkesvise rovviltutval og i kommunale rovviltnemnder. Det gjeld også samarbeid om organisert beitebruk, godt organisert sanking, utprøving av radiobjølle og ekstraordinært tilsyn.*

3.3 UTTALE OM ODELSLOVUTVALETS INNSTILLING

Forslag til uttale om odelslovutvalets innstilling NOU 2003:26 vart sendt lokallaga til høyring. Desse lokallaga sendte inn kommentarar: Sykkylven BL, Vestre Sunnmøre BL, Rindal BL og Eidsdal og Norddal BL. På møte 13. februar slutta fylkesstyret seg til innhaldet i uttalen som vart sendt Noregs Bondelag:

Møre og Romsdal Bondelag konstaterer at det er eit ønskje om å halde på Odelslova i næringa. Samstundes er det eit visst ønskje i næringa om å avgrense odelsrekka ytterlegare og korte ned fristen for odelsløyning. Forslaget til uttale er sendt lokallaga og det var ingen merknader, og uttalen er handsama i fylkestyret 13.2.2004.

- 1) Arealgrensa for odlingsjord bør vere på 20 dekar jordbruksareal som i dag (eller 15 da + tilsvarande rettar) eller 200 dekar skog (no 100 da). Grensa kan virke låg i forhold til driftsøkonomi, men forslaget om 50 da jord og 1.000 da skog vil bety at store delar av bygdelag ikkje har odelseigedomar. Slik sett vil lik odelsgrense for heile landet medføre at grensa kan virke låg i nokre bygder.
- 2) Fristen for å kunne løyse ein eigedom på odel bør halverast til 6 mnd.
- 3) Fristen for odelsrettshavarar til å svare på førespurnad om dei vil nytte odelsretten bør gå ned til 2 mnd. Eigedomen må då avhendast innan 2 år etter tilbodsfristen.
- 4) Likestilling mellom kjønn osv.

Vi vil rå frå at ein no tilbakeverkande endrar odelsrekkefølgja for dei som er fødd før 1965. Som kjend vart odelsrekken for barn fødd etter 1965 etter alder og ikkje kjønn. Adoptivbarn og odelsrekkefølgja: Ingen synspunkt.

- 5) Samodling for sambuarar Ingen synspunkt. Trygging av sambuar når odelsrettshavar døyr: Ingen synspunkt.
- 6) Utvida høve til å nekte odelsløyning om det vil virke urimelig å drive ein yngre bort.
Vi er samd i at det bør vere tilstrekkeleg at det vil verke urimeleg, og ikkje som no må vere klårt urimeleg, å drive ein yngre med odelsrett som har teke over eigedomen bort. Vidare bør det også vere høve til ved søksmål å nekte odelsløyning mot ikkje-odelsrettshavarar om det vil vere klårt urimeleg.
- 7) Odelskretsen bør framleis gjelde for etterkommarar om foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har ått eigedomen med odel. Det kunne til tider virke som ønskjeleg å kunne avgrense odelsrettshavarane ytterlegare, men vi ser som fleirtalet i utvalet at det kan vere prinsipielt uheldig og i praksis vanskeleg med ytterlegare avgrensing.
- 8) Møre og Romsdal Bondelag går inn for å halde på Odelslova. Vi meiner Odelslova sikrar samfunnsmessige interesser. Odelslova gjer det meir truleg at nye drivarar vil overta gardsbruka med sikte på busetting og drift og til ein rett pris. Odelslova sikrar også kvinnene reell lik rett ved overtaking av landbrukseigedom. Odelslova kan, saman med konsesjonslova, motvirke oppsamling av landbrukseigedom med sikte på spe-



Bureisarfamilien til Ole Sigbjørn Iversen (t.h.) på Smøla driv med ku, gulrot og kålrot på dei flate myrene inn mot og med dyrkingsreserver inne i det foreslåtte Midt-Smøla Naturreservat. Her i samtale med fylkesagronom Anders Hovde som kjenner Smølamyrene som si eiga bukselomme. I sør fjella på øya Tustna som synest godt frå flatene på Smøla. (Foto: Gunnar K. Wentzel).

kulasjon eller fritidsføremål. Odelslova har også vist sin verdi i mange hundreår og er ein del av norsk kulturarv og historie. Odelslova har gjeve jordarbeidaren eigedomsrett til produktjonsmidlane.

3.4 UTTALER FRÅ ÅRSMØTET I M&R BONDELAG 13. MARS 2004:

UTTALE 1: WTO-forhandlingane avgjerande for landbruket i Møre og Romsdal

Regjeringa seier den står fast på dei norske forhandlingsposisjonane i Verdas Handelsorganisasjon, WTO. Dette vert understreka av landbruksministeren i etterkant av globaliseringsdebatten i Stortinget. Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag seier seg glad for dette. Alle land må ha rett til eigen berekraftig matproduksjon.

Norge har allereie gitt mykje i forhandlingane. Det gjeld mellom anna reduserte eksportmulegheiter for Jarlsberg-ost som vi i dag har til andre i-land, svakare importvern og endra virmekiddelbruk. Landbruket produserer fellesgoder som kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturarv, og ikkje minst sjølvforsyning.

Det veks no fram ein allianse mellom bønder og andre organisasjonar i Sør og Nord for ein ny politikk for bærekraftig landbruk, matsikkerheit og for å oppretthalde familielandbruket både i rike og fattige land. Ein framtidig WTO-avtale må kunne setje krav til dokumentasjon av måten varene er produsert på ut frå omsyn til landarbeidarar, husdyr, genmanipulering og miljø.

Norge importerer alt halvparten av all maten vi ét. Rundt 60% av matimporten er tollfri. Dei minst utvikla landa har tollfridom for dei fleste varene. Med dette utgangspunktet forstår ein at Norge har lite å gå på når det gjeld ytterlegare reduisering av importvernet utan at det går ut over matvareforsyninga. Det er ikkje ein berekraftig politikk at nær same prisar og tiltak skal gjelde for dei beste jordbruksområda i verda som for fjord- og fjellbygdene.

Det kan bli lite igjen av matindustrien i Møre og Romsdal utan primærproduksjon innan jordbruk og fisk - med meieri og slakteri, og storaktørar som Stabburet.

Ein framtidig landbruksavtale i WTO må vere basert på desse prinsippa:

- Alle land må ha rett til eigen matproduksjon.
- Nettoimporterende u-land og i-land må ha rett til å bruke tilstrekkeleg tollvern for å oppretthalde eigen matproduksjon og foredling.
- Eksportstøtta bør fjernast på sikt, først og fremst på varer u-landa kan eksportere, som til dømes bomull og sukker.
- I landa bør importere varer frå u-land der dette er mogleg i staden for frå andre i-land.

UTTALE 2: Utfordring til reiselivsnæringa: Turistforeininga gjer det - kva med reiselivet?

Den norske turistforeininga har utvida sitt samarbeid med lokale aktørar til også å omfatte tilbod om lokalt produsert mat på mange av sine hytter. Vi vil utfordre reiselivet til å bruke meir norsk mat i sine bedrifter. Denne maten er laga i det kulturlandskapet som er ein viktig del av det produktet reiselivsnæringa marknadsfører.

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag vil utfordre reiselivet til å etterspørje eit samarbeid med landbruksnæringa og bøndene sine bedrifter om å levere norske og lokale matvarer med den kvalitet som det krev. Samstundes vil vi utfordre til samarbeid om tiltak som kan halde vårt felles norske marknadsprodukt i hevd. Fjordane på Vestlandet er kåra til nokre av verdas beste reisemål. Med langt færre bruk i drift klarer ikkje landbruksnæringa aleine å halde heile kulturlandskapet i same stand som før. Det er derfor viktig at næringar med samanfallande interesser samarbeider.

UTTALE 3: Aktive kommunar får mest igjen

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag ser det som riktig at kommunane har fått stadig større forvaltningsansvar innan landbruksnæringa. Det er dei mest aktive kommunane som får til mest når det gjeld utvikling av tradisjonelt landbruk og nye næringar. Kommunen må sikre seg tilstrekkeleg kompetanse til å ta ansvar for næringsutvikling og naturforvaltning. Tilbakeføring av midlar til landbruksforvaltninga i kommunane vil auke i åra framover.

Kommunane har frå nyttår fått mynde til å avgjere konsesjonssaker. Utbygging av bruk er i stor grad basert på leigd jord og dette set brukaren i ei vanskeleg stilling ved investeringar og stell av kulturlandskapet. Når kommunane no har ansvaret for konsesjonssaker, må ein kunne setje vilkår om at aktive brukarar skal kunne få kjøpe jorda som tilleggsareal i dei tilfelle der konsesjonssøklar ikkje har til føremål å drive jorda. Det er viktig at den som driv jorda også står som eigar. Eventuelt tilleggsareal bør seljast til landbrukstakst.

Vi vil utfordre lokale politikarar til å følgje opp to aktuelle saker som er viktig for bygdenæringane. No gjeld det mellom anna grunneigarane sin rett til å oppretthalde inntekter frå festetomter. Styresmaktene har oppmoda næringa om å skape inntekter av utmarka og det er derfor heilt uforståeleg at innløysingsrett for festa hyttetomter blir vurdert. Vidare investerer bøndene i fylket for tida betydelege beløp for å etterkome stadig nye krav til husdyrhaldet. Når styresmaktene ønskjer større bruk må ein følgje opp med tilstrekkeleg investeringsmidlar og avskrivingsreglar som er tilpassa byggets levetid.

3.5 UTTALE TIL HØYRING KVALITETSSYSTEM I LANDBRUKET

Fylkeslaget fekk saka til uttale frå Norges Bondelag. Vi ba om innspel og synspunkt frå lokallaga. Det kom inn 30 uttaler på til saman 58 sider frå lokale bondelag og fylkeslaget vedtok uttale på styremøtet 13. april:

Bør nokre krav fjernast?

I denne samanheng bør det kanskje innleiingsvis også spørjast om det er dei rette krav som vert stilt. Krav må kunne innførast, fjernast og endrast ut frå endringar rammevilkår, marknad, kunnskap, erfaringar, osv. I så måte er det viktig å ha ei løpande vurdering av krava. Dette betyr at viss eit krav skal innførast må det vera meir vektige argument for enn mot. På same måte bør kravet kunne fjernast når ein har nådd målet med kravet eller det er betre argument mot enn for kravet. Det bør vera minst like stor fokus på å fjerna krav som på å innføra nye krav.

Det er behov for å «rydda opp» i krava frå varemottakarane. Varemottakarane bør i større grad oppnå felles forståing for kva linje ein skal leggja seg på når det gjeld varemottakarane sine krav. Også desse krava må kunne grunngjevast på ein fornuftig måte.

Nokre krav verkar svært detaljerte og unødvendige. Vi meiner at det må vera svært gode grunnar til å stilla detaljerte krav, og når desse krava vert stilt må dei ha eit innhald og ei utforming som er muleg å forstå. Det er t.d. krav om å ha prøve kopp v/mjølking. Slik kravet er utforma er det kun krav om å ha kopp, men det er ikkje krav om at koppen skal brukast.

Vi registrerer skepsis til HMS. Her er det alt tatt eit prinsipielt standpunkt til at KSL ikkje berre skal omfatte det som konkret påverkar produktkvalitet eller matproduksjonen, men at KSL skal inkludera heile miljøet og alle ressursar på garden. Dette sluttar vi oss til, og ønskjer at HMS skal vera inkludert som ein ordinær del av KSL. Det er imidlertid viktig å sjå nærare på kva reaksjonsmåtar og -former som bør brukast ved avvik på HMS-området.

Bør det innførast nye krav?

Vi meiner at dagens situasjon/krav bør «frysast/låsast» inntil alle eller så mange bruk som muleg har hatt KSL-revisjon. Det viktigaste no må vera å sørga for at alle får KSL-revisjon slik at så mange som muleg føler seg inkludert i ordninga. Dermed har ein i langt større grad eit felles utgangspunkt for å kunne gjera endringar i krav eller system.

KSL-krava si forankring

Hovudregelen bør vera at alle krav skal vera forankra i lov eller forskrift. Dette bør imidlertid ikkje vera absolutt. Det bør t.d. vera muleg å setja eigne krav ut frå næringa sine behov.

Erfaringar med KSL-revisjon

Vi konstaterer at erfaringane i hovudsak er gode. Arbeidet med å skolera og kvalitetssikra revisorane må halda fram. Det er muleg at det både er sunt, rett og rimeleg at bonden er kritisk til revisoren. Dette er kanskje eit teikn på at revisor gjer jobben sin. På den andre sida har vi sans for at revisor driv med rådgjeving og rettleiing. Dette må imidlertid gjerast med utgangspunkt i konkrete krav, og det må etablerast konkrete og enkle måtar å kontrollera retting av avvik på. Vi meiner at alvorlege avvik i ein del tilfelle må rettast på ein måte som kanskje kan opplevast som tvang eller påtale. Imidlertid må dette vera unntaket og kun gjelda der det er umiddelbar fare for liv og helse.

5. Erfaringar med KSL-eigenrevisjon

Erfaringane med eigenrevisjon er også i hovudsak gode. Det er bra viss dette kan gjerast til ei årleg øving der bonden på eiga hand går gjennom drifta og produksjonen på ein systematisk

måte. KSL-revisjonen må brukast til å sjekka at eigenrevisjon er utført og at aktuelle tiltak og oppgåver er følgd opp.

Skal varemottakar få innsyn

Vi meiner at det bør vera sterk grad av samheng mellom primærproduksjon hos bonden og det som skjer hos varemottakar og i foredling, m.v. Det er difor naturleg at varemottakar og primærprodusent har rett til innsyn hos kvarandre.

Kven skal vite om eigenrevisjon?

Eigenrevisjonen bør i størst muleg grad vera ei privat og intern sak, i motsetning til KSL-revisjonen.

Samordning

Arbeidet med samordning av kontrollar må prioriterast. Dette gjeld særleg kontrollar v/ulike off.tilsyn. I tillegg må ein unngå dobbeltkontroll v/t.d. mattilsynet og landbr.samvirke eller overlapping mellom revisor, dyrlege og produksjonsrådgjevar.

Bør avvik gi tap av KSL-tillegg?

Dette handlar om å ta i bruk økonomiske verkemidlar som reiskap for å sikra at produksjon og drift skjer i samsvar med KSL-krava. Til no er dette først og fremst knytt til mjølk og kjøt, samt at det å ha miljøplan er nøkkelen til fleire tilskotsordningar på miljosida. Vi ønskjer totalt sett auka bruk av økonomiske verkemidlar for å sikra at KSL-krava vert følgd, ikkje berre innan mjølk og kjøt, men innan heile KSL-området.

Ut frå at KSL skal gjelda for heile garden meiner vi at alvorlege avvik på eitt område må kunne få økonomiske konsekvensar også for andre delar av gardsdrifta. Her bør det t.d. vera aktuelt med bortfall av KSL-tillegg og/eller at ein ikkje får levert produkt.

Størrelsen på KSL-tillegget

Vi ønskjer at det skal arbeidast vidare med å utvikla eit større spekter av økonomiske verkemidlar som skal vera med på å sikra ei drift i samsvar med KSL-krava. I tråd med dette ønskjer vi at størrelsen på dei økonomiske verkemidla bør aukast slik at ein oppnår ei reell premiering når ein følgjer krava. Vi innser imidlertid at det vil vera vanskeleg å oppnå ei så stor grad av premiering at det kompenserer for alle auka kostnader i produksjonen på kvart bruk.

I det lokallaga har sagt om størrelsen på KSL-tillegget på mjølk og kjøt pr i dag ligg hovedtyngda på kr 0,20 pr l mjølk og kr 0,5 pr kg kjøt.

Konsekvensar ved brot på HMS-krava

Brot på HMS-krava bør få konsekvensar på same måte som brot på andre krav innan KSL. På dette området er det ikkje direkte varemottakarar som kan laga KSL-tillegg eller likanande. Det bør imidlertid vera ei utfordring å finna fram til andre verkemidlar, t.d. økonomiske, også på dette området. Det bør også her vera ei klar gradering av verkemiddelbruk i samsvar med kor alvorleg eit avviket frå HMS-krava er.

HMS-krav og bruk av avløyser

Vi meiner at det vidare framover i langt større grad må fokuserast på kva krav det vert sett til bonden som arbeidsgjevar og arbeidsløiar. Slik vi kjenner det er aktuelle krav i stor grad på plass, men mange stader manglar det ein del på oppfølging og etterleving. Som eit minimum bør det vera krav om at HMS-krava er følgd i arbeidsmiljøet og arbeidssituasjonen til ein avløyser. Det bør i større grad akseptierast at avløyserlaga grip inn der HMS-krava ikkje er følgd tilstrekkeleg.

Vedlegg: 30 uttaler (58 sider) frå lokale Bondelag: Øksendal BL, Fellesuttale frå Averøy Mjølkeprodusentlag/Indre AverøyBL/Ytre Averøy BL, Fræna BL, Vestre Sunnmøre BL, Valldal BL, Sykkylven BL, Sunnylven BL, Arnfinn Grüner (Ålvundeid), Vestnes BL, Hustad BL, Eid, Holm og Rødven BL, Harøy og Fjørtoft BL, Austefjorden BL, Surnadal BL, Eide BL, Kvernes BL, Ørskog BL, Isfjorden BL,

Vanylven og Syvde BL, Ålvundeid BL, Aure BL, Smøla BL, Straumsnes BL, Liabygda BL, Rindal BL, Skodje BL, Eidsdal og Norddal BL, Stranda BL, Todalen BL, Tingvoll BL.

3.6 BREV TIL FYLKESTINGET – VÆR MED OG FÅ MØRE OG ROMSDAL TIL Å GRO!

Møre og Romsdal Bondelag markerte «grodagen» med å besøke fylkestinget i Geiranger 15. april. Forutan Tine-produkt delte vi ut til alle politikarane og administrasjonen eit informasjonsskriv om aktuelle saker og om landbruket i Møre og Romsdal:

Regional politisk styring - Einskapsfylket

Som regional demokratisk organisasjon med 3.600 medlemmer i 57 lokale lag i fylket er Bondelaget i Møre og Romsdal oppteken av lokal styring. Vi trur einskapsfylket er ein interessant modell for å få auka demokratisk styring over viktige områder som naturforvaltninga. Vi er tilfreds med at det ser ut til at Møre og Romsdal fylke alt har grepe fatt i dette, som verneplan for Smøla. Vidare er vi tilfreds med at Møre og Romsdal fylke i samband med Rovviltmeldinga har gått inn for at roviltforvaltninga bør bli lagt til fylkesvise roviltutval.

Jordbruksavtala avgjerande for mange bygder i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal er det *mange bygder der jordbruksavtala er avgjerande for verdiskaping og busetting. Vi ber fylkestingsrepresentantane medvirke til at frigjorte midlar gjennom effektivtetsutviklinga blir nytta til å styrke bruk i drift. Det vil vere svært uheldig om den optimisme og satsingsvilje vi registrerer i næringa no skal bli møtt av betydelege motkrav sidan bøndene som alle andre kan glede seg over lågare rente og straumpris.*

Bondelaget sin satsing på næringsutvikling i distrikta saman med gode offentlege og private samarbeidspartnarar, har vore ein 30-årig suksesshistorie om levande bygder med betydelege ringverknader til byer og tettstader. Samfunnet har fått god avkastning av satsinga. I dei komande 5-10 åra står vi framfor generasjonsskifte på svært mange familiebruk der det også er behov for investeringstiltak. Nærare eit tusen bruk i fylket har kvart år kjøpt meir mjølkevote. Mange Bondelagsmiljø står bak næringsutviklingstiltak med etablering av samdrifter, Bygdeservice, Bondens Marknad, matforedling på garden eller kulturlandskapstiltak.

Landbruket har vore av dei flinkaste i klassen for omstilling. Tallet på årsverk i næringa blir redusert med 10 kvar dag eller 30.000 sidan 1990. I vårt fylke har 25% av mjølkeprodusentane slutta dei siste 6 åra. I mange tilfelle er det no eit fåtal bruk som held næringa og kulturlandskapet i heile bygdelag i drift. - Landbruket kan greie seg utan heile vårt landskapsbilete, men turismen i vårt fylke er avhengig av velstelte og levande bygder.

Forvaltninga av miljømiddel i jordbruksavtala er delegert til kommunane og fylket og opnar for prioritering av lokale miljømål i samhandling mellom Bondelaget og politikarane. Politiske styresmakter bør i større grad setje som vilkår for konsesjon at delar av eigeidomen blir avstått dersom siktemålet med kjøpet ikkje er å drive arealbasert landbruk.

Konkrete tiltak vi ønskjer fylkestingsrepresentantane skal arbeide for er:

- *Distriktsvirkemidla har vore uendra over mange år og bør bli vektlagt.*
- *Auka avskrivingsatts for næringsbygg.*
- *Inntektsfrådrag gjelde pr person med næringsinntekt og ikkje berre pr bruk.*
- *Investeringstiltaka gjennom Innovasjon Norge forsterka.*
- *Forenkling av stadig nye krav og reglar og fjerning av avgifter.*
- *Gjeninnføre statstilskot til skogplanting.*



Frå pressekonferansen ved Arne Magnus Aasen si overlevering av produktkorg til fylkesordførar Jon Aasen på fylkestinget i Geiranger i april. Til høgre organisasjonssjef i M&R Bondelag, Gunnar Wentzel. Media som var tilstede var Sunnmørsposten, Tidens Krav, Romsdals Budstikke og NRK-radio Møre og Romsdal. (Foto: Arild Erlien)

Norge stå fast på forhandlingsposisjonar i WTO

Vi ber fylkestingsrepresentantane medvirke til at Norge ikkje glir undervegs på vår posisjon i forhandlingane i Verdens Handelsorganisasjon, WTO. Som sentrale politikarar og leiaren i Sunnmørsposten har slått fast er landbruk og fisk to ulike forhandlingssektorar.

I forhold til U-landa vil vi minne om at Norge har gått lenger enn dei fleste land: Vi importerer alt halvparten av kaloriinntaket vårt. Rundt 60% av matimporten er tollfri. Eit femtital av dei fattigaste U-landa har tollfriheit for dei fleste varer. Skal U-landa få konkurransefordel med null-toll, må andre land møte ein viss tollsats. Norge må arbeide for alle land sin rett til kontroll over eigen matforsyning.

Rovdyr - Fylkesvis forvaltning - Sunnmøre «rovdyrfritt»

Møre og Romsdal har 10% av husdyrtapa i landet som skuldast jerv, og jerven er det rovdyret som gir dei største rovdyrtapa. I tillegg er det tap til gaupe og ørn. Rovviltmeldinga går inn for å auke bestandane av dei store rovdyra. Det vil bety økte konflikter med jakt og beitebruk, og vere i konflikt med andre mål for busetting og biologisk mangfald i rovdyrutsette områder.

Vi vil be fylkespolitikarane følgje opp sin uttale og spesielle interesser for Møre og Romsdal:

- Den «rovdyrfrie» sonen for Vestlandet gå heilt nord til Trollstigen slik at halvøyene lenger vest blir fri for store rovdyrproblem. Stortingsmeldinga går for Geirangerfjorden som nordgrense. Vidare at verneområde der kulturlandskapet er eit mål som i Trollheimen, Sunndalsfjella og Reinheimen blir fri for yngre rovdyr.

- Rovdyrforvaltninga blir lagt til fylkesvise partsamansette nemnder slik vi til dels har i dag, men med vedtaksmynde i alle saker basert på godkjende fylkesvise forvaltningsplanar. Vårt fylke er

rett nok eit av fylka der eit slikt utval administrert av Miljøvern-avdelinga har fungert best. Fylkespolitikarane bør avvise forslaget om seks forvaltningsregionar i landet og som deler fylket i to. Lokalt samarbeid og lokal medverknad må vere stikkorda.

Tomtefestelova – unngå innløyingsrett der hyttetomter er viktig del av næring

Tomtefestelova er til drøfting i Stortinget. Det kan gå mot at tomtefestar får rett til å løyse inn både hustomt og hyttetomt. Det er aktuelt at innløyingsretten ikkje blir gjort gjeldande for hyttetomter der bygslingsinntekta er ein viktig del av næringsinntekta. *Vi vil be fylkestingsmedlemene medvirke til at innløyingsretten konkret blir unnateke for gardsbruk som har næringsinntekter og leverer næringsoppgåve.*

Kulturlandskapstiltaket «Eit opnare Geiranger»

Geiranger er eit nasjonalt og regionalt reiselivs-ikon. Vi er alle stolte av bildet av grønne bakkar mellom fjord og bratte fjell, og som snart kan bli eit Verdsarv-område, World Heritage, på FN's liste. Vi er glade for at Geiranger Bondelag og Stranda kommune saman med Landbruksavdelinga i fylke og etter initiativ av Norges Bondelag sitt verneplanprosjekt har sett i verk eit område-tiltak. Bygdefolket har i vinter gripe fatt i nye konkrete synlege tiltak.

Geiranger er ein motor i turistnæringa. Vi kan ikkje leve med at kulturlandskapsverdiene i bygda gror att, eller at andre reiselivsmål i Vest-Norge blir meir attraktive. Geiranger har som mange andre bygder etter kvart for lite både av folk og husdyr til å gjere jobben gjennom tradisjonell landsbruksdrift slik som før. I tillegg må vi saman skape nye næringsmulegheiter med utgangspunkt i naturområda som kan bidra til at bygda blir enno meir levande, vakker og velstelt i framtida.

3.7 BREV TIL ORDFØRERNE OM JORDBRUKSFORHANDLINGENE

5. mai sendte fylkesleder Arne Magnus Aasen og organisasjonsjef Gunnar K. Wentzel et brev til alle ordførerne i Møre og Romsdal, også trykt i avisene, om de pågående jordbruksforhandlingene, der vi pekte på at «Jordbruksavtala er distrikta sin verktøykasse med garantert effekt på næringsliv og bosetting, landskap og miljø»:

Kommunene får stadig større oppgaver innen næringsutvikling og areal- og naturforvaltning. Gjennom jordbruksavtalen har kommunene fra i år også fått ansvar for forvaltning av midler til miljø, skog og kulturlandskap. Som nærings- og grunneierorganisasjon er Bondelaget sterkt opptatt av det kommunale engasjementet og ser behov for å orientere kommuneledelsen direkte på bakgrunn av dagens næringspolitiske situasjon.

Staten presenterte i går 4. mai sitt motkrav i årets jordbruksforhandlinger som «et stramt tilbud» på minus 660 mill kr eller - 11.000 kr/årsverk. Jordbrukets krav på + 5.000 kr/årsverk eller 300 mill kr var moderat ut fra lavere rente og strømpris. Inntektsnivået for næringa i distriktet og på landsbasis har nå økt til et snitt på 190.000 kr eller 60% av andre grupper.

Norges Bondelag vurderer nå om det er grunnlag for å forhandle videre og skal svare staten torsdag 6. mai. Mange medlemmer mener at det politiske ansvaret for forslaget til omfattende endring av landbrukspolitikken får være opp til et evt stortingsflertall og at Bondelaget ikke kan ta ansvar for en politikk som ikke ivaretar næringas mange samfunnsmessige oppgaver.

Staten vil ha ennå raskere omstilling i landbruksnæringa

Årets oppgjør kunne gi næringa et løft uten at det ville koste så mye fordi utgiftene har gått ned. Bøndene har økt inntektene og produksjonen, det er økt optimisme, satsingsvilje og nyskaping som vi alle er så avhengige av. Tilbudet vil redusere inntektene med rundt 10.000 kr pr årsverk for alle brukstyper i vårt område, før effekten av omstruktureringa starter. Stortingsflertallet (alle – FrP) sa i fjor at jordbruket bør få beholde en større del av produktivetsgevinsten. Det må ha vært ment for årets oppgjør, mens det nå er lagt til grunn en effektivitetsutvikling på hele 6,3% eller 690 mill kr.

I tillegg til å ville kutte i priser og tiltak går staten inn for ei kraftig og rask omstrukturering i mjølkeproduksjonen spesielt. Slik det ser ut er meninga å få større bruk og raskest mulig omstille det vanlige familiebruket som ble bygd ut på 80-tallet med 15 kyr pluss kjøttproduksjon : Maksimalkvoten vil staten doble til 500.000 liter (75 kyr). Adgang til å leie bort kvote istedenfor å selge den som betyr at produsenter må betale en «pensjon» til de som har slutta. Friere omsetning av mjølkekvote mellom bruk som betyr at prisen kan gå opp fra dagens ramme på kr 3,50 pr liter. Videre fjerne krav til minst 10% arbeidsinnsats for samdriftspartnere på mjølk.

Det er forslag om å redusere mjølkeprisen med 3 øre, lam og egg - 20 øre, korn -8 øre. - Vi tror ingen vil finne igjen disse prisreduksjonene i butikkene. Det er svært skuffende at staten presenterer en omstillingsavtale uten mer konkret innhold i Landbruksdepartementets næringsutviklingspakke Landbruk Pluss. (Mer på www.bondelaget.no og <http://odin.dep.no/ld>)

Politikere i kommune og fylke vet inderlig godt at jordbruksavtalen er avgjørende for verdiskaping og bosetting i svært mange av bygdene i primærnæringsfylket Møre og Romsdal.

Tilbudet er ikke forenlig med å føre videre landbruket slik vi kjenner det i Vest-Norge. Det er allerede for få folk og dyr til å holde bygda i hevd. Vi kan derfor gratulere Harøy og Fjærtøft Bondelag med kulturlandskapsprisen de fikk i går. Geiranger Bondelag og Stranda kommune har satt i gang tiltaket «Eit op-

nare Geiranger». Dette er gode eksempel på at næringa gjør en skikkelig jobb og en bekreftelse på at mange setter pris på innsatsen.

Sunnmøre mest utsatt

Ordfører Frank Sve i Matkommunen har i dag spurt oss om konsekvensen for Stranda om statens tilbud blir stående. Et raskt regnestykke tilsier : Inntektstap i forhold til forlenging av dagens avtale er på ca kr 11.000 x 132 bruk = - 1,45 mill kr. Av vedlagte tabell ser en utviklingen i antall gardsbruk i drift og bruk med mjølk. I heftet som tidligere er sendt kommunene om landbruket i Møre og Romsdal går det fram at i Stranda har 45 av 60 mjølkeprodusenter 15 kyr eller mindre. Nå slutter 7 bruk pr år i Stranda og derav 2,5 mjølkebruk.

Vi synes omstillinga går for fort til at vi greier å få til ny næringsutvikling på gardsbruka og i våre bygder og til å skjønne landskapet når det på landsbasis slutter 11 bruk hver dag og hvert fjerde bruk har slutta siden 1999! *Bondelaget er en løsningsorientert forhandlingsorganisasjon som ønsker både økonomiske resultat og at det blir bedre å bo ute i bygdene og vårt distrikt. Vi har 57 lokallag med 3.600 medlemmer i fylket.*

Møre og Romsdal har en tidel av grasbasert produksjon i landet, gir 10.000 arbeidsplasser og en verdiskaping på 3,9 mrd kr - bare førstehandsomsetningen er på 1,3 mrd kr (fiskeri 1,7 og reiseliv 0,9 mrd kr).

Vi ber deg ta med deg våre synspunkt i ditt videre arbeid. Ta kontakt med oss på tlf eller mobil når som helst, eller e-post om dere har spørsmål eller innspill.

3.8 UTTALE TIL REGIONALT MILJØPROGRAM FOR JORDBRUKET

Det er bestemt at alle fylke skal utarbeide eit miljøprogram for jordbruket. Dette skal skje i løpet av 2004, og programmet skal ha verknad frå 2005.

Bakgrunnen for nasjonal satsing på utvikling av dei regionale miljøprogramma er at dei skal føre til auka fokus på og målretting av miljøarbeidet i jordbruket. Hovudfokus skal vere på tiltak for ivaretaking av kulturlandskapet og tiltak for å redusera foreining frå landbruket. Det regionale miljøprogrammet skal fungere som betaling for miljømessige driftsformer og produksjon av miljøgode. Til det regionale miljøprogrammet i Møre og Romsdal er det sett av 13,9 millionar kroner i 2005 og 17,6 millionar kroner i 2006.

Fylkestyret drøfta Regionalt Miljøprogram for jordbruket i M&R på møte 7. september, og sendte denne uttalen til M&R fylke:

Arbeidsgruppa har levert ei svært nyttig utgreiing og gode forslag til miljøtiltak som vi sluttar oss til i hovudsak. Styret peiker på at det kan vere ønskjeleg å endre ordningane seinare år ut frå erfaringar og nye prioriteringar eller oppfylling av mål. Styret meiner midlane under regionalt miljøprogram må bli nytta målretta for å oppfylle dei utfordringane bøndene og storsamfunnet saman ser innanfor denne sektoren til ei kvar tid. Vi er kjend med at i fleire fylke er typiske kulturminne som steingardar osb omfatta av tiltak, men dette får bli ei ny vurdering når ordninga blir tilført meir midlar neste år. Det er også peika på behov for driftsvansketillegg for ulike type areal som blokkmark.

Vi er samd med arbeidsgruppa i at vi ikkje spesielt prioriterer tiltak i områder langs dei Nasjonale Turistvegane, områder verna etter naturvernlova, eller Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap. Vi viser her til Vegvesenet, Miljøverndept, eller søknad om Særskilte tiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL) gjennom kommunen.



Leiar i Omsetningsrådet, fylkesmann Ottar Befring (bak), var tilstade og orienterte om Omsetningsrådet sin verksemd på styremøtet 8. mars. Fra høgre: Anne Marie Nakken, Knut Sjømæling og Gunnar K. Wentzel. (Foto: Arild Erlien)

Fråsegnen frå Fylkestinget 16. juni 2004 peiker som viktige miljøutfordringar på: forfall og attgroing på setervollar, småbruk, brattlendte bruk og dårleg arronderte bruk, sommarfjøsregionen, beitemark ute av bruk nær tunet, kystlyngheiene, restareal nær tettstader, og erosjon på opne åkerareal.

Den einaste miljørusselen fylkestinget peiker på er erosjon frå areal med open åker under våre forhold med mykje nedbør og vind. Vi kan tilføye at endringar i kulturlandskapet reduserer det biologiske mangfaldet av artar. Vi merker oss at fylkestinget ikkje har peika på problem med næringsavrenning til elvar og fjordar, eller miljøgifter frå næringa, eller jordvern, men desse temaene er drøfta i Miljøprogrammet.

Vi samtykkjer i at dei 13,6 mill kr for 2005 blir fordelt som det er framlegg om for ordningane seterdrift, organisert beitebruk, brattlendte bruk, vårpløying og fôr i fjellet, og utviklingstiltak.

Driftsvansketillegg til brattlendte bruk må det heite t.d. at: *Ordninga omfattar berre fulldyrka areal som vert hausta slått eller beiting, og frukthagar som vert slått mellom trea og der fruktavlinga blir hausta.*

Søknad : Vi går inn for at alle med rett til produksjonstilskot i prinsippet skal ha same høve til å søkje på dei aktuelle ordningane. Søknaden bør samordnast med andre arealtillegg med frist 20. august.

Ekstra tilskot til husdyr på utmarksbeite – prioritere kystlynghei
Vi går inn for eit ekstra tilskot til utgangarsau som går ute heile året på kystlynghei i samsvar med fylkestingets påpeiking og arbeidsgruppa's tilråding. Det bør vere krav om at søknaden gjeld for definerte areal med kystlynghei. Formålet med tilskotet er skjølsetiltaket med stell og tilsyn med dyr og beiter, og ikkje generelt hald av utgangarsau som er omfatta av andre ordningar.

Tilskot til fulldyrka areal som er i ferd med å gro att

Styret vil prioritere bruk av dei resterande midlane *meir målretta mot dei områder fylkestinget peiker på er i ferd med å gå ut av drift: «- attgroing på setervollar, småbruk, brattlendte bruk og*

dårleg arronderte bruk, sommarfjøsregionen, beitemark ute av bruk nær tunet,..»

(Arbeidsgruppa gjer framlegg om å gi eit ekstra tillegg for dyr på utmarksbeite med nærare 4 mill kr. Dyr på utmarksbeite får allereie av andre avtalemidlar for kyr, storfe, hest som beiter minst 8 veker i utmark kr 250 pr dyr, og for sau. lam, geit og kje kr 84 pr dyr.)

Vi trur fylkestinget peiker på areal som tydeleg vil signalisere om landbruket faktisk gjer det vi lovar – at vi held landet i hevd, og med det også gamal kulturmark. Regionale miljømidlar er retta inn for at bruk i drift med rett til produksjonstillegg skal kunne sjå det muleg også å ta opp drifta på evt slike areal anten det er eige eller held andre sitt bruk i hevd. Vi ser at det kan vere vanskeleg å målrette tiltaket og berekne kor stort areal som blir omsøkt. Vi trur at kommunane vil vere tent med at ein legg noko arbeid i få desse areala i drift som viktig del av kulturlandskapet.

Tillegget kan vere i form av eit arealtillegg for dei nemnte type areal. Det må vere krav om at arealet vert hausta ved slått eller beiting. Det kan vere aktuelt å krevje at arealet må gå fram av markslag på økonomisk kartverk som tidlegare dyrka og slik at det er målbart og lett kontrollert. Jfr at økonomisk kartverk også skal reviderast slik at nye areal eller feil kan kome med. Vidare at samla omsøkt areal utgjer minst 10 dekar.

Dersom arealet vert beita kan det vere krav om inngjerding med ein form for permanent gjerde (permanente stolpar). Vidare *krav om at alt omsøkt areal skal vere pussa årleg innan ein dato* slik at det ikkje står att høymol og tistel og tuegras.

Ordninga kan bidra til å gi nyttige areal for organisert beitebruk. Det kan skaffe areal m.a. for tilleggsfôring av sau om hausten.

Protokolltilførsel: Oddvar Tynes går inn for at det blir gjeve eit ekstra tilskot til alle husdyr på utmarksbeite i samsvar med arbeidsgruppa sin tilråding.

3.9 UTTALE UTFORDRINGS-DOKUMENT FYLKESPLAN M&R 2005-2010

I samband med at det skal utarbeidast ein ny fylkesplan for Møre og Romsdal for 2005-2010, gav fylkestyret på møtet 7. september innspel til utfordringsdokumentet som skal synleggjere dei største utfordringane for Møre og Romsdal som samfunn framover mot 2010:

Analyse av sterke og svake sider

I det utfordringsdokumentet som vi har fått tilsend saknar vi ei analyse av kva sektorar, saker eller oppgåver som Møre og Romsdal fylke er sterk på eller har god styring med, samt kva saker/oppgåver/sektorar Møre og Romsdal fylke har mindre styring på. Vi trur det er viktig å ha ei klar og felles oppfatning av på kva områder Møre og Romsdal fylke sjølv har sterk styring på og kan utvikla i samsvar med mål. På same måte er det viktig å erkjenne på kva områder Møre og Romsdal fylke ikkje har vesentleg styring, og såleis må utfordra eller samarbeida med andre for å kunne nå dei felles mål som vert sett.

Vi saknar ei oppstilling eller vurdering av måloppnåing i forhold til mål for inneværande fylkesplanperiode.

Busetnadsmønsteret

Vi kan for så vidt slutta oss til dei hovudpilarane som er nemnt. (Det unike Møre og Romsdal, tilflytting, ungdom.) Vi meiner imidlertid at det er viktig også å sikra stabilitet i busetnadsmønsteret. Dette får vi først og fremst ved å sikra oss at folk vert buande utan å flytta, t.d. frå fylket, noko vi først og fremst oppnår ved å ta vare på eksisterande rammevilkår, infrastruktur og selselsetjing. Fylkesdirektøren understrekar i ein artikkel i sommar at byane i fylket i stor grad er avhengige av sitt omland, og at dei ikkje er tente med å utkonkurrere omlandet sitt – by og land, hand i hand. Ordføraren i Kristiansund har stadig påpeikt det same. Vi meiner såleis at også busetnadsmønsteret bør vera ein hovudpilar.

Det vert vist til ein studie som syner at naturen er viktigare for tilbakeflyttarar enn arbeidstilbodet. Vi vil påstå at dette kun gjeld etter at ein har fått seg jobb.

Kultur: Kultur, kulturtilbod og sosiale møtestader er viktig for at folk skal trivast. Basisen for dette er imidlertid at folk har trygge arbeidsplassar, gode basisfunksjonar og god infrastruktur der dei bur. Vi ser imidlertid at også kulturtilbod vert sentralisert, slik at folk ikkje alltid når fram til gode kulturtilbod der dei bur, noko som igjen fører til mindre bulyst.

Folkehelse: Vi støttar prioriteringa av førebyggjande helsearbeid, men vi er skuffa over at dette begrepet ofte vert tolka svært snevert. Førebyggjande helsearbeid bør ikkje gjelda kun særlege grupper. Vi meiner at det viktigaste som kan gjerast på dette området er å stimulera til at folk tek lokalmiljøet/naturen i bruk og at folk vert stimulert til å ha eit sunt kosthald. Landbruket ser det som ei utfordring å kunne bidra til dette.

Samfunnstryggleik og beredskap: Dette er også oppgåver som er viktige og sentrale. Noko av det viktigaste som kan gjerast på dette området er å unngå sentralisering og heller syta for ein desentralisert arbeidsmarknad, trygge lokalmiljø, gode infrastrukturar og basisfunksjonar som er lette å nå for alle. Slik sett er det også viktig å unngå langtransportert mat, men at maten i størst muleg grad vert foredla desentralisert.

Energi til konkurransedyktig pris: Vi ønskjer at det på ein fornuftig måte også må kunne satsast på småkraftverk og bioenergi. Småkraftverka spelar også ei rolle for samfunnstryggleik og beredskap, i tillegg til at dei kan bidra til ei fornuftig verdiskaping. Etter vårt syn er små anlegg som leier vatnet ut i same vassdrag miljøvenleg og meir reversibelt enn store damanlegg.

Kompetanse og utdanning: Forsøket med einskapsfylket saman med kompetansereformen gjev Møre og Romsdal fylke ein unik mulighet til å satsa samordna og heilskapleg på kompetanse og utdanning. Føresetnaden for å få dette til er å etablere nærare kontakt mellom Møre og Romsdal fylke, næringslivet og alle utdanningsaktørar, også inkludert dei aktørane som næringslivet samarbeider med. Det bør fagleg satsast på dei områda der Møre og Romsdal har fortrinn eller særlege føresetnader. Vi er eit av dei største matproduksjonsfylka i landet frå land og hav.

Næringsutvikling omfatte modernisering av eksisterande: For oss er det viktig at det vert satsa både på omstilling, nyskaping og modernisering. Vi ser ein klar tendens til at omstilling og nyskaping vert prioritert. Imidlertid meiner vi at det kan vera minst like viktig å satsa på modernisering, slik at vi sikrar oss at dei som er etablert og driv næringsverksemd på innarbeida marknader og produkt vert stimulert til å modernisera produksjon og verksemd i samsvar med konkurranseforhøve, marknadskrav, m.v.

For landbruket sin del vil vi difor ut frå dette peika på at næringsutvikling også må omfatte satsing på etablert næringsverksemd, i tillegg til at det vert satsa på omstilling og nyskaping. Frå landbruket si side må vi også etterlysa større (økonomisk) vilje og evne frå andre næringar, t.d. reiselivet, til å satsa på næringsutvikling i skjeringslina mellom ulike næringar. (T.d. landbruk – kulturlandskap – reiseliv, eller landbruk – fiskeri.)

Infrastruktur og samferdsel: Vi har alt nemnt at god infrastruktur og eit godt samferdselstilbod er viktig for at folk skal trivast der dei bur. Infrastruktur og samferdsel er sentrale verkemiddel for endring av busetjingsmønsteret.

Areal – vern og bruk: Det må understrekast at det er viktig å ha ein arealpolitikk som er langsiktig og samordna. Vi meiner det er feil å ha ein arealpolitikk som kun går ut på å hindra å ta i bruk urørt natur. Dette vil vera ein altfor passiv strategi m.a. i forhold til satsinga på næringsutvikling. Det bør imidlertid vurderast om det i større grad skal kunne gjerast lettare å omdisponera areal til nye formål/ny næringsverksemd.

Vekstkraftige regionar – starte lokalt: For innbyggjarane og næringslivet i fylket trur vi det vil vera best å ta vare på eit samla Møre og Romsdal. Vi trur at andre alternativ fort vil kunne føra til ytterlegare forringing av lokalmiljø, dårlegare infrastruktur, kompetansmiljø, osv. Landbruket har erfaringar frå dette innan eigne organisasjonar.

Som ein del av dette er det nok viktig å satsa på byar og regionsentra. Vi meiner imidlertid at denne satsinga er avhengig av at vi har bygder og distrikt som fungerer godt. Utan velfungerande bygder og lokalsamfunn vil heller ikkje byar og regionsentra fungera godt på sikt. Det må også satsast på å skapa velfungerande bygder og lokalsamfunn med variert næringsliv, god infrastruktur, osv. Det er ønskeleg at dagens kommunesentra etablerer eit godt tilbod av dei viktigaste servicefunksjonar som skule og kultur, helse og omsorg, og forretningsdrift, før ein eventuell samanslåing til større kommunar.

3.10 UTTALE TIL NYE FORSKRIFTER OM FORVALTNING AV ROVDYR

Norges Bondelag sendte forskriftene om forvaltning av rovdyr frå Miljøverndepartementet på høyring. M&R Bondelag drøfta forskriftene på styremøte 27. oktober og sendte denne uttalen (forkorta):

Vi lurar på om tida er inne til å seie at bønder/grunneigarar, kommune og fylke er klåre for å forvalte dei rovdyrbestander som Stortinget har bestemt. Dette føreset at bestandsregistreringa også i større grad er eit lokalt ansvar. Forvaltninga av dei



Leiarmøtet 12. og 13. nov. på Åndalsnes besøkte minikraftverket som Magne Vik (t.v.) har bygd i Innfjorden. Vidare frå v. ser vi leiar i Innfjorden Bondelag, Magnhild Vik. (Foto: Arild Erlien).

andre jaktbare artene er alt delegert til grunneigarane, og etablering av større jaktvald er godt i gong. Vi trur dette vil gi lokalt medansvar, gi raskare tilpassing av førebyggjande tiltak og større interesse for å bruke rovdyrbestand i naturturisme.

Vi vil rå til at dei regionale rovviltnemndene fastset størrelse på bestanden i dei ulike delane av regionen, kvote for felling og samordnar forvaltningsplanane, men elles delegerer arbeidet til fylkesvise rovviltutval. Medlemet frå fylket i den regionale rovviltnemnda bør også sitte i eit slikt bredt samansett fylkesvis rovviltutval.

Forskriftene legg opp til å vidareutvikle ein allereie overdimensjonert og kostbar byråkratisk rovdyrforvaltning. Utan delegering til fylkesvise rovviltutval vil rovdyrforvaltninga i praksis bli eit byråkratistyrkt ekspertvelde basert på eit grunnlag langt vekk frå dei som lever i rovdyrkommunane.

I dag arbeider grunneigarane, kommunane, Statens Naturoppsyn, fylkesmenn, Direktoratet, NINA, og Miljøverndepartementet med rovdyrforvaltninga. Alt dette for 3 ynglande ulv, 15 ynglande bjørn, 39 ynglande jerv og 65 ynglande gaupe. Vi må leve med dei mål for rovdyrbestand som Stortinget har fastsett. Men vi frykter at ulike organ vil kjempe for sine eigeninteresser i å oppretthalde ressursbruken.

I staden for å satse på eit omfattande og kostbart nasjonalt overvakingsprogram for rovdyr, bør det bli vurdert å flytte registrering av bestandar ut til kommune og fylke som har lokalkunnskap og i stor grad skal utøve forvaltninga. Det er no rett tid å flytte tillit, ansvar og mynde slik at ein lokalt byggjer opp reell kompetanse på naturforvaltning. Mange kommunar har rovviltnemnder god praktisk røynsle med rovdyrarbeid.

I realiteten vil kvaliteten på bestandsregistreringane frå det nasjonale overvakingsprogrammet vere avgjerande for størrelsen på rovdyrbestanden.

Lisensjakt på jerv bør som for ulv berre kunne utøvast utan grunneigar sitt samtykke i perioden 1. jan – 15. feb. Lisensjaktperioden for jerv bør vere frå 20. august.

3.11 LEIARMØTET KREV AT STATSBUDDSJETTET MÅ OPPRETTHALDE SKATTEFRITT SAL AV GARDSBRUK

I ei uttale frå leiarmøtet på Åndalsnes 12. – 13. nov 2004 vert det peika på at regjeringa har skapt rush med gardsoverdragningar. Leiarmøtet krev at statsbudsjetten må oppretthalde skattefritt sal av gardsbruk. Her er uttalen:

I dag kan ein landbrukseigedom bli seld utan skattelegging av gevinsten når eigaren har hatt garden i minst 10 år. Regjeringa går i statsbudsjetten for 2005 inn for at fortjenesta ved sal av gardsbruk skal vere skattepliktig inntekt. Verdien av våningshus vil bli halde utanom. For bustadar vil det framleis vere skattefritt inntekt om ein sel husværet med fortjeneste etter eitt år. Forslaget har ført til eit uheldig rush med lite førebudde gardsoverdragningar.

Regjeringa sitt forslag vil auke kapitalbehovet i næringa. I Møre og Romsdal er det for tida stor interesse for opprusting, nybygg og satsing på tilleggsnæringar.

Dagens reglar er enkle å praktisere, og om forslaget blir trekt er det ikkje behov for budsjettdekning. Forslaget er uheldig når skatt er halde utanom nasjonale forplikningar i WTO-forhandlingane. Forslaget medfører at erstatningar for eigedom vil bli skattepliktig. Leiarmøtet i Møre og Romsdal Bondelag ber partia i regjeringa og aktuelle budsjettpartnarar om å merke seg at for fleire næringar som rederi, fiskeri og landbruk har det vist seg at det er behov for spesielle skattereglar.

3.12 BREV TIL BANKENE OM RENTENIVÅET PÅ DRIFTSKREDITT

Styret i Møre og Romsdal Bondelag drøftet i møte 7. desember rentenivået i våre lokale banker på bakgrunn av reaksjoner fra medlemmene og møter i lokale Bondelag der temaet har kommet opp. Fylkeslaget sendte brev til bankene i Møre og Romsdal med anbefaling om å senke rentenivået på driftskreditt til landbruket snarest:

Pengemarkedsrenten har i lengre tid ligget rundt 2%.

Etter vårt syn er driftskredittordninga i landbruket så godt sikret at renta ikke bør ligge mer enn maksimalt 1,5% over penge-markedsrenta. Det tilsier en rente på maks 3,5%.

I de dominerende lokale bankene ligger den fortsatt på 5,3-5,4 %. Det går for sent å få ned rentene ut til kundene. En aktør som Landkreditt med sin spesielle, men landsdekkende kunde-gruppe oppgir på nettet driftskredittrente på 3,25 nominelt og 3,29% effektiv.

De lokale bankene har for stor rentemargin i forhold til banker med lavest rente og kan miste de «beste» kundene. Med så høgt rentenivå blir også rentemarginen i forhold til kredittrente på innestående beløp på driftskreditt (0,1%) nå på over 5%. Sett i forhold til pengemarkedet der bankene henter sine øvrige peng-er blir rentemarginen på over 3%.

Vi minner om at landbruksnæringa garanterer for 50 % av tapene under ordninga. Tapene er minimale på driftskreditt som på andre lån til landbruket.

Vi viser også til at førsteprioritets pantelån nå også ligger rundt 3 %, og Innovasjon Norge tilbyr lavrisikolån uten førstepri-oritet på 3,1%. Liksom for en del andre næringer er det små marginer i landbruket. Reduksjon i det generelle rentenivået har hatt stor økonomisk betydning. Vi tror at dagens rentenivå medvirker til å utløse oppdemmet investeringsønske og gjør det lettere å se mulighetene på garden. Vi merker oss at de lokale ban-kene ser ut til å være bevisste på å medvirke til at det skjer en va-riert næringsutvikling rundt i bygdene våre.

3.13 PRESSEMELDINGAR OG LESARINNLEGG

(Alle nærings- og faglegpolitiske uttaler omtala i kap. 3 og fleire av sakene omtala i kap. 4 og 5, er også sendt ut som pressemel-dingar eller lesarinnlegg.)

Jordbruksavtala er bygdenes verktøykasse

Landbruksnæringa forventar at Stortinget følger opp sine lovna-der frå i fjor om at det er naturleg at jordbruket no får nytte godt av ein vesentleg del av den sterke produktivetsframgangen i næringa. I Møre og Romsdal er det mange bygder og kommunar der landbruksnæringa er avgjerande for verdiskaping og buset-ting. Dette ser paradoksalt nok ut til å ha blitt klårare for mange etter kvart som det blir færre gardsbruk i drift og delar av land-skapet gror igjen.

Dei lokale Bondelaga har lagt ned eit godt arbeid i studiering-ar, styrer og medlemsmøte med å peike på tiltak for landbruks-næringa i distriktet. Dei 33 lokallagsuttalene hevdar at betre økonomi er løysinga på dei fleste utfordringane innan land-bruksnæringa.

Det er rom i marknaden for ein viss auke i prisen til bonde på mjølk, storfe- og lammekjøtt, meiner fylkesbondelaget. Fylkesla-get har på sin kuttliste forslag om reduksjon av korn- og kraft-fôrprisen med 5 øre for å gjere husdyrprodukta meir konkurran-sedyktige. Vidare er det forslag om å føre midlar frå nokre felles-tiltak over til inntektsgjevande postar.

Forslaget som kan skape mest debatt på landsplan er at heile landet må få del i det ekstra driftstillegget på kr 5.000 i mjølke-produksjonen som dei fire sentrale fylka rundt Oslofjorden fikk for to år sidan. Det har vore drøfta kva ein kan gjere for at det blir enklare forhold for samdrifter å samarbeide om grashaus-tinga. Fylkeslaget foreslår difor likt arealtillegg i same sone. Også forslaget om auke i taket på husdyrtilllegg betyr at bruk med fleire produksjonar kan kome betre ut. Dei fleste lokallaga

har elles bede om at refusjonen for avløyning under sjukdom blir meir i samsvar med dei faktiske kostnadene.

«Landbruk Minus»

Vi forventar at Landbruksdepartementet i samband med Land-bruk Pluss legg fram ein samla skatte- og avgiftspakke for næ-ringa som reduserer byrder og fremmer næringsutvikling, gene-rasjonsskifte og arbeidsplassar for begge kjønn. Skatte- og av-giftsområdet er politiske bestemte kostnader, men er ikkje regu-lert av WTO- eller EØS-avtala. Regjeringa har som mål å redusere skattar og avgifter dei komande åra.

Investeringsbehov

Møre og Romsdal har vore mellom dei fylka som har halde oppe investeringstakten i næringa. Det gjeld nybygg og tilpassing til reglar for husdyrhald og mjølkerom og utbetring av betongska-dar. Fylkeslaget går inn for at rentestøtta på 5% blir utbetalt in-nan ein maksimal låneramme på 1,5 mill kr og at investeringstil-skotet aukar til 300.000 kr for nye brukarar etter eigarskifte.

Eit viktig resultat av Landbruk Pluss må vere ein offensiv poli-tikk der styresmaktene ryddar veg i regelverket på ulike områ-der. Bøndene reagerer på byråkratisering og gebyrpolitikken som ikkje gjer det lettare å vere sjølvstendig næringsdrivande å setje i gong tiltak. Det er elles venta at tolmodet blant bøndene for å få del i den effektivitetsgevinsten dei har levert er brukt opp framfor årets forhandlingar. Det held ikkje for regjeringa å vise til fordelene av rentereduksjonen.

(Pressemelding 11. mars 2004 - forkorta)

Hån mot bønder og landskap i distrikta

- I går hadde eg eit fantastisk oppmuntrande møte med ungdo-men som tek landbruksutdanning på Gjermundnes Vidaregå-ande Skule. Dei er så fagleg engasjert. I dag kjem kalddusjen med staten sitt motkrav til dei som vil satse på ei framtid i næ-ringa med minus 11.000 kroner pr årsverk. – Trur statsministeren og statssekretæren at det er nok med festtaler for å halde vel-stelte bygder og folk i arbeid i Møre og Romsdal i framtida?

Dette spørsmålet stiller den nye leiaren i Møre og Romsdal Bondelag, Arne Magnus Aasen, i ein første kommentar til staten sitt motkrav i jordbruksforhandlingane.

Det er rett som staten sjølv seier at det er eit stramt tilbod, sei-er Aasen. Men staten føl ikkje opp Stortinget sitt vedtak om at bøndene skal få større del i den effektivitetsauke vi har medver-ka til. No er det gevinsten av lågare rente og straumpris vi skal møte kostnadsauken elles i samfunnet med. Vi registrerer både satsingsvilje og nyskaping i stort mon i landbruksnæringa her i fylket no.

Aasen hevdar at det er husdyrhaldet og spesielt mjølkeproduk-sjonen på ku og geit som er ryggraden i næringa. Med dagens inntekt blant folk flest er det meiningslaust å ville senke prisene, mellom anna på mjølk til bonden med 3 øre. Aasen kan garan-tere at forbrukaren likevel vil få ein prisauke fordi alle andre skal ha sin inntektsvekst.

Jordbruksavtala er distrikta si verktøykasse

Politikarane i kommunar og på Stortinget veit inderleg godt at jordbruksavtala er avgjerande for verdiskapinga og busettinga i svært mange av bygdene våre. Dei veit at jordbruksavtala er den verktøykassa vi har for å halde distriktet levande og grønt. Difor er det at 84% av det norske folk ønskjer å oppretthalde dagens landbruk.

Bondeleiaren går mot framlegget om at det skal bli friare om-setnad av mjølkekvote og høve til å leige kvote. Mjølkebøndene har store nok kostnader til kjøp av mjølkekvote utan høve til å utgiftsføre om ein ikkje også skal yte årleg pensjon til dei som



Fylkesordfører Jon Aasen i samtale med osteprodu-sent Ragna Skjerdal frå Ørsta på WTO-seminaret i Ålesund 12. mars. Bak Ivar Arne Vartdal frå Ørsta, som var tilstade med lokale kjøtprodukt, og Bjarne Kjøpstad på TINE-standen. (Foto: Arild Erlien)

sluttar. Vi hadde venta at departementet snart er meir konkret på næringsutvikling i programmet Landbruk Pluss.

- Eg trur også reiselivsnæringa vil reagere på forslaget om å lage kulturlandskapsprosjekt rundt dei store byene. Er det meininga å styre turiststraumen til Montebello, spør Aasen som ikkje ønskjer å legitimere ein landbrukspolitik som raserer bygdene i Vest-Norge. - Eg reknar med at forhandlingsleiinga i Norges Bondelag rådfører seg meir med fylkeslaga før ein set seg ved forhandlingsbordet, seier bondelagsleiar Arne Magnus Aasen.

(Pressemelding 4. mai 2004)

Må ta vare på optimismen i landbruksnæringa

Takket være politisk engasjement har vi fått en jordbruksavtale til å leve med. Avtalen gir muligheter for å være aktiv bonde med tru på framtida i vårt fylke. Møre og Romsdal Bondelag ser behov for å fortsette samtalen med politikere fra alle parti om hvordan vi som matprodusenter og landskapets gartnere kan bidra til det samfunn vi ønsker oss. Jordbruksavtalen er et instrument for å oppfylle festtalene om levende bygder i hele landet.

Dette sier bondelagsleder Arne Magnus Aasen etter at staten og bondeorganisasjonene kom fram til en ny jordbruksavtale fredag kveld.

- Viktig for vårt område er det at avtalen gir en økning i prisen på melk på 4 øre pr liter. Det er forbedringer i investeringstiltak for blant annet ku, geit og storfe slik vi har ønsket. Bedre vilkår ved avløsning under sjukdom var også et sterkt lokalt krav.

Utgangspunktet var at bøndene hadde en positivt inntektsutvikling før forhandlingene som følge av blant annet lavere rente og strømpris. Resultatet betyr at statens motkrav på minus 8.000 kroner nå er forbedret med kr 6.000 pr årsverk. Det er viktig at avtalen medfører at bøndene får beholde noe av effektivitetsgevinsten.

Vi er glad for det politiske engasjementet som er vist fra mange hold og spesielt ordførere. Jeg vil spesielt i denne omgang nevne Jan Kåre Aurdal i Sykkylven og fylkesvaraordfører Svein A Roseth. Engasjementet har nok etter det vi har grunn til å tro medvirket til at statsminister Kjell Magne Bondevik gjorde

det mulig å komme fram til en løsning i det hele tatt. Medlemmene i vårt fylke har i stor grad ønsket seg en forhandlingsløsning dersom det var mulig å få moderert kravet om total omstilling innen melkeproduksjonen.

Vi må beholde optimismen og ha tro på mulighetene. Noe av det mest positive vi har sett i disse dramatiske forhandlingsukene er det utspillet som kom fra agronomelevene på Gjermondnes, mener lederen i Møre og Romsdal Bondelag, Arne Magnus Aasen.

(Pressemelding 15. mai 2004)

Bøndene ber om politisk initiativ i avgjørende WTO-dager

Vi håper ordførerne i kommunene igjen kan ta initiativ overfor sentrale politiske aktører og media. Hovedrådet i WTO (Verdens Handelsorganisasjon) samles i slutten av juli til møter som kan bli avgjørende for landbruket i Møre og Romsdal. Det blir en tøff kamp for å sikre retten til matproduksjon. Norges Bondelag denne uka utfordret den lokale politiske ledelsen i et eget brev.

Møre og Romsdal Bondelag er ikke i tvil om at det engasjement som er utvist på lokalt politisk plan, har hatt stor betydning for kampen for et landbruk i hele Norge.

Engasjementet vil også framover være viktig i WTO-kampen. Det er viktigere enn noen gang at vi får satt søkelys på hva landbruket betyr for verdiskapingen i den enkelte kommune. De forslagene som er lagt fram i WTO-forhandlingene så langt ville medført en halvering av arbeidsplassene i jordbruket og næringsmiddelindustrien og fått katastrofale følger for kommunene.

Jeg tror vi vil åpne mange øyne lokalt dersom kommunen setter i gang kartlegging av landbrukets betydning i kommunen med tanke på arbeidsplasser i jordbruket og foredlingsindustri, og leverandører og tjenesteytere til disse. Da får vi også fakta på bordet i forhold til en fortsatt kamp for landbrukets og distriktenes interesser i WTO-forhandlingene. Vi har ikke råd til å tape den kampen.

(Innlegg Arne Magnus Aasen 9. juli 2004 – forkorta)

4. Næringspolitikk – verneplanarbeid, utmark, matmangfald, matkultur



Synfaring i august på verneplan for Reinheimen med kommune, fylkesmann og tillitsvalgte grunneigarar på Nedstestølen i Valldal, og der det er framlegg om vern som landskapsvernområde. (Foto: Gunnar K. Wentzel)

4.1 PROSJEKT «LANDBRUK OG VERNEOMRÅDER»

Prosjektet som starta i 2003, har som formål å bidra til betre planprosessar og større gjensidig forståing mellom landbruk- og miljøinteressene, med utgangspunkt i verneplanane for landskapsvernområdet i Geiranger - Herdalen og nasjonalpark for Reinheimen.

I prosjektet er det 0,5 årsverk fordelt med 0,4 på prosjektleiar – organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel i Møre og Romsdal Bondelag, og 0,1 på prosjektmedarbeidar Cesilie Aurbakken i Norges Bondelag. I tillegg kjem arbeidet til styringsgruppe og til dei lokale og regionale grunneigarrepresentantar. Arbeidet vert utført i kontakt med miljø- og landbruksavdelinga i M&R fylke og kommunane for å sikre samordning og samspel.

Prosjektet er finansiert av sentrale SND-midlar med kr 100.000, Landbruksdepartementet med kr 150.000 og Norges Bondelag kr 200.000 pr år i 3 år.

Styringsgruppa består av tidlegare fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag Knut Sjømæling (leiar), Astrid Solberg og Cesilie Aurbakken frå Norges Bondelag og prosjektleiar Gunnar Wentzel Møre og Romsdal Bondelag. Styringsgruppa skal sjå til at prosjektet har framdrift og vert leia i samsvar med prosjektbeskrivelse, arbeidsplan og budsjett. Styringsgruppa har 2 møter i løpet av året.

4.1.1 UTTALE TIL VERNEPLAN FOR REINHEIMEN

Som prosjektleiar har Gunnar Wentzel det siste året delteke på mange møter og synfaringar i Norddal og Rauma kommunar, og utanom fylket, om verneplan Reinheimen. Knut Sjømæling og

Gunnar K. Wentzel var 11.-12. februar på naturvernkonferanse i Lom om næringsutvikling i verneområder. 11.-12. august var det verneplanmøter og synfaring i Norddal og Rauma. Gunnar K. Wentzel. Kontaktutvalet var 23. august samla til møte på Bjorli. 30. september vart det halde folkemøte om verneplan Reinheimen i Norddal kommune, der Gunnar Wentzel hadde innlegg. 24. november var det verneplanmøte i Valldal, arrangert av kommunane og Møre og Romsdal fylke

27. september sendte Møre og Romsdal Bondelag ein førebels uttale i framkant av dei siste møta og endelege høyringsuttalene om verneplanarbeidet for Reinheimen. Bondelaget vil ha meir næring og mindre vern i Reinheimen.

Møre og Romsdal Bondelag sin endelege uttale til Verneplan for Reinheimen vart sendt 29. november i samråd med Valldal, Grytten og Innfjorden Bondelag. Laga går inn for vesentlige konkrete reduksjonar i verneområda, ein svakare verneform for fleire område, og å ta nokre område heilt ut av verneplanen.

Utdrag av endeleg uttale til Verneplan for Reinheimen:
Møre og Romsdal Bondelag i samråd med Valldal, Grytten og Innfjorden Bondelag går i sin endelege uttale til Verneplan for Reinheimen, som 29. november vart sendt Møre og Romsdal fylke og kommunane, inn for vesentlige konkrete reduksjonar i verneområda, ein svakare verneform for fleire område, og å ta nokre område heilt ut av verneplanen. Vi ber vernestyresmak-tane nøye merke seg våre konkrete forslag til endring av forskriftene for verneområda slik at dei blir betre tilpassa framtidig behov for skjøtsel og næringsutvikling.

Vi går inn for høyringsalternativet *landskapsverneområde blir valt for heile Reinheimen. Dei bygdenære randsonene må få status som brukssone B med mindre restriksjonar.* Vi trur ikkje status

som nasjonalpark er avgjerande for reiselivet sidan her alt er mykje turistar, spesielt på vestsida. Vernereglane for nasjonalpark og landskapsvern er tilnærma like, men landskapsvern vil gje størst fleksibilitet for framtidig næringsutvikling og opne for lokal styring. Områder som Brøstdalen - Ulvådalen og Vermedalen opp til kote 900 m og øvst i Valldal til Trollstigen bør haldast utanfor. Dei bør vere *inngangsportar* og tilkomstareal for næringsutvikling i tilknytning til verneområdet. Subsidiært landskapsvern sone B. Vi merker oss at Turistforeininga ser ut til å få bygge fleire nye hytter i verneområdet på Reindalseter og Veldalshytta.

Dersom styresmaktene likevel går inn for at sentrale delar av Reinheimen blir verna som nasjonalpark er det ein føresetnad at grensene nær bygdene blir endra og at vernereglane i samsvar med våre framlegg opnar for framtidig næringsutvikling som ikkje er i strid med verneføremålet. Vidare at heile verneområdet blir lokalt forvalta, og at kommune og grunneigarar blir tilført ressursar til forvaltning og skjøtsel.

Dersom styresmaktene av praktiske og økonomiske omsyn ikkje er i stand til å delegera forvaltningsansvaret til kommunane no, må vernevedtaket bli sett ut til det er muleg.

Mindre verneomfang

Bruk av Naturvernlova bør prinsipielt primært gjelde statens grunn. Verneforslaget har 48% privat grunn. Karta for verneplanen må vise kva som er statsgrunn, alle veger og hytter og all verksemd i områda. Slik høyringskarta er framlagt ser dei ut til å ville underslå for folk som er ukjende at det alt er omfattande aktivitet i verneområdet og ein stor del privat grunn.

– Konsekvensutgreiinga (KU) viser at Nasjonalpark vil virke negativt for næringsutvikling. Utbyggingstiltak i regi av lokalsamfunna med slikt som driftsvegar, nybygg eller motorferdsel er i følge verneplanen alt gjennomgåande svært strengt regulert og handheva etter Plan- og bygningslova. Behovet for vern er også for Reinheimen først og fremst knytt til inngrep frå storsamfunnet i form av omfattande kraftutbygging, -liner, telemastar, osv. Så også her vernar storsamfunnet mot store uopprettelege inngrep frå storsamfunnet, men lager detaljerte forskrifter og byråkratiske prosessar for utøving av biologiske produksjonar.

Romsdalen treng næringsutvikling

– Vi ser ingen anna grunn til at vernestyresmaktene har så ulike framlegg til vernegrensene på begge sider av fylkesgrensa mellom Lesja og Rauma enn at det avspeglar to heilt ulike verneregime i Miljøvernavdelingane. Verma og Brøste er liksom Lesja fjellbygder med brukarinteresser og livsgrunnlag knytt til bruk av fjellet. Den produktive grensa ligg høgt øvst i Romsdalen. For bønder og grunneigarar går framtidige behov i retning av større jordbruksareal og muligheter for utvikling av tilleggsnæring.

– Jordbruksrapport viser at det er ca 2.000 daa dyrkbar jord i området Verma - Brøste. Dyrkingsreservene kan være aktuelt i samband med krav om beiting eller lage inngjerda områder der ein kan halde beitedyr av omsyn til rovdyr, osv.

– Høgare vernegrense vil gjere det lettare å nytte potensiale for uttak av vatn høgt oppe i lia til småkraftverk. Dette vil bli forbode innanfor verneområdet.

– Det er stort behov og potensiale for næringsutvikling i området Verma – Brøstdalen. Hytter og turisme er ein av dei få større næringsaktivitetane ein kan sjå føre seg i dag. Når ein ser på utviklinga i nabobygda Bjorli dei siste 20 åra, ser ein at området har potensiale.

– Konsekvensutgreiinga for reiseliv peiker på at verneforslaget vil vere ein barriere for utleigehytter og miljøbasert næringsutvikling i Romsdalen, Vermedalen og Brøstdalen, forutan langs Stigrøra og andre delar av The Goulden Route.

Innfallsport til Reinheimen

Grensa må i hovudsak gå over produktiv skog på 900 m.o.h. Området mellom Verma og Brøstdalen må ut av LVO. Subsidiært at det blir lagt som sone B for LVO liksom for delar av dalføret nede i Romsdalen. Dette er meir i samsvar med konsekvensutgreiing landbruk og tidlegare vedtak i kommunestyret. Verneplanen uttaler at: «Randsonene kan i aukande grad takast i bruk også til reiseliv utan at dette treng vere i konflikt med vernet.»

Ulvådalsvatnet bør bli halde utanom Nasjonalparken. Det kan evt vere ved at vernegrensa går ned til vatnet, og sonering av Ulvådalen. *Brøstdalen kan da bli eit område for næringsutvikling i tilknytning til verneområdet og vere ein innfallsport til verneområdet frå aust.* Dersom området likevel blir verna, bør det bli innført ei sonering som gjer det muleg med næringsutvikling. *Vernereglane må opne for organisert båtskyss på vatnet, i tillegg til grunneigarane sine transportbehov.* Slik bruk vil det vere enkelt å regulere utanfor vernereglar i framtida. Vi viser til forslaget for Torsvatnet, og at det er båtskyss på Gjende, Bygdin, Femunden, Eikesdalsvatnet, osv.

Innfjorden – Kraftverk

Vernegrensa i Haugabotnen må bli flytta utanfor vatnet slik at grensa føl grensa for Voll Statsalmenning, frå Titinden – Steinbotn til Karitinden. Dette av di det er aktuelt å senke Haugabotnvatnet med ei enkel regulering med hevert vinterstid for å sikre meir stabil vassføring. Det vil ha stor økonomisk verdi for lønsemda i småkraftverket og for grunneigarane som har leigeinntekter med ein viss prosent av straumsalet. Verdien av ein meter regulering er utrekna til kr 135.000 årleg. Kraftverket leverer også drikkevatt til Rauma kommune sitt vassverk i Innfjorden og som er avhengig av vatn i tørre vintermånader.

Valldalen innfallsport

Grøndalsvatnet bør bli halde utanom vernet av omsyn til planane for småkraftverk.

Meiadalen bli kategorisert som brukssone B i landskapsvernområde.

Grensene for nasjonalpark i Langfjeldalen og Veslelangdalen heva til kote 900.

Nedstestøl og Øvstestøl utanom verneområdet, subsidiært brukssone B for LVO.

Desse stølane har potensiale for næringsutvikling som innfallsportar til fjellområda.

Slettvikana har behov for tilretteleggingstiltak overfor turistane for å hindre forsøpling, og dette må kunne sameinast med næringsutvikling.

Grensa for landskapsvern trekt bak Brekkevatnet av omsyn til drikkevasskjelde for Valldal kombinert med el-kraftproduksjon. Vernegrensa i dalen bør gå ovanfor potensielt område for inntak av vatn til småkraftverk så lenge vernereglane ikkje opnar for skånsam utnytting med inntaksdam og nedgrove røyr.

Vernereglar

– Vernereglane bør gi heimel for å innføre restriksjonar, krav om løyve og miljøavgift for kommersiell verksemd slik at ein kan sikre at nasjonale eller utanlandske turoperatørar er kvalifiserte i forhold til det konkrete område dei skal virke i. Jfr forskriftene for Reinheimen Nasjonalpark. § 3 pkt 5.2: Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf forvaltningsplanen.

– Dersom eigarane skal kunne vedlikehalde bygg i fjellet må dei kunne nytte bygga til noko som gir inntekter og kunne endre bruken.

– Ved søknad om løyve etter reglane må det bli gjeve eit samla og raskt svar frå dei som forvaltar både vernereglane og PBL. Det tilseier at det må vere lokal forvaltning.

– Det må være høve til å opparbeide traktorveg og køyrespor og å jamne ut vegtrase der det er bratt og naudsynt av omsyn til sikkerheita i område som er aktuelle for skogsdrift o.a. Vi viser til absolutt krav frå grunneigarane om at det må vere høve til køyre på vegen over Tunga til vassenden ved Ulvådalsvatnet etter dei avgrensingar som Tunga sameige har sett. Vidare med snøscooter etter spor som også blir brukt som skiløype innover dalen. Dette for bruk og tilsyn med eigedomane inne ved Ulvådalesvatnet. Likeeins for Vermedalen.

Forvaltningsplan Reinheimen

Forvaltningsplanen ser ut til å vere fagleg god og gir konkret rettleiing for rettshavarar. Planen verker mindre byråkratisk enn ein kunne frykte ut frå andre erfaringar. Det er imponerande at dei lokale arbeidsgruppene har levert eit så grundig arbeid på så kort tid og samstundes med verneplanen, slik det skal vere. Spørsmålet er om den vil bli eit dynamisk instrument for næringsutvikling eller skjøtsel så lenge hovudfokus lett blir fortolkning av kva som ikkje er tillate etter forskriftene.

Investeringsbudsjettet for utarbeiding av skjøtelsplanar nemner eit behov på 1,2 mill kr i tida 2007-2008. Dette er alt for seint om verneplanen blir vedteke i 2005. I tillegg kjem kostnadene med sjølve skjøtselstiltaka. *Det bør vere eit spørsmål korleis vernestyresmaktene kan stimulere den einskilde grend eller miljøplanen for kvar gard til å planleggje og setje i verk skjøtselstiltak.* Her manglar verneplanen totalt stimulerande ressursar som kan flytte fokus snarast.

Det er vesentlege prinsipielle skilnader mellom forvaltningsplanane i Oppland og på Møre på bakgrunn av dei same forskriftene, m.a. når det gjeld haldninga til nybygg. *Vi vil ha inn dei same formuleringane som t.d. for Finndalen og Lordalen. Her heiter det t.d. at: Området kan opnast for småskala reiselivsutvikling i tilknytning til eksisterande setersel. Bygningsmassen kan byggast om for overnatting, servering, osv, og det kan leggjast til rette for parkering. Ein kan gje løyve til ombygging av uthus til bu- og serveringsføremål. Planane må behandlast i skjøtelsplanane for kvar setergrend.*

Forvaltninga framleis i kommunane

Vi går inn for at den einskilde kommune blir forvaltningsorgan for sin del av heile verneområdet. Vernestyresmaktene må setje kommunane fagleg og økonomisk i stand til sjølv å stå for forvaltning, skjøtsel, oppsyn, informasjon og næringsutvikling innan dei verna områda i samarbeid med grunneigarane. Det er avgjerande at kommunane blir i stand til å stå for forvaltninga og byggjer opp kompetanse og arbeidsplassar innan naturforvaltning. Fjellstyra står for billeg og effektiv forvaltning av statens grunn.

– Verneplanen reknar med at framtidig ressursbruk til forvaltning og sakshandsaming vil utgjere samla rundt kr 500.000 pr år pluss tilsvarende til informasjon. Derimot er kostnadene til Statens Naturoppsyn, SNO, venta å utgjere 3 mill kr.

– SNO bør kjøpe oppsynstenestene lokalt. Dette vil gjere det muleg med ein modell som samordnar forvaltning, oppsyn, skjøtsel og informasjon i samarbeid mellom kommune, rettshavarar og andre brukarar.

Bandlegging i 20 år

Verneplanprosessen for Reinheimen har vore utmattande for grunneigarane, og ikkje minst bandlagt området. Det er no 20 års manglande utvikling som skal takast att. Dette er sentrale styresmakter sitt ansvar. Folketalet i bygdene går tilbake.

Vi trur konsekvensutgreiingane har minimal verdi i forhold til kva det ville hatt for verdi om grunneigar- og bygdelaga frå starten blei engasjert i ein prosess med skjøtsel og utvikling av verdi-

ane i området. Dette arbeidet bør ein prøve å stimulere snarast for å dempe frustrasjonen over bandlegging og vernereglar.

– Leiinga ved Miljøvernavdelinga i Møre og Romsdal har ved verneplanarbeid i heile fylket hatt store verneambisjonar utan å ta tilstrekkeleg omsyn til innspel frå grunneigarar, kommunar eller eigne rådgjevande utval. Dette har skjedd trass i retningslinjer for arbeid med verneplanar frå DN. Prosessen har gjeve mange som planane berører mykje arbeid og skapt folkeleg avstand til denne form for naturvern. Men vi er tilfreds med at medarbeidarar ved Miljøvernavdelinga og Landbruksavdelinga heile tida har vore aktive og halde informasjonsmøte og synfaringar med grunneigarar og kommunane og vist velvilje til kontakt med berørte og med fagorganisasjoner.

– I retningslinjene frå DN heiter det at - det må skapast almen forståing og reell medverknad i prosessen. Grunneigarar og brukarar må takast på alvar. Kommunar og fylkeskommune skal ha ein sentral rolle i arbeidet. Stortinget har seinare bede om at kommunane får ein meir sentral plass i vernearbeidet.



Bondelagets Forvaltningsplangruppe Dovre 2. februar. Deltakarar var grunneigartillitsvalgte som arbeider med forvaltningsplan for nasjonalpark og landskapsvernområder i Dovre og Sunndalsfjella. F.v: Kari Marie Jenstad, Sunndal, Olav Finnset, Eikesdal, Torstein Oppigard, Eikesdal, Halvard G. Hagen, Sunndal, Harry Brude, Verma, Nils H. Sæther, Øksendal og Svein Magne Dahle, Isfjorden. (Foto: Gunnar K. Wentzel)

4.1.2 BONDELAGETS FORVALTNINGSPLANGRUPPE DOVRE

2. februar vart det halde arbeidsmøte i Bondelagets Forvaltningsplangruppe Dovre på Hotell Scitlertun i Nesset. Deltakarar på møtet var grunneigartillitsvalgte som arbeider med forvaltningsplan for nasjonalpark og landskapsvernområder i Dovre og Sunndalsfjella: Halvard G. Hagen, Sunndal, Kari Marie Jenstad, Sunndal, Nils H. Sæther, Øksendal, Henning B. Øverås, Eresfjord, Torstein Oppigard, Eikesdal, Rune Hallgeir Finnset, Eikesdal, Harry Brude, Verma, Svein Magne Dahle, Isfjorden og Gunnar K. Wentzel, org sjef M&R Bondelag

Tema som vart teke opp var gjennomgang av utkast til forvaltningsplan. Behov for skjøtselstiltak og finansieringsbehov for dei ulike område. Frå grunneigarhald er det naturleg å leggje vekt på skjøtsel og næringsverksemd, og finansieringsbehov. Vidare drøfta møtet mulegheitene for næringsverksemd i næringsområda – oppføring av bygg, turisme, tilretteleggingstiltak, motorferdsel.



Frå bygdeseminar i Geiranger

4.1.3 OMRÅDETILTAKET «EIT OPNARE GEIRANGER»

Områdetiltaket er organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Geiranger Bondelag og Stranda kommune. Odd Sætre, tidlegare leiar i Innfjorden Bondelag i Rauma, er engasjert som prosjekt-leiar. Både Bondelaget sin organisasjonssjef, reiselivssjefen, næringsjefen og prosjektleiaren deltek i styringsgruppa for Områdetiltaket.

Føremålet med områdetiltaket er å iverksette ulike tiltak for m.a. å hindre attgroing av Geiranger for å behalde eit velstelt kulturlandskap, og for å sjå landskapet med verneområdet som ein ressurs i arbeidet med å skape nye inntekter i landbruket - ny næringsverksemd basert på bygda sine ressursar i landbruket, mat, husflid, og personlege ressursar hos den enkelte.

Gunnar Wentzel har det siste året delteke på fleire møter i Geiranger om områdetiltaket, m.a. 22. januar og 15. oktober om bygdemobilisering med 27 deltakarar.

Eit bygdeseminar om «Eit opnare Geiranger» 5.-6. mars samla 25 deltakarar. Møteleiarar var Rannveig Djønne frå landbruksavdelinga og Gunnar Wentzel frå Bondelaget. Seminaret tok opp matforedling, næringsutvikling, samarbeid, kulturlandskapstiltak, husdyrhald og beiting. Styringsgruppa har gjennom året drøfta å etablere arbeidsgrupper, det kan også dels vere i samarbeid med nabobygdene, om tema som t.d. matforedling, husdyrsamarbeid, beiting med geit, husflid, kultur og aktivitetstilbod.

Prosjektet har oppnådd ei hel del på kort tid i haldningar innan landbruket og i forhold til andre i bygda: Felles ønskje om mål og tiltak, starta skjøtsel og drøfting næringsutvikling.

4.1.4 GRENSEENDRING FOR LANDSKAPVERNOMRÅDE I RAUMA

Fylkeslaget hadde i mai til handsaming avgrensa høyring på forskrifts- og grenseendring i Kvanndalen i Isfjorden for Dalsida landskapsvernområde i Rauma, og gav desse merknadane:

Møre og Romsdal Bondelag vil sterkt rå til at den minimale grenseendringa for Dalsida landskapsvernområde blir gjennomført. Grensejusteringa vil gjere det lettare for Kvannkraft AS å få til ei lønsam og trygt inntakspunkt med mindre fonnefare for nedgrava røyrgate ned det planlagde kraftverket nede i dalen. Grensa blir berre flytta 28 meter opp i dalen. Det er ikkje påvist spesielle

verneomsyn knytt til det minimale arealet som vert teke ut av verneområdet. Dersom grenseendringa mot det vi trur likevel skulle bli nekta, må utbygginga bli tillate.

Møre og Romsdal Bondelag er kritisk til utkastet til ny forskrift på fleire punkt. Samstundes med ei svært restriktiv haldning til m.a. kva som er landbruksverksemd og mindre tiltak frå grunneigarane opnar dei for langt meir omfattande inngrep.

§ 1.2 «Bestemmelsene er ikke er til hinder for: h) ... fornyelse av kraftledninger ... når det ikke forutsetter vesentlige fysiske endringer i strid med verneformålet.»

§ 1.3 «Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til: m) Framføring av nye kraftlinjer,»

Kraftliner er inngrep som vesentleg øydelegg for anna naturbasert næringsutvikling og reduserer utviklingspotensialet for eigedomen. Verne- og erstatningsreglar bør innehalde eit incitament til å fjerne, slå saman eller kable leidningar i viktige bu- eller naturområde.

I standardforskriftene for landskapsvernområder frå Direktoratet heiter det at *forvaltningsstyresmakten kan gjere unnatak når det er små inngrep eller det har stor verdi for søkjar*. Dette er en mer presis formulering enn det som er brukt i forskriftene § 1 for Dalsida landskapsvernområde.

Møre og Romsdal Bondelag vil peike på at *forvaltningsstyresmaktene på bakgrunn av det minimale inngrepet for lengst burde ha gjeve dispensasjon for det omsøkte tiltaket som går berre 28 meter inn i eit landskapsvernområde*. Med heile høyringsprosessen blir det ei lang og fordyrande periode for utbyggarane frå søknaden 07.11.2002. Forvaltningsstyresmakta bør heller ha gjeve klare råd om korleis inngrepet skulle bli utført og oppryddinga i terrenget bør skjje, slik også utbyggjar har omtalt i sin søknad og kommunen har peika på.

Møre og Romsdal Bondelag meiner vernereglane § 3 gir heimel for eit slikt minimalt inngrep som ikkje endrar landskapet sin karakter. Det ligg til fylkesmannen å ta slik avgjerd. Det er ikkje snakk om vassdragsregulering eller oppdemming slik kraftselskap har gjennomført i vel så verneverdige landskap i dette området tidlegare.

Forvaltningsstyresmaktene sin handsaming av denne søknaden og tilsvarende planar om næringsverksemd frå grunneigarar tilseier at vårt råd framover vil måtte bli å avgrense verneområda mest muleg. Dette skulle ikkje vore naudsynt dersom forvaltningsstyresmaktene og forskrifter var meir fleksible overfor grunneigarar som skal livnære seg i området. Dette er elles den tredje grensejustering av verneområde med behov for ny kongeleg resolusjon her i fylket på kort tid.

- Stortinget – og Norges Bondelag - har gjenteke at det går for langsamt med utbygging av mindre kraftverk, og at det ser ut til å møte flaskehalsar som kunne vore unngått. Verneforskriftene eller praksis har ein alt for snever vurdering av tradisjonell næringsvirksomhet i landbruket når det ikkje tek omsyn til «nye» næringar som også er politisk prioritert. Rauma kommune har gått inn for at inntaket blir flytta opp i verneområdet trygt for fonn. Det er generelt opna for små kraftverk også i verna vassdrag.

4.1.5 KUNNSKAPSGRUPPE LANDBRUK FOR VERNEPLAN SMØLA

Fylkesstyret har på fleire møter fått orientering og drøfta forslag til verneplan for Smøla. Ei landbruksgruppa utpeika av Møre og Romsdal fylke vart leia av organisasjonssjef Gunnar Wentzel, der også fylkesstyremedlem og repr. for Smøla Bondelag, Ole Sigbjørn Iversen har vore medlem. Andre medlemmer i gruppa var Anders Hovde, fylkesagronom, Olav Sørstrand, Smøla Saueavslag og Asbjørg Kanestrøm, Smøla Bonde- og Småbrukarlag. På siste møte deltok Smøla Bondelags representant i hovedgruppa, Odd Jorulv Skjøllberg.

Det vart i april og mai halde fleire møter i kunnskapsgruppa for å gå gjennom alle verneområda, redusere planen og endre verneform i samsvar med innkomne uttaler.

Fylkesstyret sa seg på styremøtet 4. juni tilfreds med at Møre og Romsdal fylke og Smøla kommune kjører ei ekstra runde på verneplanen for Smøla gjennom arbeidsgrupper.

Kunnskapsgruppa på landbruk hadde sitt avsluttande møte i september, og sendte ut denne pressemeldinga:

«Uaktuelt å verne 35 prosent av Smøla - kompromiss eller et frivillig vern»

Den foreslåtte verneplanen for Smøla må endre verneform og redusere omfanget samt fjerne flere av de foreslåtte verneområdene. Dette kommer fram av den foreløpige innstillingen som landbruksgruppa leidet av organisasjonssjefen i Møre og Romsdal Bondelag, Gunnar Wentzel, er kommet med.

Landbruksnæringa mener det ikke er faglig grunnlag for så omfattende vern og med den strengeste verneformen naturreservat av nærmest alle områdene der det er foretatt registreringer av verneverdier. Næringa viser til behov for areal til dyrking og annen næringsutvikling, og tror ikke en vernestatus vil være avgjørende for å trekke flere turister i framtida.

Landbruksgruppa er pekt ut av Møre og Romsdal fylke og styringsgruppa på Smøla leidet av Gudmund Restad på bakgrunn av den sterke kritikken som er reist fra nesten hele Smøla-samfunnet. Det er foreslått vern etter naturvernloven av hele 35% av landarealet og store sjøområder i kommunen.

Uttalelsene fra grunneiere og Bondelaget viser at mange kan godta et visst vern av de særegne kulturlandskapene og verdifulle myr- og våtmarkstypene. Men dersom det ikke er mulig å komme fram til tidligere drøfta kompromiss, mener landbruket at verneplanen bør avvises og en får finne fram de tidligere tankene om et mulig frivillig vern slik som for Svanøy i Sunnfjord. Det blir påpekt at husdyrbeiting, gjødsling og slått er avgjørende for å ivareta mye av verneformålene og de rike fuglebiotopene.



Landbruksgruppa for verneplan Smøla Frå v. Morten Melby frå Miljøfaglig Utredning, utvalgsleiar Gunnar Wentzel frå M&R Bondelag, leiar i Saueavslaget Olav Sørstrand, Asbjørg Kanestrøm, bonde Ole Sigbjørn Iversen og myreksperter fylkesagronom Anders Hovde.

Det er utarbeidet forvaltningsplan for deler av landskapsverneområdet som er foreslått på Sør-Smøla, og det blir etterlyst mer konkrete skjøtselsplaner som kan erstatte mye av behovet for vern. Gruppa minner om at Smøla trass i en buktende kystlinje med en eventyrlig skjærgård bare har et femtitalls hytter mot 800 på Hitra. Få hadde vel for 20 år siden tenkt seg utviklingen en har sett på Oppdal eller Bjorli.

Forskriftene for verneområdet vil landbruket ha endret slik at de åpner for gjenreiseing og bruksendring for bygg eller anlegg i tradisjonell stil på eller like gjerne ved de gamle tuftene. Bønder må kunne ferdes i verneområdene hele året for tilsyn med beitedyr, og kunne guide eget turistfølge utenom hekkeseongen på myrer og holmer. Det må presiseres at gjødsling og maskinelt vedlikehold av kulturmark i reservatene er tillatt. Stadig flere holder utgangersau.

Fra grunneierhold er en kritisk til at Statkraft får tillatelse til å bygge et åttitalls vindmøller nord på denne flate øya og fremmede selskap driver taretråling opp i fjøresteinene, mens vernet vil forhindre nydyrking og næringsutvikling for andre deler. Bøndene på Smøla har spesielt behov for ny dyrkingsjord til gras, gulrot og kålrot etter hvert som myrsynkingen kommer ned på fjell.

Landbruket vil endre verneformen fra reservat til landskapsvern for Midt-Smøla, Jøa og Rosvoll. Den historiske øya Kuli med gårdsbruk i drift er best tjent med å være utenfor landskapsverneområdet på Sør-Smøla. Også for de foreslåtte reservatene Edøyvalen og østre del av Midt-Smøla er bruksinteressene større enn dokumenterte verneverdier og de bør gå ut av verneplanen, mener landbruksnæringa.

4.2 PROSJEKT UTMARK

Ein er no i tredje fase i ei målretta satsing innafor utmark, der Møre og Romsdal Bondelag er aktivt med som deltakar.

Prosjektet Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt- og fiskeressursane pågjekk i perioden 1998 – 2000. Prosjektets målsetting var å følgje opp politiske målsettingar om auka ansvar til rettighetshavarar og det ble via prosjektet gjort grunnleggande arbeid som ledd i å realisere lokal forvaltning innan 2006.

I perioden 2001 – 2004 vart prosjektet Næringsutvikling og driftsplanlegging i utmark gjennomført. I tillegg til å handtere organisering og driftsplanutarbeidelse så tok dette prosjektet for seg næringsutvikling.

Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund har no starta opp det tredje prosjekt, «Utmarksbasert Reiseliv», som skal gjennomførast i perioden 2004 – 2006. Dette prosjektet vil kun ha fokus mot utvikling og kvalitetssikring av utmarksbaserte reiselivsprodukt.

LOKAL UTMARKSFORVALTNING OG DRIFTSPLANLEGGING FOR VILT OG FISK

Som del av det sentrale prosjektet Næringsutvikling og driftsplanlegging i utmark 2001-2004, vart det i Møre og Romsdal gjennomført delprosjektet «Organisering lokal forvaltning og driftsplanlegging for vilt og fisk, næring i utmark.» Skogeierforeninga Nord hadde ansvaret for prosjektleiing. Prosjektet vart avslutta i juli 2004. Bjørn Gjøvikli frå Meisingset i Tingvoll var prosjektleiar.

Deltakande organisasjonar i prosjektet var representert i styringsgruppa med Knut Reinset (leiar) frå Skogeierforeninga Nord, tidlegare fylkesleiar Knut Sjømæling frå Møre og Romsdal Bondelag, John Hauger frå Fylkesmannen i M&R v/landbruksavdelinga og Nils Magnar Torvik frå Småbrukarlaget.

Prosjektet starta 1. juli i 2000. Målsettinga har vore å etablere samarbeidsorgan der det er behov for det, utarbeide forvaltningsplanar og driftsplanar for fisk og vilt, bidra til betre beslutningsgrunnlag for forvaltning av hjortevilt og styrke beslutningstakarane sin kompetanse samt å drive målretta utvikling av produkt marknaden er villig til å betale for.

Her i fylket vart det lagt stor vekt på å kartlegge status for organisering av utmarkslag, utmarksråd og utarbeide driftsplanar. Utvelgning av satsingsområder for organisering av grunneigarlag og utarbeiding av driftsplanar var også eit viktig mål i tillegg til gjennomføring av motivasjonsmøter, organisering og reorganisering av utmarkslag. Også utarbeiding av driftsplanar for fisk og vilt sto på dagsorden. I tillegg la ein vekt på å samle inn grunnlagsdata for produktutvikling samt hente inn bistand til å lage presentasjonar av jakt- og fisketilbod.

Den skrifteleg prosjektrapporten viser at 79 forskjellige organisasjonar for hjortevilt i 21 kommunar har i perioden 2000 til 2004 halde 171 møter. Totalt dreier det seg om nesten 2,6 millionar dekar forvaltningsområde. 84 planar for hjortevilt er etablert. Det vert felt nesten 7000 hjort, 600 elg og 1770 rådyr i fylket. I både jakt og fiske er det eit stort, ubrukt potensiale med millioninntekter som ligg og ventar for mange grunneigarar. Prosjektleiaren har berekna at 7000 felte hjort årleg og 600 elg har ein førstehandsverdi på 25 millionar kroner. Dersom ein tredjedel av dette blir felt av jegarar som betaler for det betyr det ein førstehandsverdi på rundt åtte millionar kroner.

I prosjektsammenheng er det fokusert spesielt på å utvikle salgbare produkt på hjortejakt og sjøfiske/feriehus. På mange gardar/småbruk står det tomme hus som er utnyttbare i denne samanheng. Det er også peika på andre mulegheiter som gode innlandsfiskeprodukt og småviltjakt. Ved å utvikle til dømes hjortejakt til tilbod med guide, full pensjon, husvære og anna kan ein auke innteninga og også involvere fleire i bygda i verdiskapinga.

UTMARKSBASERT REISELIVSNÆRING

Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund har for perioden 2004 – 2006 starta opp prosjekt «Utmarksbasert Reiseliv». I tillegg til den sentrale satsinga vert det etablert regionale pro-

sjeikt, for å bidra aktivt til å realisere næringa sitt potensial innfor verdiskaping i utmark.

Prosjekt Utmarksbasert Reiseliv i vår region omfattar Møre og Romsdal, Trøndelag og Nord-Norge. Prosjekteigarar er Møre og Romsdal bondelag, Sør-Trøndelag bondelag, Nord-Trøndelag bondelag, Nordland bondelag, Skogeierforeninga Nord og Troms utmarkslag.

Prosjektleiar og administrativt ansvarleg for prosjektmedarbeidarane er Skogeierforeninga Nord. Ein av dei fem prosjektmedarbeidarane skal ha kontorplass i Møre og Romsdal. Fylkesleiar Arne Magnus Aasen med medlem i styringsgruppa, som består av ein representant frå kvar av dei fire fylkesbondelaga, ein representant frå Troms Utmarkslag og tre representantar frå Skogeierforeninga Nord.

Prosjektet skal bidra til å auke grunneigarane sin interesse og kunnskap om utmarksbasert reiselivsnæring, auke kunnskapen blant andre aktørar i verdikjeden, forbetre rammevilkåra for næringa, auke marknadskunnskapen hos aktørane i verdikjeden, styrke samarbeidet mellom tradisjonelt reiseliv og det landbruksbaserte reiselivet og forbetre marknadbasert distribusjon av utmarksbaserte produkt.

Det vert skipa til delprosjekt for kvart fylke. Møre og Romsdal er eit av satsingsområda, med stort potensial for å hente meir inntekt ut av utmarksbasert reiseliv. Det vert tilsett prosjektmedarbeidar i Møre og Romsdal i 2005, som er tiltenkt å ha eit hovudfokus mot utvikling av jakt som produkt, men vil også arbeide med utvikling av andre utmarkprodukt, og organisering og driftsplanlegging i fylket.

Parallelt med oppstart av prosjekt utmarksbasert reiseliv vert det også starta eit prosjekt Målrettet Hjorteforvaltning på Vestlandet. Det vert viktig med god kommunikasjon mellom dei to prosjekta.

4.3 MATMANGFALD, LOKAL VIDAREFØRDLING

PROSJEKTET LOKAL VIDAREFØRDLING AV MAT I MØRE OG ROMSDAL

Småskala mat er eit nasjonalt satsingsområde. Dette er gjort synleg gjennom fleire matprogram, kokkekonkurransar og oppskriftsbøker. Interesse for mattradisjonar og skikkar har vore aukande dei siste åra. Region Midt i kompetansenettverket for mat består av fylka Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Innanfor dette området vert aktiviteten på matområdet samordna. Kurs og kompetanseheving, mobilisering av nye produsentar og nettverksbygging er sentrale oppgåver.

For å styrke matsatsinga oppretta Møre og Romsdal Bondelag og Møre og Romsdal fylke i samarbeid ei heil stilling i to år som prosjektleiar. Prosjektet tok til 1.oktober 2003 og vert avslutta 1.oktober 2005. Randi Holme er tilsett som prosjektleiar, og har kontorplass i Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga.

Møre og Romsdal fylke løyvde i september av fylkesvise BU-midlar inntil kr. 120.000 til dette samarbeidsprosjektet. Løyvinga gjeld for 2004.

Hovudmålsettinga for prosjektet er å medverke til å få fram fleire produsentar av småskala mat i fylket, å følgje opp etablerte produsentar, å legge til rette for omsetjing av produkta og å bygge nettverk mellom produsentane. Viktige tiltak vil vere: Følgje opp enkeltprodusentar, Mobilisering, Informasjon/koordinering, Nettverksbygging, Rettleiing/kompetansebygging og Sal/marknadsføring/opparbeiding av marknadskanalar.



Asbjørn og Othild Tjugen frå Eide med sal av eigenprodusent ost og honning på «Bondens Torg» under Matfestivalen i Ålesund i august. (Foto: Arild Erlien)

Føremålet er å skape interesse, engasjement og oppslutning om småskala matproduksjon, å koordinere den aktiviteten som finst, skape samarbeid og å sjå dei moglegeheitene som finst for å utvikle matområdet vidare. Det vert lagt vekt på samarbeid med landbrukssamvirke, kommunane, Bygdekvinnelaget, Gjermundnes Fagsenter, Norsk Gardsmat, Bondens Marked, Innovasjon Norge, Bygdefolkets Studieforbund og lokale aktørar. Samarbeid over fylkesgrensene innanfor region Midt vil vere viktig både i høve til å lære av kvarandre, for å etablere samarbeid og nettverk og for vidare utvikling av kanalar for sal av småskala mat.

Hovudmålgruppa i prosjektet er potensielle og nyetablerte produsentar av småskala mat. Med produsentar forstår vi primærprodusentar med utspring i landbruksnæringa.

Styringsgruppe: Leiar og organisasjonssjef Møre og Romsdal bondelag, Avdelingsdirektør og leiar seksjon jordbruk og næringsutvikling, Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga.

Matgruppa i fylket er etablert i samband med fleire prosjekt som har vore gjennomførte på fylkesnivå dei siste åra. Gruppa har vore viktig i strategiske drøftingar om matsatsinga i fylket. Denne gruppa er no knytta til det nye prosjektet. Gruppa fungerer som ressursgruppe for prosjektet, og består av leiar Gunnar Waagen, M&R Bondelag, nestleiar Jorunn Kvernen, M&R bonde- og småbrukerlag, Sekretær: Randi Holme, Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga, Medlemmer i gruppa: Sivert Gravem, Innovasjon Norge, Harald Vågene, Norsk Gardsmat, Lillian S. Sørheim, Møre og Romsdal fylke, nærings- og miljøavdlinga, Åsmund Skålvik, Gjermundnes fagsenter og Atle Frantzen, Bygdefolkets Studieforbund.

Gunnar Waagen frå Tingvoll vart frå årsskiftet 2003/2004 Bondelaget sin nye representant i matgruppa etter Mali Romestrand. Han vart valt til leiar i gruppa.

7. juni vart det halde arbeidsmøte i kompetansenettverket for småskala matproduksjon i Møre og Romsdal hos Othild og Asbjørn Tjugen på Derinngarden på Eide. Gunnar Waagen møtte for Bondelaget, og Alfhild Siljan for Bygdefolkets Studieforbund M&R. Tema for møtet var nye stasingar innan verdiskaping mat. Iddugnad på tiltak og utfordringar i kompetansenettverket. Ar-

beid med tiltak som skal opp til hausten og nye tiltak til handlingsplanen for 2005. Omvisning i prøveysteriet med orientering.

7. - 8. juni var Gunnar Wentzel på samling for sekretariata som arbeider med prosjekt Matmangfald i fylka.

Gunnar Wentzel og Atle Frantzen frå fylkeskontoret og Gunnar Waagen som Bondelaget sin repr. i matgruppa, har gjennom året også vore på fleire andre møter i samband med lokal vidareforedling av mat.

Aktivitetsrapport «Lokal vidareforedling av mat i Møre og Romsdal» 2004 fortel at status for produksjon av lokal mat i fylket er at vi har om lag 30 produsentar som har kome så langt i utvikling av dei driv med sal av produkta sine på Bondens Marked, andre messer, frå eigne gardsmatutsal og nokon få produsentar sel produkta sine i butikk. Interesse for å etablere slik verksemd er stor, og det er truleg at talet på produsentar vil auke vesentleg framover. Det mest vanlege har vore at enkeltprodusentar etablerer enkeltmannsforetak på sine eigne gardsbruk. I 2004 har det vore ein aukande tendens til at det har etablert seg grupper av produsentar som på eit tidleg tidspunkt inngår samarbeid om lokal matproduksjon.

ARBEIDET MED MATMANGFOLD I BONDELAGET

For Møre og Romsdal Bondelag er hovudsaken mobilisering internt, samt orientering om lokal matproduksjon eksternt. Det begynner å bli langt fleire aktørar, og som synest igjen på våre arrangement lokalt og regionalt, på Bondens Marked og på Matfestivalen.

Bondens Marked er etablert både på Åndalsnes med sine marknadstradisjonar og i landbrukskommunen Ørsta, men vil trulig ambulere meir.

Fleire sentrale Bondelagsfolk er i gang med ysting av ost i alle tre fogderia. Det har skjedd ei markant haldningsendring i landbruksmiljøet til gardsmatproduksjon og lokal foredling. Arbeidet med å fremme lokal matforedling og lokalt matsal gir ny stoltheit og eigenvurdering i næringa, også for volumproduksjonen.

Dette begynner å bli skikkelig artig for Matfylket Møre og Romsdal – eit av landets største matproduksjonsområder frå land, hav og industri, og med nye spennande gardsmatprodukt, merkevarer som Tines lokale småskalaprodukt Ridderost og Snøfrisk forutan verdensnavnet Jarlsberg, Stabburet og Ringstad spekemat!

Tiltaka nemnt nedanfor er gjennomført av Bondelaget eller av eller i samarbeid med ulike andre organ, slik Bondelaget er oppfordra om:

Prosjekt «Lokal vidareforedling av mat i Møre og Romsdal» i samarbeid med Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke. M.a. studietur for bønder til Sverige 13.-15. okt 2004 felles for Midt-Norge. Prosjektleiar ved Landbruksavdelinga i full stilling. Budsjett for MRBL inntil kr 60.000 pr år i 2 år til tiltak.

Matgruppa i fylket felles for alle organisasjonane, LA, Innovasjon Norge og fylke. Styringsgruppe, rådgjevande for vårt prosjekt Lokal vidareforedling. Leiar er Gunnar Waagen frå MR Bondelag.

Studietur til Sogn og Fjordane 7. – 9. sept 2004. Arr i lag med MR fylke, Geiranger- og Verneplan-prosjektet. 38 deltakarar. Tema kulturlandskapstiltak, lokal mat, verneplanar og næringsutvikling. Gardsbesøk m.m.

Leiar møtet 12.-13. nov.2004 på Åndalsnes. 60 deltakarar. Presentasjon matmangfold og næringsutvikling, Bondens Marked og utferd med 2 relevante gardsbesøk. Lokal pausemat.

Matgaver. Alle arrangement som før. Supplert med nye lokale produkt.



Frå WTO-seminar i M&R Bondelag, Ålesund 12. mars 2004, der Ragna og Magnus Skjerdal frå Ørsta var tilstade med lokalproduisert ost. (Foto: Arild Erlien)

Årsmøtet 2004 i Ålesund med WTO-seminar og minikonferanse næringsutvikling. Arr i lag med MR fylke. 125 delt. Presentasjon med smaksprøver av 5 gardsmatprodusentar + lokal Tine-produkt i pausene og lokale produkt til lunsj.

Regionmøter 2004 og andre møter internt og eksternt. Lysark med presentasjon gardsmat-produsentar/ næringsutviklarar og om BU-midlar. Har gjerne med produkt for utdeling eller smaksprøver inkl Tine.

Brosjyre Landbruket i M&R, utarbeida i 2003, utdelt ved ulike høve i 2004. Presentasjon gardsmatprodusentar og næringsutviklarar og lokale Tine-produkt.

Fylkestinget 15. april 2004. Presentasjon næringa i fylket og lokal mat med brosjyre. Utdeling sponsa produkt. Stand.

Unionsmarkering 2005. «Mat og kulturlandskap 2005» Møter i styringsgruppe Arne Magnus Aasen, vara Gunnar Wentzel

«**Den gode smaken**» oppskriftsbok frå fylket ferdig våren 2004, solgt over 2.000 eks. Gavebok. I regi av Møre og Romsdal Bygdekvinnelag.

Matkartet - Matopplevingar på kart ved Bondelaga og landbruksavdelingane i Midt-Norge. MR Bondelag prosjektansvarleg. Eige budsjett for det LA utfører. Blir ferdig første halvår 2005. Kartet skal presentere produsentar av lokal mat i Midt-Noreg som har sal av produkta sine. Målgruppa for kartet er både reisande og lokalbefolkninga. På kartet får lesaren informasjon om produkt, opningstider på gardsmatbutikker, telefonnummer og e-postadresser til produsentane. I tillegg blir seks produsentar fra kvart fylke presentert med ein lenger tekst på norsk og engelsk. Kartet skal være gratis, og skal distribuerast på turistinformasjonar, hos gardsmatprodusentane, på ferjer, bensinstasjonar m.m. Kartet skal leggest ut på internett.

Open Gard 22. august. Matpresentasjon i samarbeid med lokal lag og Landbrukssamvirket.

Kulturlandskaps- og bygdeutviklingsprosjektet «Eit opnare Geiranger». Matmangfold: Utvikle lokal foredling, salgssted + tilbud til overnattingssteder Bygdeseminar 5.-6. mars med Wentzel som programleier og 22 delt. Matmøter mai og aug 2004. Wentzel i styringsgruppa for prosjektet.

Bondens Marked Åndalsnes 23 produsentar og Ørsta 21 produsentar. Bondelaget bevilga etter søknad til oppstart kr 10.000 til Åndalsnes og kr 5.000 til Ørsta. (Sjå omtale nedanfor).

Verdiskapingsseminar Matfestivalen i Ålesund 26.aug. 2004. MR Bondelag bevilga andel til Matfestivalen for gjennomføring seminaret.

Den norske Matfestivalen i Ålesund. Bønder og fiskere til torgs. Salsboder i gatene i Ålesund. Arild Erlien leiar for «Bønder til torgs» og tiltrer sekretariatet.

Samarbeid med Sør- og Nord-Trøndelag Bondelag. Planleggingsmøte felles tiltak som kurs og studieturar

Samarbeid med Kompetansenavet på Mære: Møter og kontakt på Mære og i Molde.

BONDENS MARKED – ÅNDALSNES OG ØRSTA

Nyskapinga Bondens Marked starta i august 2003 på Åndalsnes som en av ni plassar i landet. I 2004 vart «Bondens Marked Sunnmøre» etablert som eit treårig prosjekt med formål å auke salet av både tilvirka og utilvirka landbruksprodukt. Første torgdag var laurdag 26. juni i Ørsta, og samla småskalaprodusentar og kundar frå heile Sunnmøre pluss delar av Romsdal og Nordfjord. Det er lagt opp til eit nært samarbeid med Bondens Marked på Åndalsnes.

Styret for «Bondens Marked Sunnmøre» består av leiar Ivar Arne Vartdal, nestleiar Magnus Skjerdal, Liv Bente Viddal og Gunnhild Øksne. Prosjektet er administrert frå Ørsta næringskontor ved prosjektleiar Peder Lid.

Ørsta og Åndalsnes er organiserte med kvar sine styrer og har kvar sine prosjektleiarar. På sikt er målet at ansvaret for drifta av Bondens Marked skal over på produsentane sjølve, og at det ikkje skal vere nødvendig å ha lokale prosjektleiarar.

Fylkestyret i M&R Bondelag løyvde i juni 2003 kr. 10.000 til etablering av Bondens Marked på Åndalsnes. Etter søknad løyvde styret i Møre og Romsdal Bondelag 5.000 kroner til prosjektet Bondens Marked Sunnmøre. Bondelaget arbeider for at bøndene skal få mest muleg att for dei varer og tenester dei leverer. Styret ser det som viktig at Møre og Romsdal Bondelag bidrar til slik innsats på næringsutvikling på ulike områder. Styret er svært positiv til satsinga og merker seg det lokale engasjementet i Ørsta, stor interesse frå heile regionen, den frivilljuge innsatsen og nybrottsarbeidet for fylket, slik som vi også har sett på Åndalsnes siste året.

5. Organisasjonsarbeid

5.1 Lokallag med medlemstal

Lokallag	Nyinnmeldte i 2004	31.12.2004	31.12.2003	Endring	Lokallag	Nyinnmeldte i 2004	31.12.2004	31.12.2003	Endring
Vanylven og Syvde	2	84	86	- 2	Eid, Holm og Rødven	2	39	38	+ 1
Rovde	-	23	23	0	Grytten	2	38	40	- 2
Sande	2	31	31	0	Isfjorden	2	29	28	+ 1
Vestre Sunnmøre	2	87	88	- 1	Nesset	2	105	107	- 2
Volda og Dalsfjord	3	59	63	- 4	Midsund	2	36	34	+ 2
Austefjorden	1	59	62	- 3	Gossen	-	44	45	- 1
Bjørkedal/Kilsfjord	-	8	10	- 2	Fræna	6	155	159	- 4
Ørsta	1	100	102	- 2	Hustad	5	104	104	0
Follestaddal	1	28	29	- 1	Eide	6	81	81	0
Hjørundfjord	7	69	63	+ 4	Indre Averøy	4	67	64	+ 3
Skjåstaddalen	2	33	32	+ 1	Kvernes	-	15	16	- 1
Ørskog	1	35	39	- 4	Ytre Averøy	3	86	87	- 1
Eidsdal/Norddal	1	42	43	- 1	Frei	1	17	17	0
Valldal	1	69	73	- 4	Gjemnes	10	188	188	0
Stranda	-	55	58	- 1	Tingvoll	7	96	91	+ 5
Sunnylven	1	73	75	- 2	Straumsnes	4	72	70	+ 2
Geiranger	1	7	6	+ 1	Sunndal	2	97	100	- 3
Liabygda	2	18	16	+ 2	Øksendal	-	31	31	0
Stordal	-	24	24	0	Ålvundeid	2	43	41	+ 2
Sykkylven	3	90	93	- 3	Ålvundfjord	3	26	27	- 1
Skodje	3	47	46	+ 1	Surnadal	6	193	192	+ 1
Giske	4	62	59	+ 3	Todalen	2	34	33	+ 1
Hildre og Vatne	-	44	46	- 2	Rindal	13	166	165	+ 1
Ytre Haram	-	38	38	0	Aure	5	84	80	+ 4
Fjørtoft og Harøy	2	26	24	+ 2	Halsa/Valsøyfjord	2	89	88	+ 1
Molde	5	118	120	- 2	Tustna	-	40	41	- 1
Vestnes	4	120	121	- 1	Smøla	5	64	64	0
Måndalen	-	20	20	0	Direkte medlemmer	-	5	5	0
Innfjorden	-	29	30	- 1	Møre og Romsdal	145	3.542	3.556	- 14



Nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, innleia til generaldebatt på fylkesårsmøtet i mars. Vidare ser vi nestleiar Oddvar Tynes, avtroppande leiar Knut Sjømæling, årsmøteordstyrar John Helde og org.-sjef Gunnar K. Wentzel. (Foto: Arild Erlie)

5.2 Organisasjonssaker

LOKALLAG

Det er 56 lokale bondelag i fylket, som er to mindre enn året før. Fylkeslaget har 6 kvinnelege lokallagsleiarar, som er 2 fleire enn året før.

Harøy Bondelag i Sandøy kommune og Fjørtoft Bondelag i Haram kommune slo seg i januar saman til Harøy-Fjørtoft Bondelag.

Volda Bondelag og Dalsfjord Bondelag slo seg saman i haust, og tok namnet Volda og Dalsfjord Bondelag.

Vi har fått meldingar om at også andre lokallag har vore i gang med arbeidet eller har planar om samanslåing. Fylkeskontoret har teke kontakt med lokallag ein ser ikkje fungerer, og oppmoda om dei vil vurdere samanslåing med eit anna lokallag. Styret ser positivt på dei vurderingar laga gjer om samanslåing. Som hovudregel framover vil vere viktig å ha lokale Bondelag i kvar kommune der det er grunnlag for det. Mange stader er medlemene framleis best tent med fleire lokallag i kvar kommune.

Lovene plikter lokallaga til å halde årsmøte kvart år. For å ta vare på interessene til medlemene og ha eit fagleg og sosialt tilbod er det ein føresetnad at lokallaga fungerer. Når eit lag blir så lite, ikkje har fungert med årsmøte over mange år og særleg aktivitet i gang, slik situasjonen er blitt for nokre lag, er det riktig å medverke til å slå laget saman med eit anna lag. Medlemskapet i Norges Bondelag held fram som før, men medlemmene kan dermed få tilbod om eit større sosialt og fagleg miljø i eit lag med jamn god aktivitet.

MEDLEMSTAL

Medlemstalet var ved årsskiftet 3.542, ein nedgang på 14 frå året før. Totalt vart det i kalenderåret 2004 innmeldt 145 nye medlemmer (155 nye i 2003 og 181 nye i 2002). Mange lokallag og enkeltpersonar gjer ein meget god jobb for å verve medlemmer. Men auken blir ikkje større når det også er mange som går ut. Vårt fylke var dessverre av dei fylka med størst reduksjon i medlemstal i fjor. Av totalt 3.542 medlemmer var det 1.972 medlemmer med bruk og 1.319 personlege medlemmer, medan resten av medlemmene deler kontingent.

Kvart år er det mange som får purring, og seinare varsel om stopp av medlemskapet grunna ubetalt kontingent. Dei som ikkje betalar kontingent vil i henhold til Norges Bondelag sine lover bli stroke som medlem ved utgangen av same år. Desse får først fleire meldingar om opphøyr, og vert varsla med dei følgjer det kan få for medlemsfordelar som er knytt til medlemskapet som gruppeliv i Gjensidige og Agrol. Medlemskontingenten er Norges Bondelag sin viktigaste inntektskjelde, og er avgjerande for kva moglegheiter vi har til å løyse dei mange arbeidsoppgåvene som ligg foran oss.

Lokallaga fekk tilsendt namneliste om stopp i medlemskap p.g.a. ubetalt kontingent i 2003 og 2004. Medlemskapet kan reopnast når årets kontingent er registrert betalt. Lokallaga vart bedt om å sjå på om det var personar som bør kontaktast m.o.t. reopning av medlemskapet for å behalde dei i Bondelaget. Det kunne t.d. vere medlemmer som har fått krav på for høg kontingent fordi dei har selt mjølkekvote eller på anna måte endra drifta som ikkje betalar. Dersom endringane blir meldt inn, får dei ein lågare kontingent.

MEDLEMSVERVING

Medlemsverving og medlemskontakt har også det siste året vore ei prioritert sak i heile organisasjonen som tema på styremøter, i lokallagsbrev, møter og kurs, årsmøtet og leiarmøtet. Innmel-



Nye lokale bondelagsleiarar hausten 2004 saman med gjestar på leiarmøtet 12.-13. nov på Åndalsnes. Frå v.: fylkesleiar Arne Magnus Aasen, 1. nestleiar i Norges Bondelag, Hans Ellef Wettre, sjefskonsulent i Norges Bondelag, Nina Glomsrud Saxrud, Lars Petter Harnes (Harøy-Fjørtoft BL), Kristoffer Rød (Gossen BL), Knut Samset (Måndalen BL), Siw V. Lillebostad (Molde BL), Roger Ulvund (Surnadal BL), Birgit Kjerstad (Ytre Haram BL), Norleif Høydal (Austefjorden BL), Lars Roger Runde (Isfjorden BL), Åge Sørdal (Vanylven og Syvde BL), Per Kristian Gjerde (Stranda BL), Geir Hole (Ørsta BL) og Knut Flatvad (Sunndal BL). (Foto: Arild Erlie).

dings skjema vert utsendt i ulike brev og lagt ut på møter. Vi har stort medlemspotensiale - berre 50 prosent av alle bønder i M&R er medlemmer i Bondelaget. (Sunndal og Midsund har heile 90 prosent, men alt for mange kommunar ligg under 50 prosent). Lokallag og einskildpersonar som har gått inn for oppgåva, har vist at det er lett å verve nye medlemmer. Noko av det viktigaste er å spørje folk om dei vil bli med i Bondelaget.

Hausten 2003 vart alle lokallag utfordra til å gå gjennom tilsende lister med oversyn over produsentar, samt å finne fram til andre potensielle medlemmar. I neste omgang vart lokallaga i januar og februar sjølve utfordra til å ta direkte kontakt og verva medlemmar. Oversikt over status/potensiale i dei lokallaga som har følgd opp viste at berre i 12 lokallag var det eit reelt/konkret potensial på 313 nye medlemmar. Har vi råd til å la vere å spørje desse om å bli medlemmar?

Den uhøgtideleg vervekonkurransen går fram til fylkesårsmøtet i mars kvart år. Der blir det premiering til alle enkeltpersonar som har verva minst 5 nye medlemmer og til lokallaget. Registreringa for denne premieringa følgjer ikkje kalenderåret. Fylkeskontoret fører liste over all nyverving frå årsmøte til årsmøte. Vi har røynsle med at her er det fleire lag som står på til siste dag - fleire personar og lokallag leverer innmeldingsskjema tett oppunder eller på sjølve fylkesårsmøtet. (Sjå bilete og omtale av premiering på fylkesårsmøtet - kap. 1)

Fylkeslaget tok ei ekstra runde med premiering under leiarmøtet på Åndalsnes i november. Der var dei ei overrasking til alle som hadde med seg innmeldingskort frå nyinnmeldte.

Norges Bondelag har gode røynsler og auka medlemstal i fylker som har hatt telefonverving det siste året, utført av Tun Telemarketing - Nationen sitt salskontor på Fagernes. Møre og Romsdal er no eitt av seks nye fylker som skal ha telefonverving i februar/mars 2005. Det vart orientert om opplegget på leiarmøtet i november.

I midten av november fekk lokallaga tilsendt frå fylkeskontoret namnelister frå Produsentregisteret over «Ikkje-medlemmer i Bondelaget», som lokallaga skulle gjennomgå og bearbeide, og returnere til fylkeslaget innan 15. desember. Ved årsskiftet had-

de 33 av 56 lokallag sendt bearbeida lister tilbake. Lokallaga vart også oppmoda om å føre opp andre aktuelle medlemmar på «Ikke – medlemsliste» som t.d. ektefelle/sambuar, ungdom på garden, andre personar med tilknytning til landbruk gjennom yrke eller interesse (avløysar, rådgjevar, m.v.)

I forkant av telefonvervinga sendte Norges Bondelag ut brev til alle potensielle medlemmar. Lokallag som ikkje returnerte reviert/gjennomgått «Ikke – medlemsliste» til fylkeslaget ville ikkje bli omfatta av telefonvervinga. Tun Telemarketing gjennomfører telefonvervinga i løpet av februar 2005 på grunnlag av dei listene som lokallaga returnerte i desember. Lokallaget tek imot vervepremie for alle nye medlemmar, kr 200,-.

ARBEIDSPLANAR

Forutan arbeidsplan for Norges Bondelag og fylkeslaget si arbeidsplan vedteke av fylkesårsmøtet i mars, oppmoda vi også lokallaga i år om å ha ei slik arbeidsplan, helst vedteke av årsmøtet (eller styret). Lokallaga fekk tilsendt oversikt over aktivitetane i laga i samband med fordeling av Aktivt Lokallagsmidlar 2003. Der var mange ulike tiltak gjennomført som ein kan bruke som tips – det skader ikkje å «stele» andre sine gode idear/tiltak. Fylkeslaget peikte på nokre saker alle lag bør gjennomføre: 1. Årsmøte, gjerne som eit hyggjeleg samvær med god servering eller med eit tema. 2. Eit fagleg eller sosialt tilbod til medlemmene som fagmøte, bondekafé, frokostmøte, studiering eller utferd. 3. Studieringar. 4. Utadretta informasjon: T.d. Open Gard i august, skoleopplegg, matpakkedag rundt 6. febr, politikarkontakt t.d. med ordførar og kommunestyremedlemmar. 5. Ta opp lokale saker i kommunen. 6. Medlemsverving

ÅRSMØTA I LOKALLAGA

Fristen for å halde årsmøte i lokallaga er sett til midten av november. Men fylkeslaget si oppmoding var å halde årsmøtet så tidleg som mogleg i haust, gjerne i september og oktober, og i god tid før leiarmøtet, slik at evt ny leiar og andre nye tillitsvalde fekk høve til å delta på leiarmøtet på Åndalsnes 12. – 13. november. Fylkeslaget sette difor ein frist til 1. oktober for lokallaga til å fastsetje og melde frå til fylkeskontoret om tid og stad for årsmøtet, og om kven ein eventuelt ønskte besøk av.

Sjølv om det har betra seg noko i år, var det også no eit «problem» at mange lokallag held årsmøte alt for seint, då det får følgjer for andre aktivitetar. Det er hektisk eller vanskeleg for tillitsvalde å delta på lokale årsmøter når alle skal ha det omtrent i same veke uti november.

Fylkeslaget eller Norges Bondelag sto til rådvelde for å delta på årsmøta eller andre møter og helst når det er spesielle tema ein vil ta opp. Liste over idear til tema og innleiarar på årsmøte/temamøte i lokallaga vart sendt ut i september. Mange lag nytta seg av andre i «landbrukssystemet» og rundt oss i kommunene, alliansepartnarar, som innleiarar.

Fylkeslaget oppmoda valnemndene i lokallaga om å prøve å få minst ein tredel kvinner. Vidare bør valnemnda ut frå laget sin økonomi drøfte godtgjersle til styret og møtegodtgjersle ved representasjon utanfor kommunen. Fleire lag nyttar maks-satsen for avløysing under sjukdom, kr 750/dag.

Ved årsskiftet var det to lag fylkeslaget ikkje har høyrte ifrå m.o.t. å halde årsmøte. Fylkeslaget besøkte 22 av 57 lokallagsårsmøter. Dei andre laga hadde besøk av eksterne innleiarar. Fylkestyret sin konklusjon etter årsmøterunden var at lokallaga arrangerer trivelege årsmøte som er godt planlagd med skriftleg innkalling med sakliste og god servering. Fleire lag har litt lite oppslutning i årsmøtet, og problem med å få ny leiar sjølv om det er normalt lett å stille styre. Det har vore drøfta påskjønning for lang

og tru medlemskap, etterlyst kurs for nye tillitsvalde og samling nye medlemmer. Sjølv om det har betra seg noko i år, viser lista at det framleis er mange lokallag som ikkje held årsmøtet i oktober, men rett før Leiarmøtet i november. Det vil vere fordel for alle med tidlegare årsmøte. For seint årsmøte får følgjer for andre aktivitetar i lokallaget og deltaking på Leiarmøtet.

LEIARMØTE MED FOKUS PÅ NYSKAPING OG NÆRINGSUTVIKLING

Nyskaping og næringsutvikling i distrikta, synfaring på tre gardsbruk om «næringsutvikling basert på gardens ressursar», organisasjonsarbeid som vårt viktigaste verktøy til fellesskap og makt, næringspolitiske saker, jordbruksavtale og aktuelle juridiske spørsmål sto i fokus på leiarmøtet i Møre og Romsdal Bondelag på Åndalsnes fredag 12. og laurdag 13. november.

Totalt deltok det 59 personar frå lokale bondelag, tillitsvalgte i fylkeslaget og gjestar på leiarmøtet på Grand Hotell Bellevue på Åndalsnes. Det var lite påmelding av ekstra kvinnelege styremedlemmer. I tillegg til leiar inviterte vi frå kvart lokallag ein ny kvinneleg styremedlem valt i år eller i fjor. Dette som ein viktig del av Bondelaget si satsing på å få fleire som aktive og tillitsvalde på alle plan i organisasjonen.

Styret seier i si oppsummering i skriv til laga at ein er spesielt merksam på kvinneleg deltaking, og vil for leiarmøtet neste år invitere eit ekstra kvinneleg styremedlem frå laga anten nyvald eller med meir erfaring.

Leiarmøtet starta fredag med fokus på nyskaping og næringsutvikling i distrikta – slik dei har gjort det i Rauma. Arnt Øvind Siem frå Rauma Utvikling/Rauma Næringshage orienterte om dette temaet, og som saman med leiar for samarbeidsrådet for Bondelaga i Rauma, Anders Øverbø, fortalte om røynsle med «Bondens Marked» som arena og salgskanal for næringsutvikling. Vidare orienterte dei om bygdemobiliserings-prosjektet i Rauma.

Fredag ettermiddag var leiarmøtet på synfaring på gardsbruk om næringsutvikling basert på gardens ressursar. Her besøkte dei tre bønder som også driv mjølkeproduksjon. Per Devold på Devold Gard fortalte om den tilrettelegginga og serveringa av besøksgrupper for laksefiske i elva Rauma han har satsa på.

I Innfjorden reiste deltakarane på leiarmøtet opp til minikraftverket til Magne Vik som har han bygd opp 3 kilometer oppom bygda. På Lensmannsgarden i Innfjorden orienterte Iver Jakob Hage om si satsing på servering, overnatting og turistopphald i det ombygde grisefjøset på garden, som har har teke i bruk som selskapslokale.

Leiarmøtet hadde i år besøk av 1. nestleiar i Norges Bondelag, Hans Ellef Wettre og sjefskonsulent i næringspolitisk avdeling, Nina Glomsrud Saxrud. Dei hadde fredag ettermiddag ein brei gjennomgang av Norges Bondelag sitt arbeid på nyskaping og næringsutvikling i distrikta.

Nina Glomsrud Saxrud påpeikte at næringsutvikling vert omtalt på mange måtar – bygdeutvikling, mangesysleri, nyskaping, multinæringsaktivitet. Hennes definisjon på dette er alt som aukar bondens inntekt og sikrar sysselsetting og busetting. Visjonen er at Norges Bondelag skal vere best på næringsutvikling.

Laurdag starta med fokus på organisasjonsarbeid som vårt viktigaste verktøy til fellesskap og makt, m.a. arbeidsplan, organisatoriske utfordringar, medlemssituasjonen og medlemsverving. Hans Ellef Wettre og Nina Glomsrud Saxrud kom deretter inn på næringspolitiske saker, jordbruksavtalen, WTO, EU.

Landbruksdirektør Ole Syltebø orienterte om desentralisering og overføring av verkemiddel til kommunane.

Bondelaget sin samarbeidsadvokat Ole H. Rødstøl, Molde, gav leiarmøtet ei nyttig orientering om aktuelle juridiske spørsmål



Foran 1. nestleiar i Norges Bondelag, Hans Ellef Wettre og sjefskonsulent Nina Glomsrud Saxrud, som gjesta leiarmøtet på Åndalsnes (Foto: Arild Erlien).

for bonden og næringa. M.a. fortalte han om bondens advokatbruk, bruk av standarder og avtaler, organisering og virksomhetskrav for samdrifter, og endringsforslag i odelsloven og skatteloven.

Leiarmøtet vedtok ei uttale: Statsbudsjettet må oppretthalde skattefritt sal av gardsbruk (sjå kap. 3.11)

ÅRSMØTET I NOREGS BONDELAG

ble holdt på Hafjell i Øyer onsdag 16. og torsdag 17. juni. (Sjå bilde side 2). Utsendinger fra Møre og Romsdal var foruten fylkesleder Arne Magnus Aasen de årsmøtevalgte utsendingene Oddvar Tynes, Ole Sigbjørn Iversen, Anne Marie Nakken, Borghild Reenskaug og Lars Ole Gunnerød. Gunnar K. Wentzel møtte på årsmøtet som siste vara (møtte for Signe Brenna) og organisasjonssjef. Kari Redse Håskjold møtte som 2. nestleder i Norges Bondelag og Odd Chr. Stenerud, Giske, som varaordstyrer i årsmøtet.

Fra Møre og Romsdal var også styreleder i Prior Norge, Rune Henning Haram, Haram og styreleder i Norsk Kjøtt, Harald Mork, Averbø, tilstede som gjester på årsmøtet.

Kari Redse Håskjold ble gjenvalgt som 2. nestleder og Odd Chr. Stenerud gjenvalgt som varaordstyrer i årsmøtet.

Bondetinget hadde et sterkt fokus på mat og landbruk som viktige politikkområder.

- Det er bra å ha en statsminister som er villig til å engasjere seg for norsk landbruk når det trengs. Men resultatene av jordbruksforhandlingene med staten ble likevel ikke slik vi hadde ventet i forhold til de signalene Stortinget har gitt, sa leder Bjarne Undheim på årsmøtet.

- Vårt arbeid med internasjonale saker har vist at bønder i mange land har felles interesser, sa nestleder Kari Redse Håskjold, Volda.

Leder i Møre og Romsdal Bondelag, Arne Magnus Aasen, Tingvoll, minnet om at det ennå er mulig å berge landbruksnæringa i bygdene og oppfylle Stortingets mål om et aktivt landbruk over

hele landet. Den sterke oppslutningen om norsk landbrukspolitikk skyldes i stor grad gardsbrukene i fjord- og fjellbygdene. Distriktene er avhengig av økonomiske virkemidler. Når virkemidlene blir mer utjevnet for alle typer bruk, blir distriktstilleggene desto viktigere.

Borghild Reenskaug, Haram, følte at for henne på den lille øya Fjørtoft der det i dag bare er to melkeprodusenter igjen er det viktigere med aktive naboer enn muligheter for å øke produksjonen. Når forhandlingslederen i Landbruksdepartementet mener Norge bør få melkeproduksjonsbruk som er mer likt nabolandene med 50 til 100 kyr, er han i utakt med virkeligheten.

ORGANISASJONS- OG NÆRINGSPOLITISK VERKSTAD FOR LOKALLAGSSTYRA

vart halde 7.-13. januar 2004 på seks stader i fylket. Fylkesleiar Knut Sjømæling og organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel deltok på alle møta. Nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, deltok i Ørsta, Molde og Spjelkavik. Møta var lagt opp med 3 møter på Sunnmøre og 3 møter i Romsdal/Nordmøre på både dag- og kveldstid, slik at laga og styremedlemene sjølv kunne velje kor det høver best å møte.

Tema for samlingane var prioriterte saker, arbeidet i Norges Bondelag og lokallaga, medlemsverving, landbruksbasert næringsutvikling, open post for saker frå laga, aktuelle saker frå fylkeslaget, jordbruksforhandlingane 2004 og internasjonale saker – WTO og EU.

Totalt møtte det 119 tillitsvalde frå 39 lokallag: Ørsta 23 deltakarar, Ørskog 22 deltakarar, Molde 22 deltakarar, Spjelkavik 11 deltakarar, Batnfjordsøra 18 deltakarar og Surnadal 23 deltakarar. (I 2002 møtte det 102 tillitsvalde frå 34 lokallag og i 2003 møtte det 132 tillitsvalde frå 42 lag).

Avisene Møre-Nytt og Møre var på møtet i Ørsta og Romsdals Budstikke på møtet i Molde.

KURS FOR SAMARBEIDANDE REKNESKAPSKONTOR

Det årlege tema- og skattekurset for samarbeidande rekneskapskontor vart halde på Union Hotell i Geiranger 8. - 10. november. Totalt deltok det 72 personar på kursa. Det møtte rekneskapsførarar frå 26 kontor i fylket.

Temakurset måndag hadde tittelen «investeringsøkonomi», med landbruksøkonomisk rådgjevar Ole Christen Hallesby som forelesar. 44 personar deltok på temakurset. Kursmålet var å sette deltakarane i stand til å kunne hjelpe sine landbrukskundar med rådgjeving i planlegging omkring byggeprosessar, løysingar, finansiering og tilskotsordningar. Det vart og sett fokus på lønsemd og risiko.

Skattekurset tysdag og onsdag samla 72 personar. Forelesarar var Elling Bjerke og Svein Aalling frå Norges Bondelag. Desse tema sto på timeplana første dag: Skatteopplegget for 2004. Aktuell informasjon frå fylkesskattekontoret ved Svanhild Kvammen. Aktuelle dommar og uttaler, forhåndsuttaler. Skattereformenta 2004-2007. Tema rundt vedlikehald og kostnader vedrørande ulike bygningsmasser.

Andre dagen vart følgd opp med: Skatte og rekneskapsreglar vedr. ansvarlege selskap ANS. Merverdiavgift – lov- og forskriftsendringar, mva på persontransport, nye uttaksbestemmelser og prinsipielle avgjerder på avgiftsområdet. Om trygd: Aktuelt om trygd og pensjonsreforma. Om skatteopplegget for 2005, aktuelle lov og forskriftsendringar (odelslov, konsesjon og bokføring)

Det var ei engasjert forsamling på kurs i tre dagar der både deltakarar og forelesarar inspirerte kvarandre. Kursansvarleg frå fylkeslaget var Anne Turid Myrbostad.

ORGANISASJONSARBEID FØR JORDBRUKSFORHANDLINGANE

14. mai vart det inngått jordbruksavtale mellom Staten, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag. I utgangspunktet ville staten redusere bøndernes inntekter med 8.000 kroner. I forhandlingane vart dette forbetra med 6.000 kroner pr årsverk. Avtalen har ei ramme på minus 170 millionar kroner. Budsjettoverføringane skal reduserast med 410 millionar kroner, prisane aukast med 40 millionar kroner og resten finansierast med eiingsmidlar.

I forkant av forhandlingsløysinga var det eit betydeleg politisk press frå vår organisasjon. Staten sitt motkrav 4. mai gjekk inn for ei kraftig og rask omstrukturering i mjølkeproduksjonen spesielt, i tillegg til forslaget om kraftig reduksjon i tilbakeføringane. Tilbodet var ikkje forenlig med å føre vidare landbruket slik vi kjenner det i Vest-Norge. Det var forslag om å redusere mjølkeprisen med 3 øre, lam og egg - 20 øre, korn -8 øre.

Fylkeslaget gjekk 4. mai ut med oppfordring til lokallaga om aksjonsberedskap og å ta politiske kontaktar for å bidra til påvirkning, og spesielt i regjeringspartia - det kunne vere som medlem, gå via ordførar, stortingsrepresentantar eller lokale partileiarar.

Fylkeslaget og Norges Bondelag hadde aksjonsplanar klare, men vi såg det som mykje betre med konkrete økonomiske resultat gjennom forhandlingar enn å leve med statens tilbod. Eit brot ville vere tap for alle parter i forhandlingane.

Fylkeslaget sendte 4. mai ut pressemeldinga «Hån mot bønder og landskap i distrikta» – sjå kap. 3.13.

5. mai sendte fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel eit ope brev til alle ordførarane i Møre og Romsdal om dei pågåande jordbruksforhandlingane, der vi peikte på at «Jordbruksavtala er distrikta sin verktøykasse med garantert effekt på næringsliv og busetting, landskap og miljø» – sjå kap. 3.7.

Kronikk/lesarinnlegg om «Jordbruksavtala er distrikta sin verktøykasse» vart sendt til media 6. mai.

6. mai kom det også på trykk i fleire aviser eit velskreve lesar-brev frå ei gruppe agronomelevar ved landbruksskolen på Gjer-mundnes vidaregåande skule. Leiar og org.-sjef hadde skoleti-mar og møtt elevane måndag 3. mai og oppmuntra dei til å engasjere seg.

Både 5.- 6.- og 7. mai kom det fleire tilbakemeldingar til fylkeskontoret og fylkesstyret om at e-post-brevet til ordførarane var registrert og lest av fleire. M.a. hadde fylkesleiar i M&R Kristeleg Folkeparti teke dette opp direkte med statsministeren, og med May Helen M. Grimstad, som sit i næringskomiteen. Fylkeskontoret fekk også melding om at medlemmer i ulike parti var i kontakt med andre stortingsrepresentantar og andre sentrale folk.

11. mai vart det halde telefonstyremøte med fylkesstyret, der situasjonen i jordbruksforhandlingane og aksjonstiltak vart drøfta.

Om kvelden 14. mai vart det inngått jordbruksavtale med staten. I utgangspunktet ville staten redusere bøndernes inntekter med 8.000 kroner. I forhandlingane vart dette forbetra med 6.000 kroner pr årsverk.

15. mai sendte M&R Bondelag ut pressemeldinga «Må ta vare på optimismen i landbruksnæringa», der vi forklarar vår vurdering av den inngåtte jordbruksavtalen. – sjå kap. 3.13.

BREV FRÅ HJØRUNDFJORD BL OM JORDBRUKSAVTALA

På styremøte 4. juni drøfta fylkesstyret eit brev frå Hjørundfjord Bondelag, som meinte Norges bondelag sin informasjon om den framforhandla jordbruksavtalen dette året hadde vore for ein-sidig. Dei peikte på at Bondelaget har vore alt for lite flinke til å få fram dei negative sidene for bonden med den framforhandla avtalen. Det vert ikkje lettare å kjempe for bonden sine krav dersom oppfatninga er at bonden generelt sett har forhandla seg fram til ein god lønsauke.

Fylkesstyret takka Hjørundfjord Bondelag for sakleg og konstruktiv kritikk og med mange gode og velfomulerte råd i samband med jordbruksforhandlingane. Det er svært nyttig å få positive innspel både under og etter slike tøffe forhandlingar. Styret meinte liksom Hjørundfjord Bondelag at jordbruksavtala spesielt rammer vanlege bruk på Vestlandet. Her er det avgrensa ressursar til å få til ein naudsynt forbetring av inntektene gjennom auka produksjon, auka effektivitet og ulike kostnadsreduksjonar.

Fylkesstyret synest råda er svært nyttige for det vidare arbeid med formulering av eit avtaleresultat slik at det er greitt å oppfatte både for ålmenta og medlemmer, og oppdatering av informasjon til medlemmer og tillitsvalde kontinuerleg via heimesidene.

MØTE MELLOM BONDELAGA I VEST-NORGE

Møte mellom Bondelaga i Vest-Norge (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) vart halde i Bergen 24. mai. Dei som møtte var leiar og org sjef i dei fire fylka, frå Møre og Romsdal Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel.

Møtet drøfta kva ein har igjen for heile prosessen med jordbruksavtalen frå uttale frå lokallaga. Bør starte arbeidet med neste års avtale no i haust på kva vi vil ha gjennom neste år ved politikarkontakt. Når strukturen blir endra betyr distriktstillegg meir. Konklusjon at vi vil prøve å få inn ein merknad i Næringskomiteen om distriktsvirkemidla sin verdi for fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge. Det er desse områda som gir legitimitet til norsk landbrukspolitik.

Møtet drøfta også å kome med innspel til Vestlandsrådet for å setje landbruket på dagsorden.



38 deltakarar frå 17 ulike organisasjonar, forvaltningsorgan eller prosjekt i Møre og Romsdal deltok på studieturen til Sogn og Fjordane 7. - 9. september. (Foto: Gunnar K. Wentzel)

STYRET MØTTE INNOVASJON NORGE OG ANDBRUKSDIREKTØREN

På fylkesstyremøte 13. februar orienterte avdelingsleiar landbruk ved Innovasjon Norge sitt kontor i Molde, Sivert Gravem, om bruk og behov for investeringsvirkemidlar og om Det nye Innovasjon Norge.

Han nemnte at løyving til Møre og Romsdal 2004 innan tradisjonelt landbruk er på 10,4 mill kr, nye næringer 6,3 mill kr (10% overførbart til trad. som før) og utgreiing 3,9 mill kr.

I 2003 vart det innvilga til Etablererestipend kr 1.422.000 på 18 saker, Bedriftsutvikling kr 1.209.000 på 16 saker, Investeringstilskot tilleggsnæring kr 1.584.000 på 13 saker, Rentestøtte tilleggsnæring kr 2.100.000 på 11 saker, Tradisjonelt landbruk kr 8.500.000 på 70 saker, Rentestøtte trad. landbruk kr 11.300.000 på 57 saker, Generasjonsskifte tilskot kr 1.262.000 på 10 saker og Næringslån (lågprisikolån) kr 13.600.000 på 19 saker (ramme til M&R ca 15 mill kr).

Det vart ikkje teke ut heile løyvinga til tilleggsnæring i 2003. Fylker som har regionale stillingar på prosjektbasis i bygdelag har nytta ut midlane betre på tilleggsnæring.

På det same styremøtet orienterte landbruksdirektør Ole Syltebø om aktuelle utfordringar for landbruket i fylket, og om framtidig samarbeid med Landbruksavdelinga i M&R fylke. Fersk brosjyre/hefte over landbruksavdelinga sine oppgåver utdelt på møtet. Møre og Romsdal fylke treng partnerskap med organisasjonane. Lokale Bondelag kan nytte Landbruksavdelinga sine folk på møter. Landbruksplanane i kommunane bør ha ein overordna vurdering av prioritering av arealbruken i ulike delar av kommunen. Finansieringsordningane i Norge for dårleg, også samanlikna med andre land. Fylkestinget har ingen spesielle oppdrag på landbrukspolitikken.

ORIENTERING OM OMSETNINGSRÅDET SIN VERKSEMD

På styremøte 8. mars var leiar i Omsetningsrådet, fylkesmann Ottar Befring, tilstade og orienterte om Omsetningsrådet sin verksemd.

Rådet har 19 medlemmer der leiarane møter og der jordbruket har fleirtal i samsvar med lova. Handlar om marknadsregulering. Vedtaksmynde i marknadsreguleringssaker. At landbruksamvirket har rollen som marknadsregulator, med unntak av grøntsek-

toren, er spesielt internasjonalt. Hovudpillaren er mottaksplikt, forsyningsplikt til nokolunde eins pris, prisansvar og rett til å iverksette reguleringstiltak av omsyn til produsent og forbrukar.

ORIENTERING OM LANDBRUKETS FORSØKSRINGAR

På styremøte 13. april orienterte nyvalt fylkesleiar i Bondelag, Arne Magnus Aasen, som også er landsleiar i Landbrukets Forsøksringar, om verksemda til forsøksringane.

Han peikte på at forsøksringane er bondens eige rådgjevingsapparat, og om bønder ikkje er nøgde med drifta i eigen ring er det opp til det lokale styret å gjere endringar. Han orienterte om kva styret i LFR legg i fri og uavhengig, - det betyr at dei er styrt og eigd av bonden.

Forsøksringane sine råd skal baserast på det som tener bonden faglig og økonomisk. At dei er fri og uavhengig tyder ikkje at dei ikkje vil samarbeide med andre aktørar som og har bonden som målgruppe. LFR legg stor vekt på å samarbeide med andre organisasjonar, men er veldig tydelege på å vere eit middel - ikkje eit mål. Forsøksringane er også resultatorientert i sitt arbeid for norsk landbruk, og arbeidet med økologisk landbruk kan vere ein dokumentasjon på det.

Bondelaget skal kunne vere kritiske til forsøksringane når det er nødvendig, men han vil arbeide for at Bondelaget og forsøksringane skal i størst mulig grad ha positive relasjonar. Han peikte på at forsøksringane har eigne styrer som bestemmer korleis verksemda er. Meinte forsøksringane var det viktigaste for å få til omlegging til økologisk. Ringleiarane har i ein prøveperiode tilgong til danske rettleiarar sin database.

STUDIETUR «NATUR, NÆRING OG MILJØ» TIL SOGN OG FJORDANE

Tysdag 7. til torsdag 9. september vart det arrangert studietur «Landbruksnæring og miljø» til Sogn og Fjordane. Tema var kulturlandskapskjøtsel, bygdemobilisering, gardsmat – lokal mat, reiseliv og næringsutvikling i tradisjonelt landbruk og nye næringer - i og rundt naturvernområder. Turen var eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal Bondelag – prosjektet «Landbruket og verneområder», landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke og områdetiltaket «Eit opnare Geiranger».

Studieturen vart gjennomført i nydeleg haustver med 38 deltakarar som representerte 17 ulike organisasjonar, forvaltningsorgan eller prosjekt i Møre og Romsdal. Blant deltakarane var fylkesstyret og tilsette ved Bondelagskontoret. Av dei 38 deltakarane var 25 Bondelagsmedlemmer. Deltakarane var inndelt i grupper som tok notatar, og som har danna bakgrunn for rapport og orienteringar i eigne organisasjonar. Det er laga ei enkel lysarkserie med tekst og bileter for dette bruk. Samla felleskostnader var kr 166.000 for fellesreise, opphald, program, osv. Programkomite og reiseleiarar var Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke ved Rannveig Djonne, Prosjekt «Opnare Geiranger» ved prosjektleiar Odd Sætre, og Gunnar Wentzel frå Møre og Romsdal Bondelag – Prosjekt «Landbruket og verneområder».

Det vart ein opplevingsrik studietur som gav deltakarane ny oppmuntring og inspirasjon til å sjå mulegheiter, til næringsutvikling og bygdemobilisering og tru på framtida for distrikta: På turen møtte ein mange som kan og vil, tenkjer, legg planar og evnar å gjennomføre det. Siktemålet med turen var å få inspirasjon og nettverksbygging, og felles erfaringar som ein kunne ta med heim til eigen bygd og vårt fylke og organisasjon.

Bussruta var Molde, Stranda, Hellesylt, Stryn, Flåm, Sognefjellet, Geiranger, Molde.

Første stopp tysdag var hos Signe Aabrekk i Oldedalen. Der var det lunsj, omvisning og informasjon om guida Breturar i Jostedalsbreen Nasjonalpark, hytteutleige, gardsmat, servering og gruebakst. Deretter var det besøk hos Inge Melkevoll, Melkevoll Bretun. Omvisning og informasjon om næringsutvikling i tilknytning til verna områder.

På bussen etter avreise frå Oldedalen vart det gjeve informasjon om Naturbruksprosjektet ved Geirmund Dvergsdal frå Fylkesmannen si landbruksavdeling i Sogn og Fjordane.

Ved stopp hos multibonden Nils Einar Kjosnes på Skei var det omvisning og orientering om økologisk geitehald, gardslakteri med utsal (geit, hjort, aure), gardsturisme og landskapspleie med geit - beiteforsøk/prosjekt saman med Skei hotell og Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Under middagen på Mundal Hotell i Fjærland, der gruppa overnatta første dag, vart det gjeve kort informasjon om «Spons eit lam!» og Rundballfestival.

På bussen etter avreise frå Fjærland onsdag morgen, orienterte prosjektleiar Liv Astrid Norheim frå FMLA i Sogn og Fjordane om «Småfeprosjektet» og «Attgroing og kulturlandskap.» I Sogndal orienterte gardbrukar Jostein Kvåle om å nytte kasjmirgeit til landskapspleie. Per Hjermann i Lærdal tok for seg samarbeid mellom bønder på grøntsektoren. Ved ankomst Aurland orienterte Laila Kvellestad om ANKA (Aurland Natur- og kulturarv) og Morten Clemetsen om Aurland Naturverkstad. Det vart også snakka om erfaringar med landskapspleie med geit i Flåmsdalen. Ved landbruksskulen i Aurland var temaet nye fjøstyper for sau og satsing reiseliv - landbruk. På Fretheim Hotell i Flåm var det om kvelden fokus på lokalt samarbeid mellom landbruket og reiselivet om lokal mat og opplevingar.

Første stopp torsdag var Jostedal, bygda som aukar i folketal. Arbeid til unge og kvinner. Laila Gjerde driv mjølkebruk og Jostedal Hotell. Bruk av produkt frå garden. Samarbeid med turistnæringa og breførarlag. Bygdefolket har kjøpt Breheimen Nasjonalparksenter. Minikraftverk. Hjorteoppdrett. Ovnsproduksjon. Med retur over Sognefjellet var det stopp og gardsbesøk på Storhaugen i Lom, ein spesiell geitegard med turisme. Studieturen fekk ein fin avslutning med guiding i Geiranger og på Vesterås. Familiane Per og Arnfinn Westerås driv med servering i låven, utleigehytter og kulturlandskapskjøtsel, m.a. med 40 kashmirgeit.

SAMARBEID BONDELAGA – LANDBRUKSSAMVIRKET I MIDT-NORGE

14. januar vart det halde møte i Trondheim i det nye «samarbeidsrådet» for samvirket og Bondelagaa i Midt-Norge som ein del av den aktivitet som er på arbeidsplanen for samarbeidet mellom organisasjonane. Mål med møtet var å samordne regionale landbrukspolitiske haldningar og innspel, samt å bli betre kjent. Frå M&R Bondelag møtte fylkesleiar Knut Sjømæling og organisasjonssjef Gunnar Wentzel. Tema som vart teke opp var Bondelagets medie- og kommunikasjonsstrategi «Vi får Norge til å gro», tankar frå «Tenkeloft for Trøndersk Landbruk», Landbruk +, jordbruksforhandlingane 2004, marknadsordninga for mjølk og tiltak for betre balanse i kjøttmarknaden.

LANDBRUKETS HMS-TJENESTE

Landbrukets HMS-tjeneste (tidlegare Landbrukshelsen) er bonden og dei som arbeider på garden si bedriftshelsetenesteordning. Med utgangspunkt i at det er mange ulykker i landbruket og fordi bonden på mange måtar møter nye fysiske og psykiske krav og utfordringar, har landbruket fått ei bedriftshelsetjenesteordning med fagfolk som kjenner næringa.

Dette er bonden sitt faglege kontaktpunkt for dei fleste saker som gjeld helse, arbeidsmiljø og sikkerhet i landbruket. Det vert særleg fokusert på førebyggjande arbeid. Ordninga er basert på medlemskap, og vi tilrår alle bønder, inkl. ektefelle, andre tilsette på garden, samt avløyssarar, å melda seg inn. Årleg medlemsavgift varierer (ca kr 1.000), med halv avgift for ektefelle og tilsette på garden. Landbrukets HMS-tjeneste er eigd av Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Alle lokallag skal ha ein kontaktperson for Landbrukets HMS-tjeneste.

Regiongruppene skal fungere som kontaktledd mellom bonden/landbruket og HMS-rådgjevar/Bedriftshelsetenesta. Gruppa skal vere sentral i arbeidet med verving av nye medlemmar og kan ta opp eller kan bli bedt om å gje sitt syn på aktuelle saker og oppgåver.

Landbrukets HMS-tjeneste har vore godt i gang på Nordmøre og i Romsdal, der eigne regiongrupper har vore etablert nokre år. Rådgjevar Jon Skrondal på Nordmøre har vore i drift i 5 år, tilsett i mars 2000, og hatt ei positiv utvikling i antal medlemmer siste åra. Ole Magne Bjørnhjell, Sunndal, vart på årsmøtet i februar valt til ny leiar i regiongruppa etter Ingunn Golmen, Tustna.

I Romsdal har Tove Nesse teke over etter Linda Nesje som HMS-rådgjevar. Leiar i regiongruppa er Tor Steinar Lien, Nettet.

På Sunnmøre har det vore ein lang prosess å få i gang Landbrukshelsa, først og fremst fordi det har tok lang tid å få registrert mange nok gardbrukarar til å finansiere ordninga. For at tilbodet kan etablerast må det vere minst 100 medlemmer. Rett før ferien passerte ein denne grensa som var nok til å forsvare tilsetting av HMS-rådgjevar for landbruket i halv stilling. Pr. 6. oktober var det innmeldt 109 medlemmer.

Gunhild Øksne er tilsett som HMS-rådgjevar i halv stilling, og starta i jobben 1. november. Ho er formelt tilsett av Landbrukets HMS-teneste, som har arbeidsgjevaransvaret, men vil til dagleg vere tilknytt fagteamet ved HMS-Consult Ørsta Volda. Ho kom frå nyttår i gang med gardsbesøk, helsekontaktar osv.

Premiering for stor innsats for medlemsverving til Landbrukets HMS-teneste på Sunnmøre skulle tene som ein ekstra stimulans i vervearbeidet og ei synleggjering av at det vert sett pris på det arbeidet som vart utført. Følgjande personar markerte seg ved verving: Borghild Reenskaug (Harøy/Fjørtoft BL/1 vara fylkesstyret), Arne Rekkedal (Hjørundfjord BL og medl. arb.-gruppa Sunnmøre), Sigurd Rovde (Rovde BL) og Anders Flem (Ytre Haram BL).



WTO-konferansen i framkant av årsmøtet i M&R Bondelag i Ålesund 12. mars samla over 120 deltakarar i kongressalen på Parken Hotell. (Foto: Arild Erlien)

5.3 Utadretta aktivitetar

WTO-KONFERANSE SAMLA OVER 120 DELTAKARAR - Kva betyr WTO-forhandlingane for matproduksjonsfylket Møre og Romsdal?

WTO-konferansen om kva WTO-forhandlingane betyr for matproduksjonsfylket Møre og Romsdal og miniseminar om næringsutvikling i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge i framkant av årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Ålesund 12. og 13. mars, samla over 120 deltakarar. Lokale aktørar innan matproduksjon var tilstade på stand med smaksprøver av lokal mat. Lunsjen var sett saman av kjøkkensjefen til det han kalla Sunnmørsbufét med tradisjonsrettar frå land og hav.

Statssekretær i Utanriksdepartementet, Thorild Widvey, var innleiar saman med styremedlem i Forum for utvikling og miljø, Halle Jørn Hansen og nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold. Fiskarlaget måtte melde avbod som medarrangør av di deira aktuelle innleiar ikkje kunne delta.

På miniseminar om næringsutvikling innleia fagsjef i Norges Bondelag, Astrid Solberg, om Bondelaget som nærings- og distriktsutviklar, og rådgjevar i Landbruksdepartementet, Gaute Homb Lenvik, om Landbruk pluss.

Under begge seminarane, som samla over 120 deltakarar, var det fokus på «frå bygda til verda», der lokale aktørar innan matproduksjon var tilstade på stand med smaksprøver av lokal mat. Tine og Gilde stilte med sine produkt, Ragna og Magnus Skjerdal frå Ørsta med lokalprodusert ost, Ivar Arne Vartdal frå ToJo AS i Ørsta med lokale kjøttprodukt, og Signe Brenna med ulike smaksprøver frå Norsk Bærindustri i Valldal. Lunsjen med lokale rettar frå Møre og Romsdal vekte stor matglede.

I etterkant av seminar og fylkeslaget som arrangør e-post frå innleiar Halle Jørn Hanssen: «Jeg satte stor pris på å bli invitert som foredragsholder til seminar om WTO i Ålesund 12.mars, og jeg var imponert både over opplegget og hvor mange som deltok. Jeg tror det er meget viktig politisk at disse sentrale spørsmålene i internasjonal politikk, blir belyst på den måten dere la opp til.»

WTO-konferansen hadde fokus på at landbruket fyller viktige samfunnsmessige oppgaver gjennom produksjon av mat, trevir-



Innleiarar på miniseminar om næringsutvikling i Ålesund 12. mars: Frå v.: fagsjef i Norges Bondelag, Astrid Solberg, rådgjevar i Landbruksdepartementet, Gaute Homb Lenvik, landbruksdirektør Ole Syltebø og fylkesleiar i Bondelaget, Knut Sjørmøling. (Foto: Arild Erlien)

ke, beredskap og vern av miljø og ressursar for framtidige generasjonar. Ein ny WTO-avtale kan føre til auka konkurranse frå store mateksporterande land. Vi kan bli tvinga til å opne grensene, samtidig som statlege støtteordningar må byggast ned. Vi spør: Kva kan WTO-forhandlingane bety for matproducentane i Møre og Romsdal? Korleis kan vi tilpasse oss ein ny handelspolitikk?

Fylkesordførar Jon Aasen (Ap) opna WTO-konferansen. Han poengterte at det er ei veldig viktig forsamling som var samla i salen.

Statssekretær i Utanriksdepartementet, Thorild Widvey (H), innleia om WTO og verdiskaping i distrikta. Ho nemnte at aktiviteten i næringslivet i Møre og Romsdal blir lagt merke til internasjonalt. Det er viktig at debatten om WTO blir sett på dagsorden også utanfor Stortinget.

Statssekretæren roste arrangørane for eit positivt tiltak og hadde von om at seminar og bidra til å skape fokus på forhandlingane. Utanriksdepartementet pleier aldri å reise nordover når ein drøfter WTO-forhandlingane, sa ho.

Styremedlem i Forum for utvikling og miljø, Halle Jørn Hansen, innleia om Globalisering – U-land – og våre bygder. Han har tidlegare vore Afrika-korrespondent i NRK, Norads informasjonssjef og generalsekretær i Norsk Folkehjelp.

Nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, Volda, som var til stades under WTO-forhandlingane i Cancun, tok i sitt innlegg for seg frihandel kontra lokal matproduksjon og lokal matoppleving. Ho konkluderte med når det gjeld framtidsutsiktene i ei globalisert tid at mat er makt og at matsikkerheit har fått aukande merksemd.

MINISEMINAR OM NÆRINGSUTVIKLING I MØRE OG ROMSDAL

I framkant av årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Ålesund 12. og 13. mars, som samla over 120 deltakarar, vart det forutan WTO-konferansen også halde eit miniseminar om næringsutvikling i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge.

Tema var Bondelaget som distriktsutviklar ved fagsjef Astrid Solberg. Landbruk Pluss vart presentert av rådgjevar Gaute Homb Lenvik frå Landbruksdepartementet. Elles hadde direktør



Primærnæringskonferansen om EU arrangert av Bondelaget og Fiskarlaget i april samla sentrale aktørar frå 12 organisasjonar. Foran innleiarar og arrangørar ved Gunnar Wentzel, Bondelaget, Ole Kvalheim, Nei til EU, Jan Skjærvø, Norges Fiskarlag, Ellen Alfsen, Brussels, Christian Smedshaug, Norges Bondelag og Pål Farstad, Fiskarlaget. (Foto: Arild Erlien)

Bjørn Tunheim i Innovasjon Norge ordet. Møteleiarar var Knut Sjømæling og Ole Syltebø.

Fagsjef Astrid Solberg i Norges Bondelag utfordra forsamlinga på å få del i midlane frå Verdiskapingsprogrammet for matfor- edling, der Møre og Romsdal siste år fekk berre kr 208.000.

Gaute Homb Lenvik, rådgjevar Landbruksdepartementet, opp- lyste at alt regelverk med 40 lover skal bli gjennomgått med fo- kus på korleis dette virker for næringsutvikling. Også ei lovtek- nisk gjennomgang og opprydding slik at det blir enklare å hand- tere. Undersøkje kva som styrer folk sitt val av bustad, og korleis det slår ut for etablering av næringsverksemd.

Direktør Bjørn Tunheim, Innovasjon Norge – Møre og Romsdal påpeika at rammevilkåra og utviklinga for landbruket i Norge har vore skiftande dei siste åra, slik som for andre mange andre næringer. Viktig at virkemidla blir vidareført for å få ein effektiv og lønsam landbruksnæring. Landbruket er den næringa som har hatt ei forbetring av lønsemda dei siste fire åra. Kvalitet og miljø vil vere viktig å leggje vekt på. Tenk globalt, men handle lokalt. Må sikre rekrutteringa. Norsk landbruk må ha eit renomé slik at folk vil velje landbruket. Ein kvar regjering må medvirke til å oppretthalde landbruksnæringa.

EU-KONFERANSE I SAMARBEID MED NORDMØRE FISKARLAG

Det skjer stadig raskere omstillinger rundt primærnæringene både i Norge og ellers i Europa. Den 1. mai utvides EU med 10 nye medlemsland som representerer et marked og økt konkur- ranse. Både Bondelaget og Fiskarlaget arbeider nå intenst med internasjonale handelsspørsmål.

Dette var bakgrunnen for en dagskonferanse om Norges for- hold til EU som Møre og Romsdal Bondelag og Nordmøre Fiskar- lag arrangerte på Hotell Alexandra i Molde 23. april. Tema tatt opp var landbruks- og fiskeripolitikken, folkestyre, øst-utvidinga, EØS og ØMU. Målsettinga med konferansen var å oppdatere

kunnskapen hos sentrale aktører i primærnæringene og samar- beidspartnere, og å øke engasjementet hos deltakerne i private og offentlige debatter om EU.

Konferansen samlet nærmere førti personer fra 12 ulike orga- nisasjoner, derav ni fra Bondelaget og tre politiske partier ved fylkessekretærene Rolf H Endal, KrF, Ebba Torgersen, Sp og Egil T Ekhaugen, Arbeiderpartiet.

- Internasjonalt er det avgjørende å sikre kontrollen over råfis- ken gjennom Råfiskloven, sa generalsekretær Jan Skjærvø i Nor- ges Fiskarlag, som tok for seg fiskerinæringa og EU. - Fiskeriene har et evighetsperspektiv om ressursene forvaltes riktig. For Nor- ges Fiskarlag er distriktsperspektivet om hvordan vi vil utvikle kyst-Norge slik at det blir et attraktivt område å arbeide, drive næring og bo på det avgjørende, sa generalsekretæren.

- Markedet for innenlandsk matproduksjon i Sverige og Finland har utviklet seg mer dramatisk enn det var ventet etter inntre- den i EU, opplyste leder for EU-prosjektet i Norges Bondelag, Christian A Smedshaug, som orienterte om landbruks- og regio- nalpolitikken i EU, næringsmiddelindustrien og hva som skjer i Finland. Det var antatt at svensk matproduksjon var robust nok til å tåle inntreden i det felles markedet. I Sverige er nå en tredel av husdyrproduktene importert, mens eksporten står stille.

Direktør ved landbrukets Brussel-kontor, Ellen Alfsen, med bak- grunn i KrF's stortingsgruppe, innledet om Øst-utvidinga, tryg- gingspolitikken, og Økonomiske og monetære union (ØMU). Hun påpekte at om Norge hadde hatt euro som valuta, ville ver- dien ha variert mer enn den har gjort med kroner de siste årene. Norsk råvarebasert økonomi svinger i utakt med økonomien i EU og gjør motkonjunkturpolitikk vanskelig i en valutaunion.

Etter konferansen ble det holdt et internt møte mellom styre- representanter i primærnæringene og NTEU i M&R om felles til- tak, fylkessekretær og økonomi. Kort innledning ved Ole Kval- heim.



M&R Bondelag markerte «grodagen» med å besøke fylkestinget i Geiranger 15. april. Fylkesordfører Jon Aasen (t.v) fekk overrekk ei korg med landbruksprodukt, og informasjon om landbruket i Møre og Romsdal av fylkesleiar Arne Magnus Aasen. Bak Haramordførar og fylkespolitikar Oddbjørn Vatne (Sp). (Foto: Arild Erlien)

BONDELAGET MED «GRODAG» PÅ FYLKESTINGET

Møre og Romsdal Bondelag markerte «grodagen» med å besøke fylkestinget på Hotell Union i Geiranger torsdag 15. april. Fylkesordfører Jon Aasen fekk overrekk ei korg med landbruksprodukt, og informasjon om landbruket i Møre og Romsdal av fylkesleiar Arne Magnus Aasen.

I pausen midt på dagen delte/sette vi ut på plassane til alle politikarar og administrasjonen inne i tingsalen informasjonsskriv, profilmagasinet om landbruket i M&R, NB-brosjyra om Grodagen, samt landbruksprodukt sponsa av Tine Meieriet Vest i Ålesund. Med Ridderost frå Tresfjord, Snøfrisk frå Ørsta og Iskaffe frå meieriet i Ålesund fekk dei ein smakebit av dei mange gode landbruksprodukta som vert laga i Møre og Romsdal produsert for heile landet. Med stand utanfor tingsalen vart det mange gode og nyttige samtalar med politikarane utover dagen for fylkesleiar Arne Magnus Aasen, organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel og organisasjonskonsulent Arild Erlien.

Det vart eit vellukka møte med dei 49 fylkestingsmedlemmene, etatsjefar, administrasjon og media, som tok godt imot vårt bodskap og vår informasjon. Grodagen i fylkestinget fekk god pressemtale. Forutan dei tre dagsavisene Sunnmørsposten, Romsdals Budstikke og Tidens Krav med god omtale av aksjonen, var også NRK-Radio Møre og Romsdal tilstade da Bondelaget overrekte fylkesordføraren ei korg med smaksprøver og informasjon om landbruket. Innslaget i NRK-radio vart sendt i beste sendetid dagen etter, kl. 07.15 - eitt 10 minutt innslag med fylkesleiar Arne Magnus Aasen og fylkesordfører Jon Aasen, der dei med utgangspunkt i overlevering av produktkorg snakka om landbruket, verdiskaping, matkvalitet, produkt m.m.

Dette var for Bondelaget det første høve til å presentere landbruket i fylket overfor det nyvalde fylkestinget for perioden 2003-2007.

Over heile landet synleggjorde lokale bondelag og bønder gjennom ulike aktiviteter kva landbruket bidreg med og betydning for bygda, kommunen eller regionen, både på stand for å møte kvinne og mann i gata, møte med politikarar lokalt og regionalt, og aktivitetar knytt mot skolar og barnehagar. Fleire lokale Bondelag i Møre og Romsdal hadde eigne, vellukka «grodag»-opplegg med god merksemd i lokalpressa.

DEN NORSKE MATFESTIVALEN I ÅLESUND

A: Den Norske Matfestivalen 25. - 28. august 2004

Festivalen sitt føremål er: «Å fremme produksjon, foredling og konsum av norsk mat med basis i norske råvarer fra jordbruk og fiske». Den framstår som ein møteplass for aktørane innan norsk matproduksjon.

Den 20. i rekka - vart i år avvikla på berre fire dagar - mot tidlegare åtte. Ein tettare og meir kompakt festival med fleire aktivitetar avvikla på færre dagar. I løpet av fire hektiske festivaldagar konkurrerte 64 finalistar frå absolutt heile landet om 9 NM-titlar og 2 Kongepokalar (NM i Kokkekunst og NM i Institusjonskokkfag for lag).

I tillegg til dei tradisjonelle konkurransane NM i Kokkekunst, NM i Institusjonskokkfag for lag og NM i Kjøttfag (for lærlingar og svenner) kunne arrangøren i år skilte med heile tre nye meisterskap; NM i Sjømat (håndverksfag) NM i Ung Konditor og kåring av landets mest lokalpatriotiske kjøpmann; NM i Lokalprodusert Mat, i samarbeid med Bygdekvinnelaget. I tillegg vart det gjort ære på ein heil rekkje vinnarar i NM i Sjømatprodukt (industriprodukt).

Det var eigen fagmesse, Bondens Torg og Fisketorg alle fire festivaldagane, Barnas Matfestival og ei rekke seminar og kurs for einkvar smak. Ei samla norsk matbransje saman med mange andre besøkande var innom Matfestival-arrangementa i Ålesund. Festivalen vart opna onsdag av fiskeriminister Svein Ludvigsen og Hildegunn Moltubakk.

Organisasjonskonsulent Arild Erlien tiltrådte på vegne av samvirkeorganisasjonane i Møre og Romsdal sekretariatet for Matfestivalen fem dagar i festivalveka.

B: Bondens Torg og Fiskernes Torg 25. - 28. august

Det vart i år satsa mykje på å synleggjere småskala matprodusentar på Matfestivalen gjennom å legge til rette for torgsal. Bondens Torg på St. Olavs plass og Fisketorget i Skansegata var godt besøkt av produsentar og selgarar av matprodukt alle fire festivaldagane, fekk den norske matkulturen og tradisjonen vist seg fram. I hovudtellet mellom dei to torga var det kvar dag publikumsaktivitetar som m.a. seniordag, ulike aktivitetar for barn, underhaldning og kafè med lunsj- og middagservering.

Det var sørga for stands plass under tak på Bondens Torg på St. Olavs Plass, og alle dei 16 teltplassane på 3x3 meter var fylt opp alle fire dagane av småskalaprodusentar og gardsmatprodusentar både frå Møre og Romsdal og landet elles.

Også på Fisketorget på kaia var det i år rekordmange salsboder med smaksprøver, demonstrasjon, stand og aktivitetar.

Organisasjonskonsulent i M&R Bondelag, Arild Erlien, var prosjektleiar for Bondens Torg.

C: «Bønder og Fiskere til torgs» laurdag 28. august

Det tidlegare opningsarrangementet og tradisjonsrike «Bønder og Fiskere til torgs» vart i år halde på avslutningslaurdagen. Det var eit yrande folkeliv og folkefest med tusenvis av besøkande, der bønder og fiskarar sette eit sterkt preg på Ålesunds bygater. På Bondens Torg og i gågata stilte det opp eit tredvetals produsentar og selgarar av matprodukt frå heile landet; småskalaprodusentar og gardsmatprodusentar, samvirkebedrifter, næringsmiddelbedrifter og ein rekke organisasjonar som m.a. bygdekvinnelag og 4 H.

Møre og Romsdal Bondelag og bønder frå Vestnes var også i år på plass med sin populære «Opne Gard» på St. Olavs plass. Trengselen var som vanleg stor for å «hoppe i høyet» og rundt dyrene; hester, ku, kalv, griser og sauer.



Frå Bondelagets «Åpne Gard» under Matfestivalen 28. august 2004 i Ålesund. (Foto: Arild Erlien)

På Bondelaget sin stand stilte frå fylkeslaget leiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, nestleiar Oddvar Tynes, Stranda, fylkesstyremedlem Ole Sigbjørn Iversen, Smøla, lokallagsleiar Oddbjørn Døving, Skodje, lokallagsleiar Hans Frafjord, Vestnes, org.-sjef Gunnar K. Wentzel, Molde og org.-kons. Arild Erlien. Fylkeslaget stilte med fleire aktivitetar, m.a. spørjekonkurranse, og der alle deltakarane fekk som premie sjokomjølkspona av Tine Meieriet Vest.

Oddbjørn Døving kom også i år med grunder og materiale til «Hopp i høyet». Vestnes Bondelag, som har gjort ein kjempeinnsats i mange år, stilte opp igjen med dyr og halm: leiar Hans Frafjord, Øyvind Øverås (sau), Jon Petter Syltebø (gris), Per Helge Lindset (ammeku og kalv) og Per Aage Nerhus (hestar). Kenneth Myklebust stilte som sjåfør på innleigd dyrebil fra Gilde Bøndernes Salgslag. Kostnadane ved bruk av dyrebilen vert dekke av Gilde BS.

Dyrebingane, som Møre og Romsdal Bondelag kjøpte i 2002, vart brukt på arrangementet. Dei er lagra på Felleskjøpet sitt anlegg i Ålesund.

D: Verdskapsseminar «Frå mobilisering til realisering» 26. august

Seminaret vart arrangert av Matfestivalen i samarbeid med Norges Bondelag og Matmerk, og sponsa av Kaupa AS. Atle Frantzen møtte for M&R Bondelag. Over 80 deltakarar totalt. På seminaret vart det sett fokus på at i løpet av få år har småskala matprodusentar kome opp med eit betydelig spekter av spennande og gode produkt. Men mange har framleis eit og anna å hente på design, marknadsføring, distribusjon og sal. Hovudinnleiar var statssekretær Leif Helge Kongshaug. Det var også ein gjennomgang av aktuelle sals- og distribusjonskanalar for denne type produkt og ein programpost der produsentane sjølv formidla sine praktiske erfaringar.

E: Generalforsamling 2003

Generalforsamling i Den Norske Matfestivalen for 2003 vart halde i Ålesund 29. mars. Arild Erlien møtte for M&R Bondelag med 2 aksjer.

Planlagt generalforsamling 12. mars utsett då det var knytta noko usikkerheit rundt resultatet for 2003. Ein ikkje ubetydeleg andel av fjorårets negative resultat kan tilskrivas tidlegare års

resultat. Styret har lagt vekt på å tilrettelegge for betre økonomistyring og rutiner knytta til dette.

7 av 16 aksjonærar møtte. Den Norske Matfestivalen hadde for 2003 inntekter på 2,8 mill. kroner. Totalt gav driftsåret eit negativt resultat på kr. 261.130. Dette inneber at meir enn 50 prosent av selskapet sin egenkapital er tapt. Styret har iverksett tiltak for å auke inntektene og redusere kostnadane. Med ekstraordinære innkomne midlar i 2004 og budsjettert overskot i 2004, meiner styret at aksjekapitalen vil vere intakt i løpet av 2004 og at framleis drift er forsvarleg. I 2003 vart det gjort fleire grunnlagsinvesteringar som vart kostnadsført og som vil kome framtidige festivalar til gode.

Aksjekapitalen er kr. 160.000 fordelt på 16 aksjar. Aksjonærane er: Kokkenes Mesterlaug M&R, Landbrukssamvirkets Felleskontor, M&R Bondelag, M&R Bygdekvinnelag, NFED (Norsk forening for ernæring og dietetikk), Samarbeidsrådet for landbrukssamvirket i M&R (aksje overført M&R Bondelag), Tine Meieriet vest, Gilde Vestlandske Salgslag, Unidos, Bjarne Haagensen, Eksportutvalget for fisk, Reiselivsbedriftenes Landsforening i M&R (RBL), Kjøttindustriens Fellesforening (KIFF), Ålesund kommune og Ålesund Sentrumsforening.

Randi Kvissel Haugen (adm. dir. i Matmerk) attvalt som styreleiar. I styret elles var det også attval på nestleiar Gunnar Haagenen (Jangaard Export AS), ordførar i Ålesund, Arve Tonning, Åse Kringlebotn (Opplysningskontoret for egg og hvitt kjøtt), Geir Krogh-Albertsen (Gilde Bøndernes Salgslag), Jakob Dybvig (marknadsgruppa i Eksportutvalet for fisk) og Claus Th. Petersen (Norges Kokkemesteres Landsforening). Nye styremedlemmer vart Øyvind Hegdal, som er direktør storhushaldning Tine og Aina Bartmann (tidl. Edelman) frå Norsk Landbrukssamvirke/Bondens Marked. Varamedlemmer er Bjørn Bjerke fra RBL og Bjørn Ola Wennersberg frå Rimi-gruppen.

OPEN GARD

På dei 4 Opne Gardene som vart gjennomført i Møre og Romsdal var over 1.600 personar møtt fram. Både besøkande og lokale bondelag som arrangører gav uttrykk for at arrangementa var vellukka. Nokre av arrangementa hadde dårleg ver/regn, som gjorde sitt til at det vart mindre fram møte enn venta nokre stader. Alle arr. gjorde flott jobb med å få pressedekning.

Det var 19. året bønder i fylket opna grunder og fjøsdørar, og inviterte publikum til Open Gard. Dette er Bondelagets viktigaste dør opnar mellom landbruket og resten av befolkninga, og landbruket sitt store familiearrangement då alle kan kome på besøk for å gjere seg kjent med bonden, matproduksjonen og livet på garden. Landbrukssamvirket, Bygdekvinnelag, 4H og andre organisasjonar i landbruket deltok med produkt, aktivitetar, stands og grilling, noko både arrangørane og publikum sette stor pris på.

Søndag 22 .august kl 12.00 – 17.00 var det OPEN GARD på 3 stader i Møre og Romsdal:

Sykkylven Bondelag hadde 300 besøkande med Nedsætra Beitelag som vertskap. Frå M&R Bondelag: Arne Magnus Aasen og Oddvar Tynes.

Vestnes Bondelag hadde Furland Samdrift DA på Furlandsmyr som vertskap. 450 besøkande. Frå M&R Bondelag: Anne Marie Nakken.

På Aure Bondelag sitt vertskap var Ålmo Samdrift vertskap. 300 besøkande. Frå M&R Bondelag: Ole Sigbjørn Iversen.

Søndag 29 .august hadde Bondelaga i Averøy Open Gard på dei to nabogardane Sørigarden, og Oppistua på Indre Averøy. 530 besøkande. Frå M&R Bondelag: Ole Sigbjørn Iversen.



Frokostmøte i Hustad Bondelag med leiar i Norges Bondelag, Bjarne Undheim (i midten). Sittande til venstre leiar i Fræna BL, Trond Malmedal. Bak f.v.: Leiar Hustad BL, Atle Mykløy, slekting av Undheim og tidl. leiar Hustad BL, Tor Kvadsheim og fylkesleiar Knut Sjømæling. (Foto: Arild Erlie)



Sjølvi tider med tøffe internasjonale forhandlingar i Verdens Handelsorganisasjon, WTO, finn Bondelaget i Norge og USA at dei har det meste felles. Her frå besøk i Volda heime på garden til Kari Redse Håskjold i juni: frå v. bonde Knut Hustad, Ørsta, nestleiar i Norges Bondelag, Kari Redse Håskjold, Volda, leiar i National Farmers Union, David Frederickson med kona Kate, og leiar i Volda Bondelag, Olav Folkestad. (Foto: Gunnar K. Wentzel)

I tillegg hadde tre andre lokallag ein annan type open gard-arrangement i eit mindre omfang og på andre tidspunkt av året, og som ikkje var innmeldt gjennom Open Gard-samordninga til Norges Bondelag: Totalen BL hadde Opent hønsehus(gard) i mai, Hjørundfjord BL hadde Minibesøkgard på Hjørundfjorddaga i juni og Vestre Sunnmøre BL hadde Landbruksdag i Opplevingsparken på Hareid i september.

Fylkeslaget sendte inn til Norges Bondelag desse forslaga til forbetringar og kommentarar:

Ein del lokallag melder om at det er tungt å skaffa vertskap. Kanskje det blir stilt for store krav til kva som passar som vertsbud? I år var lokallaga flinke til å starta planlegginga i god tid. Dato for arrangementet bør fastsetjast og kunngjerast tidlegare. Dato passa bra i år. Det er vanskelig å få alle til å ha arrangementet på same dato pga lokale kollisjonar og fordi ein ofte må samarbeide med andre. Vi vil nok mista nokre arrangement viss det blir krav om at arr. skal vere på ein fast dato. Viss tiltaket skal ha gjennomslag/bli lagt merke til bør det ikkje bli færre arrangement enn det var i år. Vi har særleg problem med å finne vertskap nær byane. Vi saknar tiltak som kan retta på dette.

27. mai arrangerte Noregs Bondelag vertskapskurs i Trondheim for Åpen gård arrangørar. Fleire frå Møre og Romsdal deltok, mellom anna frå Vestnes.

SKULETIMER OM NÆRINGSPOLITIKK PÅ GJERMUNDNES

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel besøkte 3. mai ei agronomklasse og VK1. Både i klassetimen og samtalene med elevane på landbruksskolen var det orienteringar om aktuelle saker, landbrukspolitikk og om Bondelaget. Det var veldig oppmuntrande å treffe engasjerte ungdommer! Etter oppmoding forma landbrukselevane i etterkant ei god uttale om jordbruksforhandlingane til media, trykka i regiavisene, Bondebladet og Nationen.

BONDELAGSLEIAREN BESØKTE FRÆNA OG RAUMA

Leiar i Norges Bondelag, Bjarne Undheim, besøkte onsdag 25. februar Fræna og Rauma. Besøket starta med eit uformelt frokost-

møte i Hustad Bondelag, der Undheim svara på spørsmål om aktuelle saker. Styra i nabolaga Fræna og Eide var invitert til dette møtet. På Hustad møtte frå fylkeslaget fylkesleiar Knut Sjømæling og organisasjonskonsulent Arild Erlie.

Undheim var invitert til M&R av Eid, Holm og Rødven Bondelag, og tema for besøket var Bondelaget som distriktsutviklar, med fokus på det viktige arbeidet med næringsutvikling i tradisjonelt og nye næringer i bygdene.

Arbeidet med kraftverk og kvinnelege bønder som satsar på næringa vart presentert på Mittet og Dahle. Tidlegare Mittet skule har bønder planar om å gjere om til produksjonslokaler for kjøttforedling. Senere på dagen besøkte Undheim drivarane av Herje Caravan og Hyttesenter, Laila Remen og Helge Slemmen, som er årets reiselivsbedrift i Rauma. Både reiselivssjefen og næringslaget var med på samtale og synfaring. Om kvelden var det opent møte på Åfarnes, der Bjarne Undheim innleia til debatt om Bondelaget som distriktsutviklar. I Rauma møtte frå fylkeslaget fylkesleiar Knut Sjømæling og organisasjonssjef Gunnar Wentzel.

BONDEFELLESKAP OVER ATLANTEREN

Den norsk-ætta bondeleiararen frå Minnesota, David Frederickson, hadde nærast invitert seg sjølv til Volda for å sjå Vestlandet saman med kona Kate i samband med årsmøtet i Norges Bondelag. På besøk heime på garden hos Kari Redse Håskjold og mannen Fredrik laurdag 12. juni fant dei lett igjen tonen frå møtet i den internasjonale bondeorganisasjonen, IFAP, i Washington. Begge var glade for at IFAP vart samde om å arbeide for å skille mellom tiltak for å fremme innanlandsk matproduksjon og eksportstøtte.

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel møtte for Møre og Romsdal Bondelag på dei uformelle lunsjsamtalane i Volda med leiaren i National Farmers Union, som har 260.000 medlemmer som representerer vanlege familieeigde gardsbruk. Gjennomsnittleg har medlemmene nærare 1.000 dekar og eller 50 til 100 kyr.

5.4 Utvalsarbeid og prosjekt

BU-MIDLANE OG REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM (RUP)

I samsvar med tildelinga av fylkesvise BU-midlar er landbruksavdelinga pålagt å drøfte bruken av desse midlane med faglaga i landbruket; Bondelaget, Småbrukarlaget og Skogeigarforeninga, to gonger i året. På drøftingsmøte 3. mars møtte Knut Sjømæling, Oddvar Tynes og Gunnar Wentzel. Møtet drøfta Handlingsplan for bruken av BU-midlane for 2004. Samarbeid i landbruket. Norge 2005 – idedugnad. Inn på tunet. Storfeprosjektet. Orientering frå Innovasjon Norge.

Hausten 2004 vart det halde fleire møter om regionalt utviklingsprogram (RUP), regionale strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling og desentralisering av fylkesvise BU-midlar. Fylkesleiar og organisasjonssjef var i drøftingsmøte med M&R fylke 23. september, og dei deltok på Mørekonferanse/RUP-konferanse i Molde 28. og 29. oktober for utarbeiding av fireårig Regionalt utviklingsprogram (RUP). Det pågjekk eit arbeid ut november med retningslinjer for forvaltning av midlar til regional utvikling i landbruket.

I samband med jordbruksoppgjeret i 2004 vart partane enige om vesentlege endringar i BU-ordninga. Endringane avspeglar nasjonale og internasjonale utfordringar for landbruket, og fell også saman med moderniseringsprosjektet Landbruk Pluss.

Omlagginga skal gi forenklingar i regelverket, større grad av fri- dom og ansvar til regionalt nivå, og større vektlegging av samarbeid og heilskapstenkjing. BU midlane skal fremje verdiskaping innanfor eit breitt definert landbruksområde. Lønnsomheit, konkurransevne og nyskaping skal tilleggst større vekt enn før.

Arbeidet med Regional BU-strategi var prosjektorganisert, med eiga styringsgruppe. Styringsgruppa vart leia av Bondelaget sin fylkesleiar Arne Magnus Aasen. Styringsgruppa hadde i haust 4 møter gjennom prosessen. Som støtte i arbeidet vart det oppnemnt to arbeidsgrupper som kvar hadde to møter. Fylkesleiar og organisasjonssjef var med i kvar si arbeidsgruppe.

BU strategien heng nøye saman med det regionale utviklingsprogrammet (RUP). Nytt av året er at RUP får eit fireåreg perspektiv, og fell slik sett saman med tidsramma for BU strategien. Partnerskapet legg stor vekt på god samanheng i verkemiddelbruk og felles forankring i planverket. Med dette utgangspunktet var det svært naturleg å samkøyre den regionale bu-strategien med RUP prosessen.

INNOVASJON NORGE

Den nye eininga Innovasjon Norge frå 1. januar 2004 var ei samanslåing av Norges Turistråd, Norges Eksportråd, Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og Statens Veiledningskontor for Oppfinnere (SVO). Styret i Innovasjon Norge avd Møre og Romsdal (tidl. SND) oppnemnte i møte 18. mars nye medlemmer i regionstyra. Fylkesstyremedlem i M&R Bondelag, Anne Marie Nakken, Nettet, vart oppnemnt som landbruket sin representant til regionstyret i Innovasjon Norge. Norges Bondelag fekk plass i 13 av dei 15 regionstyra i landet, Småbrukarlaget i tre styre og Norges Fiskarlag i eitt styre.

Styret i Innovasjon Norge M&R er: Leiar: Odd Einar Folland (Adm. dir. i eige selskap), Nestleiar: Anne Jorunn Hammerø Hatle (Regionleiar NHF Nord Vest), Oskar Grimstad (Adm. dir. i eige firma), Roald Røsand (Adm. dir. Br. Røsand AS), Toril Ytreberg (Regiondir. NHO Møre og Romsdal), Anne Marie Nakken (Bonde – M&R Bondelag), Per Kibsgaard-Petersen (Rådgiver/pensjonist) og Solveig Strand (Daglig leiar i trålrederi).

Landbruket sin representant i regionstyret skal ha eit formelt samarbeid med Bondelaget sitt fylkesstyre etter avtale: Innkalla

til Leiarmøte og Årsmøte og delta på eit par styremøte i året, m.a. når BU-reglane blir drøfta og framfor jordbruksforhandlingane.

Anne Marie Nakken har på fleire styremøter orientert om aktuelle saker og handsamingar i regionstyret.

KULTURLANDSKAPSGRUPPA

Oddvar Tynes er Bondelaget sin representant i gruppa, og med Arild Erlien som varamann. Gruppa består av repr. frå Fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøvernnavdeling, fylkeskommunen si kulturavdeling, Bondelaget, Småbrukarlaget, Forsøksringane i M&R og Skogeigarforeninga.

15. april vart det halde ide-myldringsmøte for oppstart av beite-/kulturlandskapsprosjekt i Møre og Romsdal. Landbruksavdelinga vil ta initiativet til å få i gang eit prosjekt som skal kombinere beiting med geit og kulturlandskapspleie. I Sogn og Fjordane har dei hatt eit liknande prosjekt: «Verdiskapande geitehald i Flåmsdalen» der dei har teke initiativ til å utvikle og prøve ut eit alternativt driftsopplegg i geitehaldet, der ein tek sikte på å kombinere styrt landskapspleie i verdifulle kulturlandskap med økonomisk lønsam produksjon på ammegeit og kje.

På møte 6. mai var det presentasjon av kulturlandskapsprosjektet Indre Storfjord. Fleire av møta i gruppa har drøfta Regionalt miljøprogram, m.a. 27. april, 18. mai og 13. oktober.

Kulturlandskapsprisen til Harøy og Fjørtoft Bondelag

Vi gratulerer Harøy og Fjørtoft Bondelag med kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal for 2004 saman med Uksnøy Villaulag og Fjørtoft beitelag. Det er eit godt eksempel på at næringa gjer ein skikkeleg jobb og ei stadfesting på at mange set pris på innsatsen dei har lagt ned i å gjenskape det verdifulle kulturlandskapet på Uksnøy og Fjørtoft ved hjelp av utegangarsau. Tildelinga skjedde på Geirangerkonferansen på Union Hotel 4. mai.

ROVVILTFORVALTNINGA

Rovviltutvalet i Møre og Romsdal fylke består av representantar frå Bondelaget, Sau- og geitallslaget, Småbrukarlaget, Naturvernforbundet, Jeger- og fiskerforbundet, Kommunenes sentralforbund, Møre og Romsdal fylke og Dyrehelsetilsynet.

Oddvar Tynes er Bondelaget sin representant i Rovviltutvalet med Gunnar K. Wentzel som vara. På møtet 31. mars møtte Gunnar Wentzel. Utvalet drøfta m.a. fordeling av midlar til førebyggjande tiltak. Oddvar Tynes møtte på møtet 7. og 8. desember.



Fylkesleiar Arne Magnus Aasen (t.v.) i samtale med Per Westerås, som har kjøpt kashmir-geit til kulturlandskapspleie på Westerås i Geiranger. (Foto: Gunnar K. Wentzel).

Saker som vart drøfta: Forskinga på jerv dei siste åra med spesiell vekt på Sør-Norge. Skadedokumentasjon, rovviltregistrering og SNO si rolle ved felling av store rovdyr. Orientering om den nye rovviltpolitikken. Utfordringar i sauehaldet i Nesset. Orientering om førebyggjande tiltak gjennomført i 2004. Erstatning for rovviltskade 2004. Høyring ny forskrift om forvaltning av rovvilt. Rovviltutvalet si rolle etter at rovviltnemnda for Trøndelagsfylka og Møre og Romsdal trer i funksjon 1. april 2005.

Det vart halde jervemøte på Otta 28. januar, der Oddvar Tynes er fylkeslaget sin representant saman med rovviltkontaktane i Bondelaget, Småbrukarlaget og Sau- og geitalslaget i fylkeslaga Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Hedmark, Oppland, Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane.

30. januar vart det halde møte i Bondelaget om rovvildmeldinga på Sunndalsøra der desse bondelagsmedlemene som dels er rovvildtalsfolk i Saualslaget var innkalla: Oddvar Tynes, Stranda, Jon Kristian Aune, Rindal, Ola Brusset, Todalen, Hallvard G Hagen, Sunndal og Gunnar Wentzel. Møtet drøfta og laga uttale frå M&R Bondelag til Rovvildmeldinga, som fylkesstyret slutta seg til på møte 8. februar. Uttalen som M&R Bondelag sendte som høyringsuttale på rovvildmeldinga - sjå kap. 3.2.

Norges Bondelag sendte forskriftene om forvaltning av rovdyr frå Miljøverndepartementet på høyring. Møre og Romsdal Bondelag drøfta forskriftene på styremøte 27. oktober og sendte uttale - sjå kap. 3.10.

Brev til Miljøverndepartementet om delegere rovvildforvaltninga til fylke og kommunar

1. juli sendte Møre og Romsdal Bondelag brev til Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og Møre og Romsdal fylke, der vi ba om at styresmaktene medverkar til at det blir muleg at forvaltningsansvaret for rovviltpolitikken for vårt område blir delegert til fylket sitt partsamansatte rovviltutval.

Utvalet vart etablert som ei av fleire prøveordningar, og har etter kvart fungert etter måten godt. Fylkesmannen, fylkesmiljøvern sjefen og forvaltarane har stadig framheva at vi har fått til eit fungerande samarbeid og som næringa gjerne vil vere med å byggje vidare på. I Møre og Romsdal er det etablert ei prøveordning for fire år med Einskapsfylket som samordnar delar av fylkesmannen og fylkeskommunen sine administrasjonar. Det er viktig å leggje reelle samordningsoppgåver til dette organet.

Bestandsregistrering har vore eit konfliktfylt område mellom partane. For at lokale næringsutøvarar skal ha mest muleg tillit til bestandstala vil vi be om at sporingsansvaret for rovdyr og bestandsovervaking kan bli delegert til forvaltninga i fylket. Dei kan framleis leie tenester frå eksisterande fjelloppsyn med politiansvar. Dette vil vere kostnadseffektivt å oppretthalde den lokale kompetansen m.a. ved dokumentasjon av skadeårsak på kada-ver. Denne saka er drøfta med m.a. Miljøvern avdelinga i Møre og Romsdal fylke og tidlegare fylkestingsrepresentant og medlem i Rovviltutvalet, Kåre Brøste.

GRØNTUTVALET

Signe Brenna frå Norddal har vore Møre og Romsdal Bondelag si grønttalskvinne i 2004 og også vår representant i Grøntutvalet, som er sett saman av representantar frå bondelaga frå dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Grøntutvalet består av produsentar innan frukt, bær og grønt. Det er fylkesbondelaget som utnemner representantar til utvalet. Ei sak som har oppteke grøntsektoren, er handlingsplan bruk av plantevernmidlar, med forslag auke avgifta 25 prosent. Utvalet var samla til møte 29. januar i Lærdal.



Frå WTO-seminar i M&R Bondelag, Ålesund 12. mars 2004, der Signe Brenna stilte med ulike smaksprøver frå Norsk Bærindustri i Valldal. (Foto: Arild Erlien)

ØKOLOGISK LANDBRUK

I Møre og Romsdal vert rundt 2,5 prosent av det totale jordbruksarealet dyrka økologisk. For å nå målet om 10 prosent økologisk areal, er det viktig at Bondelaget framleis vil jobbe aktivt for å auke interessa for økologisk landbruk i M&R. Det skjer gjennom informasjons- og haldningsskapande arbeid for økologisk landbruk på dei møter vi arrangerer og deltek på. Vi legg vekt på å kome med tiltak og faglege innspel både i jordbruksforhandlingane, og overfor våre medlemmar, organisasjonar og produsentmiljø her i fylket. Eit sterkare engasjement frå Bondelaget vil vere avgjerande for å få gjennomslag for økologisk landbruk.

På styremøte 13. april drøfta styret gjennomføring av tiltak i handlingsplanen for økologisk landbruk i M&R. Dei tek opp bruken av midlar vedr. økologisk handlingsplan 2003, søknad om midlar 2004 og tildeling av midlar 2004. Møre og Romsdal fylke har for 2004 fått tildelt kr. 325.000,- til gjennomføring av tiltak i handlingsplan for økologisk landbruk. Norsøk har fått avslag frå SLF på søknaden om informasjonsopplegg om økologisk landbruk til bruk på møter i alle fylka i Norges Bondelag. Fylkesstyret drøfta tiltak, innspel og prioriteringar. Styret er oppteke av at midlane blir prioritert for å få til overføring av kunnskap til tradisjonelt landbruk.

Anne Marie Nakken representerte fylkesbondelaget på strategimøte 14. april på Fylkeshuset for gjennomføring av tiltak i handlingsplanen for økologisk landbruk i M&R. 1. september var Signe Brenna og Atle Frantzen på møte om Handlingsplan for økologisk landbruk. Peder Hanem Aasprang representerte M&R Bondelag på økologiske fagdager på Tingvoll 9.-10. september.



Styringskomiteen for prosjektet «Betong i landbruket» hadde siste møte med synfaringar i Møre og Romsdal 9. juni. Her frå «Eidsvollsbbygningen» i Fræna. Foran frå venstre: Øystein Vennesland, NTNU, Eva Rodum, SINTEF, Sigrun Bremseth, Norcem og Tore Wiik, FMLA-M&R. Bak: Dag Frode Fridheim, Mattilsynet, Einar Aassved Hansen, SINTEF, Egil Berge, NLH, Tron Trovåg, Norges Bondelag, Byrge Fitje, FMLA-M&R og bonde Terje Eidsvoll. (Foto: Gunnar K. Wentzel)

BETONG I LANDBRUKET

Organisasjonssjef i M&R Bondelag, Gunnar Wentzel, var leder i styringskomiteen for prosjektet «Betong i landbruket». Prosjektet, som var et brukerstyrt forsknings- og utviklingsprosjekt på betongskader i landbruksbygg, ble avsluttet i juni 2004. Komiteen hadde siste møte med befaringer i Molde 9. juni.

Norges Bondelag sto bak i et unikt samarbeid med Gjensidige, Mattilsynet, NTNU, Norcem og betongbransjen. Sintef i Trondheim og Landbrukshøgskolen ved Institutt for landbruksteknikk var faglige aktører sammen med Landbruksavdelingene i Møre og Romsdal ved Byrge Fitje og Sør-Trøndelag. Prosjektet ble finansiert av Innovasjon Norge, Mattilsynet og aktørene.

Prosjektet har først og fremst arbeidet med skader på dragere, spaltegolv og dekke i husdyrfjøs, men ser også på utvendige prefabrikkerte gjødselkummer og gjødselporter.

I fase 1 i 1998 – 2000 fant prosjektet fram til omfang av skadene på ulike typer bygg ved undersøkelse av et visst antall gjødselkjellere.

I fase 2 i 2002 – 2004 har en funnet fram til skadeårsaker, utarbeidet råd om forebygging og reparasjon og råd for nybygg av betongkonstruksjoner. Det er laget informasjonshefte og materiell overfor gardbrukere. Det er etablert kurs og utarbeidet veiledere for fagfolk som skal stå for tilstandsanalyse.

Informasjonsmateriell: Norges Bondelag har i samarbeid med prosjektet utarbeidet et informasjonshefte for bønder og rådgivere om hvordan en kan forebygge og utbedre betongskader i gjødselkjellere. Heftet ligger på hjemmesidene til Bondelaget.no, velg HMS. Her er også lysark til bruk på informasjonsmøter.

Prosjektet har utarbeidet en veiledning for fagfolk ved tilstandsanalyse av gjødselkjellere. Denne inneholder retningslinjer for og eksempler på undersøkelse på ulike nivåer, krav til registrering og rapportering, utstyr og sikkerhet. En tilstandsrapport skal klarlegge årsaker og omfang, vurdere de ulike konstruksjonene sin restbæreevne dokumentert med evt analyser, og anbefalinger på kort og lang sikt.

Prosjektet har holdt kurs i tilstandskontroll for fagfolk som står for undersøkelse av kjellere. Det blir nytt kurs i Stjørdal 14.-15. september. Informasjonsmateriell for nybygg vil bli utarbeidet.

Pressemelding: 30. juni 2004 sendte prosjektet ut pressemeldinga «Bøndene må stille krav til betongleverandørene». Styringskomiteen advarer mot omfattende reparasjoner før skadeårsaken er slått fast. Dersom skadene i gjødselkjellere er kommet langt og skyldes inntrengning av klorider, eller salter, kan armeringskorrosjon utvikle seg videre også etter en reparasjon. Derfor kan det være mest aktuelt å bruke bygget i sin resterende levetid og så satse på nybygg. Undersøkelsene har vist at i størrelsesorden vert tiende fjøs har behov for forsterkning av bærende konstruksjoner i form utskifting eller understøttelse.

Betongprosjektets råd er:

- Sjekk betongkonstruksjonene i fjøset jevnlig. Det gjelder spesielt betong under gjødselrister, spaltegolv, dragere og dekke.
- Sjekk gjødselporter, spesielt finérporter eldre enn 10 år, og spesielt innfesting.
- Gå aldri inn i gjødselkjeller før etter utlufting og bruk alltid friskluftsutstyr i tette kjellere.
- Vurder byggets evne til å bære lasten. Om nødvendig forsterk konstruksjonen i kjelleren f eks med trebjelker under dragere, dekket eller langs opplegg for gjødselrister.
- Før eventuell større reparasjon må en ha funnet skadeårsaken.
- Bruk fagfolk på betongarbeider. Få skriftlige avtaler og dokumentert kompetanse og ansvarsforsikring hos entreprenører og få rett kvalitet på betong, armeringsarbeidet og spaltegolv. For større landbruksbygg bør en søke byggeløype i kommunen.
- Vurdér forebyggende tiltak som reingjøring og tildekking av dragere og kanter under gjødselrister med spesialplast, og bedret ventilasjon i kjelleren.
- Vurder resterende levetid på bygget i forhold til utbedringskostnadene.

5.5 Andre saker og representasjon

KVALITETSSYSTEM I LANDBRUKET (KSL)

Styringsgruppa i KSL gjennomførte ein fullstendig gjennomgang av KSL-krava, måten KSL arbeider på og måten revisjonsordningane fungerer på. Fylkeslaget fekk saka til uttale frå Norges Bondelag. Vi ba om innspel og synspunkt frå lokallaga. Det kom inn 30 uttaler på til saman 58 sider frå lokale bondelag, som danna grunnlag for fylkeslaget sin uttale vedteke på styremøtet 13. april – sjå kap. 3.5 Uttale til høyring kvalitetssystem i landbruket.

Desse momenta kom fram under drøftinga i styret:

Viser til at Norges Bondelag sitt årsmøte 2000 gjorde eit vedtak om at alle skulle ha på plass KSL innan 2004. Styret er oppteken av at ein luker vekk ting som er uviktig for produkta og som irriterer. Fryktar at kostnadene kan bli lagt over på bonden når avtalemidlane evt fell bort. Styret meiner det er rett at krava blir meir retta ut frå behova til den einskilde varemottakar. Det som irriterer mest ofte det som har minst å seie for produktkvalitet. Ønskjeleg at KSL-informasjonen stod meir i forhold til produksjonen på eigen gard. Unngå dobbeltarbeid i forhold til krav og kontroll frå ulike organ. Stryke dei krav som ikkje er knytt til kvalitet. Satse på eigenrevisjon og stikkprøver for å gjere det rimeleg. Tillegg eller trekk bør auke på sikt for å få det gjennomført hos alle. HMS-krav bør bestå, men vere fornuftig.

FORNYING AV AUTORASJONSBEVIS FOR PLANTEVERNIMIDDEL

Styret drøfta saka på møte i april, etter innspel frå Kvernes BL og Indre Averøy BL om at strykprosenten for dei som deltok på eksamen var svært høg. Styret ba Norges Bondelag ta opp med Mattilsynet ei klagjering av retningslinene utad, og sendte brev til Norges Bondelag på bakgrunn av drøftingane i styret.

Det vart peika på at dette først og fremst er ei sak for Mattilsynet, ettersom det er dei som er ansvarlege for ordninga. Imidlertid meinte styret også at saka er av ein slik karakter at den også bør følgjast opp gjennom Norges Bondelag, ettersom dette eigentleg handlar om KSL-arbeidet på garden og at det må vera fornuft i dei krav som vert sett til dokumentasjon.

Møre og Romsdal Bondelag ber om at Norges Bondelag følgjer dette opp slik at fornyingskurser og tilhøyrande dokumentasjon av kunnskap ikkje vert ein ny måte å pressa bønder ut av yrket sitt på, men at dette får ei form og eit innhald som bonden har utbytte av og som vert sett i samanheng med øvrig kvalitets sikring og –styring på garden.

Breva frå bondelaga i Averøy og fylkesstyret vart diskutert i forhandlingsutvalet til Norges Bondelag i samband med utarbeiding av jordbrukskravet i jordbruksforhandlingane, og det var

teke kontakt med sakshandsamarar i Mattilsynet. Mattilsynet skrev i sitt svar 7. mai at dei «vil på bakgrunn av de tilbakemeldinger vi har fått vurdere om det er nødvendig å gjøre endringer enten mht. tiden, antall spørsmål og/eller evt. spørsmålstillingen. Dette vil være klart til høsten før neste kursperiode starter».

LANDBRUKSSELSKAPET

Landbruksavdelinga (LA) i MR-fylke gjorde i mai framlegg om at Landbrukssekskapet skulle utvide si verksemd til å bli ein prosjektorganisasjon.

Landbrukssekskapet er, som i dei fleste fylke, ei vidareføring av eit historisk viktig organ. Men siktemålet hos oss har dei seinare åra vore å administrere forvaltningskapitalen på ca 2,4 mill kr, eller rentene av desse «til framhjelp av jordbruket». I nokre fylke har LS blitt endra til eit utviklingsorgan. LS er å sjå på som ei privat stifting. De to Trøndelagsfylka har etablert Tenkeloft trøndersk landbruk, også i stor grad styrt av Landbruksavdelinga (LA) og ulike samarbeidspartnarar.

Fylkesstyret drøfta saka på møtet i september, og gjorde slikt **Vedtak:** Styret i Møre og Romsdal Bondelag ser ikkje behov for å utvide oppgåvene for Landbrukssekskapet til ein strategisk arena eller som prosjekteigar eller utviklingsaktør. Vi ønskjer at det framleis skal avgrense sine oppgåver til å forvalte eigenkapitalen til beste for næringa i fylket. Når Bondelaget ikkje tilrår utvikling av LS til ein organisasjon som prosjekteigar eller utviklingsaktør, seier vi ja til vidare og målretta samarbeid med LA og dei andre landbruksorganisasjonane. Styret tilrår på bakgrunn av tidlegare erfaringar at ein utviklar eksisterande kanalar før ein vurderer nærare å opprette nye meir formelle organ.

Styret er oppteken av at næringa har hand om visjonar og styring med midlar.

– Det er meir aktuelt å samarbeide om konkrete tiltak som fører aktørane konkurrerer om dei beste tiltaka og utan å binde bruk av ressursar opp mot eit organ. Har ein tiltak ein ønskjer å få utført kan det bli lyst ut til organisasjonane om dei vil gjennomføre prosjektet.

– Det vil vere ønskjeleg at meir av utviklingsarbeidet skjer i regi av landbruksorganisasjonane. Då kan kompetanse bli bygt opp både hos tillitsvalde og tilsette og vere med å utvikle organisasjonen. Spørsmålet er riktig nok om det er handlingsvilje til dette i organisasjonane.

– Det blir ikkje meir midlar og ein større del vil bli forvalta i kommunane.

– Det er ikkje aktuelt at utviklingsmidlar i fylket går til løn til offentleg tilsette.



Frå plantevernkurs i Molde i mars. Til høgre kursleiar Sverre Heggset. (Foto: Arild Erlien)

REGIONAL LØSNING FOR SKOGPLANTEPRODUKSJON

I et brev til Møre og Romsdal Skogselskap 15. januar påpekte fylkeslaget at vi må få langsiktig regional løsning for skogplanteproduksjon i vårt distrikt:

Vi er kjent med at Megarden Planteskole midlertidig vil stoppe produksjonen i år. Det betyr at det ikke blir sådd nye planter og salg av planter fra 2005 vil dermed være det en har drevet fram tidligere. Møre og Romsdal Skogselskap vil beholde planteskolen og arbeide med både tradisjonell drift og nye arbeidsfelt på Halså. Møre og Romsdal Bondelag vil be Skogselskapet om å vurdere nøye hvordan en kan opprettholde virksomheten, finne nye tiltak og langsiktige løsninger, gjerne sammen med nabo-regionene.

Vi forventer at Det norske Skogselskap og Skogeierforeninga Nord medvirker til en langsiktig løsning som sikrer en optimal lønnsomhet i framtidig skogplanteproduksjon i Midt-Norge.

Bondelaget vil derfor også oppfordre våre medlemmer om å holde fram med skogkultur. Vi minner om at kostnader til planter kan utgiftføres i skogregnskapet. Videre er det mulig å søke midler i kommunene til skogkultur, skogsveger, osv. Vi har minnet om dette i kontakten med medlemmer og lokallag i vinter.

MØTE MELLOM SKOGEIERFORENINGA OG FYLKESBONDELAGA

Peder Hanem Aasprang møtte for M&R Bondelag på møtet mellom Skogeierforeninga Nord og fylkesbondelaga i Stjørdal 21. april. Tema var m.a. det landsomfattande samarbeidet om utmarkssektoren der vi har felles prosjektsøknad. Overføring av miljømiddel til kommunane der ein var bekymra for om alle midla ville gå til bøndene. Friviljug vern av skog vil utgjere ein relativt stor del av leveransane og kan komme i konflikt med behovet for tømmer slik som til Skogn. SN har ein person som arbeider med dette. EU vil bli teke opp på årsmøtet, men det er ikkje tenkt avklåra noko standpunkt. På næringsutvikling ønskjer ein eit samarbeid med Bondelaget og det blir sett ned ein felles arbeidsgruppe.

PRESSEMØTE OM SLAKTERISAKA I MOLDE

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel deltok 5. mai på pressemøte på Molde Rådhus om slakterisaka i Molde, framtidens næringsmiddelproduksjon i Romsdal og Etablering av Møre og Romsdal Næringsmiddelpark.

Når Bondelaget får ein slik invitasjon frå og med aktuelle samarbeidspartnarar vil vi gjerne prøve å delta for å forfekte vårt syn. Bondelaget har ikkje tradisjon for å skygge unna arenaer sjølv om vi kan få eit forklaringsproblem. Bondelaget sitt syn går fram av uttale frå oktober-93, omtala i årsmeldinga for 2003.

Fleire trur «planane» om slik etablering, og som det ikkje forelå noko skriftleg om, kan bli eit luftslott. Det som naturlegvis kunne vore interessant var om det vart etablert meir kjøttforedling eigd og dreve av bønder i området. Men vi er alle klar over lønnsmda og krava i bransjen der mange har gått dukken. Vi har no ingen kjøttforedling ut over nedskjæring igjen i fylket. Både Gilde og Bondelaget er jo oppteken av å få til ny verdiskapande verksemd åleine eller i samarbeid med andre på foredlingssida.

Bondelaget hevda på møtet at ein føresetnad for at bøndene skulle gå inn med vår støtte må vere at anlegget er eigd av bøndene og evt. med ein heimfallsrett til Gilde om anlegg eller eigarstruktur vart endra. Eit driftsselskap kan evt ha vekslande eigarskap. Elles ligg jo dagens anlegg på bygsla tomt.

SAMARBEIDET MED GJENSIDIGE

Gjensidige Nor Forsikring er Norges Bondelag sin samarbeidspartnar når det gjeld forsikringsselskap. Vi samarbeider om gode ordningar til best muleg pris med medlemsrabatt og føre-

byggande tiltak som m.a. brannvern. Det nære samarbeidet gjennom ei årrekke betyr i praksis at det ikkje er aktuelt for lokal- eller fylkeslag å lage til organisasjonsmessige tiltak saman med andre selskap.

Lokal arbeidsplan 2004 for samarbeidet mellom Bondelaget og Gjensidige i Møre og Romsdal vart drøfta på møte 5. des. 2003. Det er i 2004 ikkje halde møte i samarbeidsutvalet mellom Gjensidige NOR Forsikring i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Bondelag. Målsettinga er årlege møter i utvalet. Men vi har god kontakt med selskapet gjennom heile året, serleg med marknadssjef landbruk Jan Magne Rangnes. Han får m.a. fast tilsendt lokallagsbrev og annan informasjon frå Bondelaget.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar Wentzel deltok 24. mai på møte med Gjensidige Vest-Norge i Bergen saman med leiar og org sjef i Bondelaga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Av tema som vart teke opp og orientert om, var Gjensidige sin visjon om å vere «Lokalt selskap verende i lokalsamfunnet», samarbeide med lokale bankar. I staden for å senke premien vurderer tilbakebetaling av overskot til gode formål i regionane gjennom ei stifting. Av skadene er 73 prosent for landbruk brann, likt på bolig og drift, mest pga el-anlegg. Få fleire unge med i Gruppeliv. Vestlandet lågare premie enn landssnittet. Aksjon tryggare landbruk er ei gjennomgang av forsikring og garden, og prising etter risiko, besøke alle kundar over 3 år, besøkt 320 bruk.

Tidlegare fylkesleiar Knut Sjømæling er representant for Norges Bondelag i representantskapet i Gjensidige Nor Forsikring, og har delteke på møter i 2004.

PROSJEKT «FISKARBONDEN SIN ARV»

Odd Einar Fjørtoft, Haram, var M&R Bondelag sin representant på oppstartseminar på prosjektet «Fiskarbonden sin arv» i Molde 26. april

Hovudmålet for prosjektet er å styrkje næringslivet og bygdesamfunna på kysten gjennom konkrete tiltak få fram gode modellar og dømer for næringsutvikling knytt opp mot natur- og kulturlandskapet. Samt utarbeide grunnlag for regionale og lokale miljømål, og for lokal forvaltning. Tema vil vere miljøverdiar, biologisk mangfald, kulturlandskapsverdiar, byggekultur og næringshistorie.

Konklusjon frå oppstartseminaret var at prosjektet kan styrkje omdømet og verdien av kystkulturlandskapet og betre rammevilkåra for næringsutøvarar i desse områda.

25. juni sendte M&R Bondelag innspel til prosjektskissa for «Fiskarbonden sin arv». Fylkeslaget meiner prosjektet bør føre til konkrete tiltak i kulturlandskapet hos den enkelte gårdbrukar. Etter M&R Bondelag sitt syn skal slike prosjekt vere med på å sjå om tiltak verkar, formidle kunnskap om tiltak og i neste omgang utløyse vilje hos storsamfunnet til å bruke ressursar som er nødvendige for å få eit ønska resultat i stor målestokk.

M&R Bondelag er skeptisk til bruken av SMIL-midlar i prosjektet. Fylket har ved overføring av SMIL-ordninga til kommunane lagt stor vekt på at det no er kommunen og faglaga som skal bestemme kva SMIL-midlar skal brukast til. SMIL-midlane må i sin helhet gå til konkrete og fortrinnsvis inntektsgjevande tiltak på enkeltbruk eller samarbeidstiltak mellom bønder. Jfr også prosjektets formål om å bidra til næringsutvikling og da vil det vere avgjerande å ha slike midlar nettopp i prosjektkommunane. Sidan Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke fordeler midlane vil det også vere feil å bruke av desse midlane til prosjektstilling ved avdelinga.

Odd Einar Fjørtoft er Møre og Romsdal Bondelag sin representant i arbeidsgruppa.



Frå Bygdekvinnelagets pressekonferanse ved lansering av kokeboka i mars. Foran f.v.: fylkesleiar Ellbjørg Reiten, Halså og fylkesjord-sjef Kari Wiggen frå Landbruksavdelinga. Bak frå v: Solveig Linge Stakkestad, Norddal, forleggar og fotograf Magnar Fjørtoft og Birgit Kvadsheim, Fræna. (Foto: Arild Erlien).

BYGDEMobilisering

Mange bygder har gode erfaringar med mobiliseringsarbeid. Resultata kan ofte målast i styrka sysselsetjing, auka trivsel og betre samarbeid i bygda. I Regionalt utviklingsprogram (RUP) for 2004 vart det sett av inntil kr 500 000 til bygdemobiliseringsprosjekt. Bygdesamfunn som ønskjer å analysere eigen situasjon med sikte på omstilling og jobbskaping, kan ved hjelp av dette få tilbod om fagleg og økonomisk hjelp. Målsetjinga med bygdemobiliseringstiltaket skal handle om nærings- og lokalsamfunnsutvikling innanfor eit avgrensa område.

Fylkeslaget vidareformidla til lokale bondelag og BSF-utval i september brev frå Møre og Romsdal fylke, der ein kunne søke om midlar til bygdemobiliseringstiltak som gjeld gjennomføring av prosessar på området. Dei vanlegaste reidskapane som vert brukt i slike prosessar er t.d. møter, studieturar, kurs og informasjonsmateriell. Her er det imidlertid lov å bruke fantasien for å finne fram til andre/alternative verkemidlar.

Det å engasjere seg på dette området er eit typisk samarbeids-tiltak. Lokale BSF-utval vart anmoda om å engasjere seg i tiltak som handlar om opplæring i tilknytning til bygdemobilisering. Det vil ofte også lønne seg å samarbeide t.d. med bygdekvinnelag og ikkje minst kommunen om gjennomføring av slike tiltak. Dette er også tiltak som fleire lokale bondelag gjerne må gå saman og samarbeida om.

Temaet vart drøfta i fylkesstyremøte 27.oktober. Vidare har bygdemobilisering og Bygdekompasset vore drøfta i samrådsmøte for bondelaga sine medlemmer i Innovasjon Norge sine regionstyre. Fylkeslaget er positiv til å engasjere for å bringe vidare røynslar frå dei områda som har lukkast med tiltak. Vi er kjent med at bondelaga i Rauma er aktive i arbeidet med bygdemobiliseringstiltak, som det vart orientert om på leiarmøtet. Bondelaga i Aure og Tustna gjekk i haust saman og søkte om bygdemobiliseringstiltak i dei to kommunane. Stordal Bondelag har gjennomført tilrettelegging langs elva.

BYGDEKVINNELAGET

Fylkesårsmøtet vart halde i Ørskog 27. og 28. mars, og samla 59 medlemmer/utsendinger. Tidlegare fylkesleiar Knut Sjørmøling møtte for M&R Bondelag.

Årsmøteforedrag var ved Karin Fevaag Larsen om «Tankens makt – Det umulige mulig». Fylkesleiar understreka i si tale kor viktig forholdet til Bondelaget er for BKL. Ho oppmoda alle lokallag til å nytta den retten dei har til å sitte i Bondelaga sine lokallagsstyres for å fremja sine synspunkt. Det var attval på alle i fylkesstyret: Fylkesleiar Ellbjørg Reiten, Halså BKL, Nestleiar Raghild G. Tunheim, Valsøyfjord BKL, styremedlemmer: Gjertrud Kanestrøm, Bolsøya BKL, Anne Lise H. Følsvik, Vågå BKL og Valborg Masdal, Nordre Vartdal BKL. Vararepr. til styret: Vivi Ann Haukås, Vassenden BKL, Marta Havdal, Meisingset BKL og Gunvor Dyvik Friisvold, Eidsbygda BKL.

